



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 14.05.2018
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Marie Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 15/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 16/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 17/18	Byggjerekneskap VVA på Bjørkheim		2016/48
PS 18/18	Årsrekneskap 2017 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet		2016/38
PS 19/18	Orienteringssak om status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov		2018/7
PS 20/18	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger Kommune		2016/98
PS 21/18	Revisjonsplan for Samnanger kommune 2018		2016/38
PS 22/18	Høyringsutkast til vegleiar - kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet		2014/426
PS 23/18	Referatsaker		
RS 9/18	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 10/18	Brev til kontrollutvalet i Samnanger kommune		2014/240
RS 11/18	Samnanger kommune budsjettbrev frå Fylkesmannen 2018		2016/38
RS 12/18	Pressemelding - En ny og moderne kommunelov		2015/1
RS 13/18	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinfo mars 2018		2017/40
RS 14/18	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinfo mai 2018		2017/94
RS 15/18	Brev til formannskapet vedr. budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid - prosess		2016/37
RS 16/18	Budsjett 2018 for kontrollutvalet pr.05.04.18		2016/37
RS 17/18	Løypemelding forvaltningsrevisjon av innkjøp i Samnanger kommune		2017/107
PS 24/18	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 25/18	Eventuelt		

PS 15/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 16/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2016/48-46
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	17/18	14.05.2018

Byggjerekneskap VVA på Bjørkheim

Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke «Byggerekneskap for VVA på Bjørkheim» 11.01.18.

Bakgrunn for at kontrollutvalet skal gje sin uttale i denne saka følgjer av reglement for kontrollutvalet i Samnanger kommune, der det mellom anna står:

«Prosjektrekneskapar over kr. 500.000: Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggst fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan – (sjå Økonomireglement for Samnanger kommune).

Økonomireglement for Samnanger kommune, utdrag:

«Investeringsprosjekt som skal førast på to eller fleire budsjett, skal førast som eige prosjektregnskap (byggeregnskap). For investeringsprosjekt med ei kostnadsramme på over kr. 500.000 skal det alltid førast eige prosjektrekneskap.

Prosjektrekneskapen skal spesifiserast slik at tala kan samanliknast direkte med kostnadsoverslaget.

Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggst fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan. Organet skal samstundes med slutthandsaming av prosjektet gjera vedtak om finansiering av eventuelle overskridingar, eller disponering av ubrukte midlar til prosjektet. Overskridingar som ikkje vert dekkja av ledige midlar innanfor same rammeområde i kapitalbudsjettet, skal handsamast av kommunestyret. Bruk av lånemidlar kan berre vedtekast av kommunestyret.

Ved overskridingar skal saka alltid verta lagt fram for kommunestyret til handsaming så snart prosjektansvarleg er kjend med dette.

Drøfting

Byggerekneskapen som ligg føre viser at samla netto utgifter har vore kr. 20 937 658,- for prosjektet VVA på Bjørkheim.

Finansiering har vore:

- Momskompensasjon, kr. 2 109 200,-
- Sima – Samnanger, kr. 215 456,-
- Næringsfond, kr. 1 750 000,-
- Investeringsfond, kr. 780 000,-
- Bruk av lån, kr 13 521 949,-

Kopi av sakshandsaminga i Samnanger kommune viser at byggeprosjektet er gjennomført etter dei vedtak som er fatta. I byggerekneskapen står følgjande med erfaringar vedr. overskridingane i prosjektet:

«Det har vore eit komplisert prosjekt, og det vore nødvendig med 67 endringsmeldingar i løpet av bygginga. Samstundes har det vore ein del feil, og spesielt mengdeomtalen i omtaledokumentet og i teikningar. Dette saman med feilvurderingar av masse har gjeve ein del ekstrakostnader. Spesielt utfordrande har logistikken vore med å ha ei så stor kommunal utbygging av både vatn, avløp og veg inne på eit trangt sentrumsområde. Samstundes starta bygginga av Bjørkheim senter, eit stort næringsbygg midt i kommunen sitt anleggsområde.

Den som skal følgje opp bygginga av tiltaket må tidlig i bestillingane i entreprisen. Dette for å kunne få ei betre kontroll av omtalane og teikningar, og sjekke om desse er i samsvar. Ein kan då forhindre ei rekkje meirkostnader og forseinkingar i prosjekta. I framtidige reguleringsplanar bør det vera tydelege avklaringar i avtalane kva ansvar som ligg til kommunen å utføre, og kva som ligg i til utbygger gjennom utbyggingsavtalar.»

Kontrollutvalet skal gje sin uttale til byggerekneskapen for VVA på Bjørkheim, og måten den er lagt fram på. Dokument i saka omfattar:

- KS sak 18/2016
- KS sak 57/2017
- Byggerekneskap VVA på Bjørkheim
- Uttale frå revisor, dagsett 28.02.2018

Sekretariatet registrerar at det er ei overskriding på kr 2 561 251,- som er dekkja av unytta lånemidlar og innsparingar frå andre investeringsprosjekt (Ytre Tysse) Sekretariatet registrerer og forklaring om at kostnadsavvika i stor grad er knytt til at dette har vore eit komplisert prosjekt med mellom anna 67 endringsmeldingar.

Utover det som kjem fram av dokumenta i saka, og revisjon sin uttale, finn ein at prosjektet er utført på ein tilfredstillande måte.

Konklusjon

Byggerekneskapen med vedlegg som er lagt fram gjev eit godt og oversiktleg bilete av prosjekt for VVA på Bjørkheim. Sekretariatet vil gjere framlegg om at kontrollutvalet gjev slik uttale i saka:

Forslag til Uttale

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for VVA på Bjørkheim.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Byggjerekneskap VVA på Bjørkheim- oversendingsbrev
- 2 Byggjerekneskap VVA på Bjørkheim
- 3 Byggjerekneskap VVA på Bjørkheim - revisorbrev
- 4 KS sak 18 2016 VVA Bjørkheim
- 5 KS sak 57 2017 Vedtaksbrev diverse investering



Kontrollutvalet
v/Kari Nygard

Vår referanse:
13/274/18/369/5/HLV

Arkivkode:
FA - M00

Dykkar referanse:

Dato:
11.01.2018

Byggjerekneskap VVA-prosjektet på Bjørkheim i Samnanger kommune
Vedlagt følger byggjerekneskapen for VVA-prosjektet på Bjørkheim i Samnanger.

Med helsing

Hilde-Lill Våge
sektorleiar samfunn og utvikling

Vedlegg:
Byggjerekneskap VVA Bjørkheim
KS sak 18 2016 VVA-anlegg i Bjørkheimsområdet - Finansiering av arbeidet
ks sak 57 2017 Vedtaksbrev div finansiering

SAMNANGER KOMMUNE

-der du vil leva og bu -



BYGGJEREKNESKAP



Bjørkheim –VA-anlegget, park og bibliotek – Foto Hylland

VVA på Bjørkheim

Byggjerekneskap – VVA på Bjørkheim i Samnanger kommune

Innhald

1. Skildring av tiltaket

I områdereguleringsplanen for Bjørkheim er det føresett at vatn og avløp og hovudvegssystemet i området er offentleg. Samnanger kommune hadde dermed eit krav på seg til å gjennomføre planen og tilrettelegge for ei større utbygging av både bustader og næringslokale i området.

Ei slik utbygging på Bjørkheim og i tilstøytane område på andre side av fylkesvegen gjer at eksisterande VA-system ikkje hadde stor nok kapasitet. Det vart nødvendig å få ein større slamavskillar i området for å avløyse tidlegare mindre slamavskillar på Skottabakken. Den gamle slamavskillaren tok i mot avløpet for heile området frå Lauvskar til Lindane, samt Brendahaugen og heile området ved barnehagen.

Inne på Bjørkheimsområdet var det svært lite fall frå nokre av abonnentane, og fleire lokale pumpestasjonar. Då dette anlegget vart bygd vart hovudleidningen lagt med lite fall og det vart nytta sand som ompakkingsmassar. Anlegget var av ein slik stand at det ikkje vil tåla den store utbygginga som det var lagt opp til i områdeplanen. Det var heilt nødvendig med å utvide kapasiteten og få ein ny større slamavskillar for heile området.

Vassforsyninga inn i Bjørkheimsområdet var kunn på 110 mm. Dette ville ikkje vera nok kapasitet for området og ville ikkje vera tilstrekkeleg kapasitet til pålegg om td sprinkling i nye næringsbygg.

Hovudmålet med områdereguleringsplanen var og å få til ein tettstad med eit levande senter. Saman med VA-anlegget vart det laga ein markant grøn struktur med m.a. fleire torg og parkar i dei mest sentrale delane av området, og eit gateløp med god plass til gåande. Trafikksikkerheit har vore heilt sentralt i arbeidet, og det er gjort ei nødvendig oppstramming med tydleg skilje mellom biltrafikk og gåande. Samstundes er denne langt mest mogleg universelt utan fortauskantar. Vidare er delar av parkeringsbehovet løyst ved parkering langs vegen. Dvs. at det også i kostnaden med veganlegget ligg inne opparbeiding av parkeringsplassar.



VA-utbygging på Bjørkheim – november 2016

Kommunen hadde inngått ei rekke tidlegare avtalar med grunneigar på Bjørkheim, som ein var forplikta til å innløyse desse i samband med VVA-prosjektet. Kostnaden med å løyse desse kom i tillegg til sjølve VVA- prosjektet. Kommunen hadde bl.a ansvar for å legge om vatn og avløp som gjekk over privat tomt, omlegge overvatn og støype igjen kum. Legge ny veg mellom Kiwi og Bjørkheim senter. Utbetre veg og opprette natursteinsmur i grensa til bensinstasjonen, og erstatte garasje i gateløpet.

2. Vedtak om oppstart og endringa

Kommunestyret vedtok i KS-sak 19/16 kostnadsramma og finansieringa for VVA-prosjektet.
*«Ny-investering på Bjørkheim VVA vil koma på kr 16,12 mill. Det er tidlegare løyvd kr 12,87 mill til prosjektet og av dette er det brukt kr 3,03 mill i perioden 2013 – april 2016. For at Bjørkheim VVA skal realiserast er det då behov for ytterlegare kr 6,28 mill Finansiering vert som fylgjer:
Kr. 2,5 mill (lånemidlar) vert overført frå Prosjekt Ytre Tysse. Det vert i tillegg tatt opp eit lån på kr 3 mill med avdragstid på 40 år. 780.000 kroner vert finansiert ved bruk av nytt ubunde investeringsfond.»*

3. Organisering av prosjektet

Samnanger kommune stod som prosjekteigar ved ass.rådmann og teknisk driftssjef var byggleiar under bygginga.

4. Framdriftsplan

Hylland AS fekk anbodet og starta opp arbeidet 08.06.2016, og skulle vera ferdige til 19.12.2016. Prosjektet vart noko forsinka grunna snø og kulde, og vart ferdigstilt i løpet av mars, om lag 1 og ein halv månad seinare enn planlagt. Parken var trekt ut av anbodet og teknisk drift fullførte dette arbeidet til 17. mai 2017.

5. Økonomisk oversyn

For VVA-prosjektet er det eit meirforbruk på kr. 1 161 958. Avviket skuldast i hovudtrekk mengdeauke, tilpassingar og nødvendige kvalitetsforbetringar. I tillegg har det vore bortkøyring av dårlege massar. Det vart lagt meir asfalt enn planlagt for å få gode tilpassingar til eksisterande veg og naboeigedommar, justering av vegtilkomster, retta opp avslutningar og laga murar mot naboeigedommar. Eksisterande kummer har og måtte byggast om for å tilpasse nytt anlegg. Mesteparten er justeringar for å få til ei god heilskapleg løysing. Parken vart trekt ut av anbudet og byggeleiar anla den med eigne folk. Dette for å få til gode løysingar for framtidig vedlikehald.

Nedanfor viser og ekstrakostnader på kr. 1 887 379, for innløysing av tidlegare avtalar med grunneigarar på Bjørkheim. Denne utgifta var ikkje med i finansieringa i VVA-prosjektet og kommunestyret vart orientert i møtet den 26.01.2017 om at dette ville verte ei ekstraavgift på om lag 1.3 millionar. Kommunen har pr i dag ikkje kjennskap til at ligg fleire avtalar som ikkje er innløyst.

Avviket på totalt på kr. 2 561 251 vedtok Kommunestyret i sak 57/17 å finansiere med kr. 1 152 551 i frå unytta lånemidlar og frå innsparingar på andre investeringsprosjekt.

	Budsjett	Sum	Avvik	Sum Avtalar utanom anbud	Sum anbudsprosjekt	Avvik VVA-prosjekt
Veg	6 906 250	8 643 777	1 737 527	1 050 171	7 593 606	687 356
Park	1 252 500	2 080 431	827 931	710 221	1 370 210	117 710
Vatn	3 318 571	3 039 048	-279 523	47 021	2 992 027	-326 544
Avløp	6 411 000	7 281 202	870 202	171 766	7 109 436	698 436
Sum utgifter	17 888 321	21 044 458	3 156 137	1 979 179	19 065 279	1 176 958
Sal av eigedom		-15 000	-15 000	0	-15 000	-15 000
Refusjon private		-91 800	-91 800	-91 800	0	0
Netto	17 888 321	20 937 658	3 049 337	1 887 379	19 050 279	1 161 958
Finansiering						0
Momskomp	-1 603 250	-2 109 002	-505 752	-352 078	-1 756 924	-153 674
Sima Samnanger	-215 456	-215 456	0		-215 456	0
Næringsfond	-1 750 000	-1 750 000	0		-1 750 000	0
Investeringsfond	-780 000	-780 000	0		-780 000	0
Bruk av lån	-13 539 615	-13 521 949	17 666		-13 521 949	17 666
Sum finansiering	-17 888 321	-18 376 407	-488 086	-352 078	-18 024 329	-136 008
Ikkje finansierte		2 561 251	2 561 251	1 535 300	1 025 950	1 025 950

Inngåtte avtaler i områdeplanen utanom anbudet i VVA prosjektet							
	Garasje	veg ml Kiwi og Mohn	Overvatn /kum	BKK omlegging	Natur steinsmur	delarb paviljong	Sum utanom anbud
Veg	302 949	747 223					1 050 171
Park				309 530	400 691		710 221
Vatn			47 021				47 021
Avløp			153 771			17 995	171 766
Sum utgifter	302 949	747 223	200 791	309 530	400 691	17 995	1 979 179
Sal av eigedom							0
Refusjon private	-91 800						-91 800
Netto	211 149	747 223	200 791	309 530	400 691	17 995	1 887 379
Finansiering							
Momskomp	-60 590	-149 445		-61 906	-80 138		-352 078
Sum finansiering	-60 590	-149 445	0	-61 906	-80 138	0	-352 078
Ikkje finansiert	150 559	597 778	200 791	247 624	320 553	17 995	1 535 300

6. Skildring av gjennomføring av prosjektet.

Det har vore eit komplisert prosjekt, og det vore nødvendig med 67 endringsmeldingar i løpet av bygginga. Samstundes har det vore ein del feil, og spesielt mengdeomtalen i omtaledokumentet og i teikningar. Dette saman med feilvurderingar av masse har gjeve ein del ekstrakostnader. Spesielt utfordrande har logistikken vore med å ha ei så stor kommunal utbygging av både vatn, avløp og veg inne på eit trangt sentrumsområde. Samstundes starta bygginga av Bjørkheim senter, eit stort næringsbygg midt i kommunen sitt anleggsområde.

Når det gjeld parken er den tilrettelagt med grøntområde rundt septiktanken og med tredekke oppå. Toga har anna dekke for å markere anna bruk enn vegdekket, og det vart lagt til rette for energipaviljongen. Det som står att, er no å få asfaltert og merka opp for parkering nede ved kaien. Dette er planlagt gjennomført til neste sommar og går utanom prosjektet.

Den som skal følgje opp bygginga av tiltaket må tidlig i bestillingane i entreprisen. Dette for å kunne få ei betre kontroll av omtalane og teikningar, og sjekke om desse er i samsvar. Ein kan då forhindre ei rekkje meirkostnader og forseinkingar i prosjekta. I framtidige reguleringsplanar bør det vera tydlege avklaringar i avtalane kva ansvar som ligg til kommunen å utføre, og kva som ligg i til utbygger gjennom utbyggingsavtalar.

7. Måloppnåing

Kommunen sitt mål om realisera områdeplanen er gjennomført i tråd med planen. Bjørkheim framstår no som eit meir attraktivt bu- og senterområde. Dei store investeringane kommunen har gjort i offentleg infrastruktur er viktig for framtidig utvikling og viktig for å generere framtidig samfunnsutvikling. Det kommunale VA-anlegget skal no ha kapasitet til den planlagde utbygginga i både områdeplanen og det som ligg i kommuneplanen for heile Bjørkheimsområdet.

8. Avsluttande merknader

Kommunen har tilrettelagt for ei rekkje grøntområde og offentleg plassar dei siste åra. Parken på Bjørkheim ser og ut til å bli eit populært uteområde. Framtidig vedlikehald av desse uteromma vil verte svært viktig for å hindre forfall. Meir ressursar til grøntarbeid til teknisk drift vil verte ei følge av denne prioriteringa. Samstundes ønskjer kommunen samarbeid med frivillige lag og frivilligsentralen om å halde godt vedlikehald og god kvalitet på offentlege møteplassar.





9. Vedlegg

KS sak 18/2016 – finansiering.

KS sak 57/2017 Vedtaksbrev finansiering av avvik.

Til

Samnanger kommune

BYGGEREGNSKAP VVA PÅ BJØRKHEIM – REVISORS UTTALELSE

Vår kontroll av byggregnskapet for VVA på Bjørkheim er utført etter oppdrag fra kontrollutvalget i Samnanger kommune.

Det reviderte byggregnskapet viser samlede utgifter på kr 21.044.458 for prosjektet «VVA Bjørkheim». Utgiftene i byggregnskapet utgjøres hovedsakelig av utgifter i forbindelse med utbygging av vei og avløp.

Utgiftene er finansiert ved bruk av næringsfond, investeringsfond, lån og momskompensasjon.

Vi har gjennomført de kontrollhandlinger som er avtalt med dere og listet opp nedenfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlinger. Handlingene er utført for å bistå dere i vurderingen av riktigheten av utgifter og inntekter, og oppsummeres som følger:

1. Vi har innhentet oversikt over utgiftene som er ført på prosjektet og kontrollsummert disse.
2. Vi har på stikkprøvebasis rimelighetsvurdert og kontrollert de vesentligste utgiftskontoene og beløp mot underliggende bilag.
3. Vi har kontrollert faktisk finansiering mot vedtak på finansiering i form av bruk av fond.

Siden de ovenstående kontrollhandlinger verken utgjør revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, gir vi ikke uttrykk for noen sikkerhet for at informasjonen ikke inneholder vesentlige feil. Dersom vi hadde utført tillegghandlinger eller hadde gjennomført revisjon eller begrenset revisjon i samsvar med revisjonsstandardene, kunne andre forhold ha kommet til vår kunnskap og blitt rapportert til dere.

Vår uttalelse er utelukkende utarbeidet for det formålet som er beskrevet i første avsnitt i denne rapport og skal ikke brukes til noe annet formål.

Bergen, 28.februar 2018
Deloitte AS


Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FA-M00
Arkivsaksnr: 13/274	Løpenr: 16/2962
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	28.04.2016	018/16	HLV
Kommunestyret	12.05.2016	019/16	HLV

VVA-ANLEGG I BJØRKHEIMSOMRÅDET - FINANSIERING AV ARBEIDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ny-investering på Bjørkheim VVA vil koma på kr 16,12 mill. Det er tidlegare løyvd kr 12,87 mill til prosjektet og av dette er det brukt kr 3,03 mill i perioden 2013 – april 2016.

For at Bjørkheim VVA skal realiserast er det då behov for ytterlegare kr 6,28 mill

Finansiering vert som fylgjar:

Kr. 2,5 mill (lånemidlar) vert overført frå Prosjekt Ytre Tysse. Det vert i tillegg tatt opp eit lån på kr 3 mill med avdragstid på 40 år. 780.000 kroner vert finansiert ved bruk av nytt ubunde investeringsfond.

28.04.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Monica Tjønna (Sp)** sette fram følgjande framlegg: ”Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding, og formannskapet ber om å få presentert områdeplanen før handsaminga i kommunestyremøtet .”

Det vart røysta alternativt over framlegget til rådmannen og Tjønna sitt framlegg vart vedteke med 5 mot 3.

Rådmannen sitt framlegg	M.Tjønna (Sp) sitt framlegg
Olaug Øystese (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Arild Røen (H)	Odd Arne Haga (Frp)
Inge Aasgaard (Krf)	Monika Tjønna (Sp)
	Øyvind Røen (Sp)
	Knut Harald (Bl)

FORM-018/16 VEDTAK:

Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding, og formannskapet ber om å få presentert områdeplanen før handsaminga i kommunestyremøtet.

12.05.2016 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Tor Børresen (konsulent/ byggeleiar) viste ein presentasjon der han fortalte om prosjektet og planar for finansiering av VVA –anlegg i Bjørkheimsområdet. Han svarta på spørsmål frå kommunestyrepreressantane.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) ber om gruppemøte.

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Som tilrådinga frå rådmannen, men med dei innsparingane som Tor Børresen peikar på i saksutgreiinga si.

Det vart røysta over rådmannen og representanten Røen (Sp) sine framlegg til vedtak.

Resultatet ved røystinga vart som følgjer:

For framlegg frå rådmannen:	For framlegg frå Øyvind Røen (Sp):
Inge Aasgaard (KrF)	Øyvind Røen (Sp)
Gunn Totland Moss (KrF)	Monica Tjønna (Sp)
Arild Røen (H)	Knut Harald Frøland (Bl)
Sture Tveit (H)	Lena Tveit (Bl)
Øyvind Strømmen (MDG)	Martin Haugen (Bl)
Gunn Østvik Petersen (A)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Nils Aadland (A)	Solveig Vassenden (Bl)
Vidar Tveiterås (A)	Gunnar Bruvik (Frp)
Olaug K. Øystese (A)	Ingvild R. Borgevik (Frp)
Harald Boge (A)	Odd Arne Haga (Frp)
Jon Magne Borgevik (politisk uavhengig)	
Totalt: 11 røyster	Totalt: 10 røyster

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart vedteke med 11 mot 10 røyster.

KS-019/16 VEDTAK:

Ny-investering på Bjørkheim VVA vil koma på kr 16,12 mill. Det er tidlegare løyvd kr 12,87 mill til prosjektet og av dette er det brukt kr 3,03 mill i perioden 2013 – april 2016.

For at Bjørkheim VVA skal realiserast er det då behov for ytterlegare kr 6,28 mill

Finansiering vert som fylgjer:

Kr. 2,5 mill (lånemidlar) vert overført frå Prosjekt Ytre Tysse. Det vert i tillegg tatt opp eit lån på kr 3 mill med avdragstid på 40 år. 780.000 kroner vert finansiert ved bruk av nytt ubunde investeringsfond.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Områdeplan

KS sak 31/14

Prosjektering Asplan Viak

Innkomne tilbod

Kva saka gjeld: Finansiering av innkomne tilbod på nytt VVA-anlegg på Bjørkheim. Denne ny-investeringa vil kome på 16,12 mill eks. mva. Det er tidlegare løyvd kr 12,87 mill eks. mva til tiltaket. Delar av denne summen – 3,03 mill. kroner – er brukt m.a. til grunnkjøp.

Bakgrunn for saka: I områderegeringsplanen er det føresett at vatn og avløp og hovudvegssystemet i området er offentleg. Dvs. at kommunen har eit krav på seg til gjennomføring. Stor aktivitet på Bjørkheim og i tilstøtande område på andre side av fylkesvegen gjer at eksisterande VA-system ikkje har stor nok kapasitet. M.a. er det påkravd med ny slamavskiljar.

Sjølv om Samnanger kommune har fatta vedtak om at me skal nytta utbyggingsavtalar, vil dette berre i liten grad ha innverknad på finansieringa av desse tiltaka i dag. Etablert aktivitet og byggeri som er gitt ut frå andre planar m.m. kan ikkje påleggast å ta del i dei felles kostnader det her er snakk om. Og det er først når eit område vert tatt i bruk at det er mogleg å inngå utbyggingsavtalar. Framtidige utbyggingar kan gjennom utbyggingsavtalar få krav om dekking av sin del av den infrastrukturen som me no planlegg å bygga. Det inneber at kommunen forskotterer utgiftene. Omfanget av det som kan reknast som forskottering utgjer ein mindre del av investeringane.

Fakta:

Det er tidlegare løyvd totalt kr 12 872 000 (eks mva) til prosjektet med VVA på Bjørkheim. Hovudløyvinga på vel 12 mill (eks mva), vart fatta i kommunestyret den 18 juni i sak 31/14;

” *Det vert bygd ut offentleg veg og offentleg vass- og avløpsanlegg på Bjørkheim til ein samla kostnad på inntil 12 mill. kroner.*

Arbeidet vert finansiert som fylgjer:

- Veg – inntil 4 mill. kroner
Bruk av næringsfondet kr 1.750.000
Lån kr 1.640.000
Omdisponering av tidlegare vedtak om bruk av kompensasjonsmidlar
Sima-Samnanger breiband kr 690.000
- Vatn og avløp – total kostnad inntil 8 mill. kroner
Budsjettert i 2014 kr 2.500.000
Lån ”

Løyving til veg vart deretter utvida med kr 800 000 eks moms i KS sak 69/14.

I perioden 2013- tom 18.04.2016 er det brukt kr 3 032 675 eks moms.

Mesteparten av kostnaden er knytt til innløyving og kjøp av areal til føremålet, og noko til prosjektering av VVA-anlegget. Det står at kr 9 839 325 av løyvinga gitt 2013 og 2014 .

Dersom summen hadde vore prisjustert (frå 2. kvartal 2014 til 2. kvartal 2016) med ~ca 3,75%, ville resterande løyving vore kr.10 237 299.

Utgangspunktet for kalkylen og behov for ytterleg finansiering er lågaste anbudssum på kr. 14.583.231,- eks. mva. I tidlegare finansiering var det ikkje teke høgde for prosjektering, prosjektleiing og uføresett. Utrekningar vert utført av oss sjølv og det omfatta ikkje alle delane av arbeidet som me no har fått pris på. M.a. er kostnad med park ikkje teke med.

Med dette vert følgjande forslag til budsjett for prosjektet VVA-anlegg i Bjørkheimsområdet:

• Tilbudssum fra entreprenør:	14.583.231,-
• Minus medtatt rekningsarbeid:	- 430.000,-
• Prosjektering, oppfølging Asplan:	+ 200.000,-
• Prosjektledelse:	+ 300.000,-
• Uforutsett 10%:	+ 1.465.000,-
• <u>Sum eks. mva, resterende arb.:</u>	<u>16.118.231,-</u>

(Budsjettforslaget er for alle arbeid etter 01.04.2016 og alle tall eks. mva)

Budsjettforslaget er splitta på følgjande delprosjekt:

• Vei:	5.537.000,-
• Vann og avløp:	9.575.231,-
• <u>Park:</u>	<u>1.006.000,-</u>
Sum	16. 118 321

Inkludert uføresett, prosjektleiing og prosjektering vil resterande arbeid kome på 16,1 mill. Resterande tidlegare løyvingar er på kr 9 839 325. For å kunne gjennomføra prosjektet må det løyvast ytterlegare kr 6,3 mill eks mva.

Vurderingar og konsekvensar:

Det har vore eit mål med områdereguleringsplanen å få til ein tettstad med eit levande senter. Det er m.a. gjort ved å laga ein markant grøn struktur med m.a. fleire torg, blanda næringsverksemd og bustader i dei mest sentrale delane av området og eit gateløp med god plass til gåande.

Trafikksikkerheit har vore heilt sentralt i arbeidet med områdereguleringsplanen, og det er nødvendig med ei oppstramming med tydeleg skilje mellom biltrafikk og gåande. Vidare er delar av parkeringsbehovet løyst ved parkering langs vegen. Dvs. at det også i kostnaden med veganlegget ligg inne opparbeiding av parkeringsplassar.

Når det gjeld finansiering, kan veganlegget vera omfatta av utbyggingsavtaler. Det er ikkje alle aktørane i området som vil kunne få slikt krav sjølv om det nye veganlegget vil vera ei forbetring for alle som driv og vil driva aktivitet på Bjørkheim. I denne omgang vil det altså vera ein relativt liten del av kostnaden som kan leggst på utbyggjarane. Kommunen er og ein stor tomteeigar i området, og vil måtte ta sin del av kostnaden ut frå dette. Kommunen forskotterar dermed med lån tilsvarande den delen som i framtida kan leggst på nye aktørar som byggjer ut i området.

Når det gjeld park utgjer det ca 1million av totalkostnaden. Dette er i realiteten å laga til området oppå og ved septiktanken til grøntområde. Det er teke atterhald i tilbodsmateriellet om at dette tiltaket kan verta trekt ut av anbodet. Gjer me det vil området ned mot sjøen verta ståande uferdig og vera lite tiltalende for heile området. Dersom kommune vel å tilrettelegga dette området i ettertid vil det mest sannsynleg verta dyrare.

Utgift til vatn, avløp og slamavskiljar vil inngå i grunnlaget for fastsetting av gebyr innafor desse sjølvkostområda. Tilknytning av nye abonnentar som fylgje av utbygginga vil i stor gjera at investeringa ikkje vil føra til ei større auke i årsgebyra.

Finansiering:

Den totale investeringa i ny-anlegget vil koma på totalt kr 16,12 mill eks mva. Det er tidlegare løyvdt kr 12,87 mill kroner eks mva. Av dette er kr 9,84 mill unytta pr april. For å få gjennomført og ferdigstilt Bjørkheim VVA er det behov for ei ytterlegare løyving på kr 6,28 mill eks mva.

Det er fleire investeringsprosjekt og utredningsarbeid som skal gjerast i løpet av 2016. Det er allereie no klart at me ikkje vil ha kapasitet til å starta opp arbeidet for fullt på Ytre Tysse i år. Det vert derfor forslått å overføra kr 2,5 mill av løyvinga på kr 3 mill til Bjørkheim VVA.

I tillegg til å overføre kr 2,5 mill frå Ytre-Tysse (lånemidlar) vil det vera behov for å finansiera ytterlegare kr 3,78 mill. Det vert foreslått å ta opp 3 mill. kroner i lånet og bruka 780.000 kroner av nytt ubunde investeringsfond. Det kan evt. settast vilkår om at midlane skal tilbakeførast til fondet når det kjem inn inntekter knytt til utbyggingsavtalar.



Vår referanse:
2017000259/18/342/5/HLV

Arkivkode:
FE - 200, TI - &14

Dykkar referanse:

Dato:
11.01.2018

Økonomirapportering pr november 2017

Kommunestyret- 057/2017, har i møte 13.12.2017 fatet følgjande vedtak:
Økonomirapportering pr november 2017 vert tatt til etterretning og det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka ramme og skjønstilskot		1 134 000
Konsesjonskraft		150 000
Taksering av eigedomar	30 000	
Betalt ut arbeid utover vanleg arbeidstid	140 000	
Rådmann , 1 mnd tidlegare enn førutsatt	123 000	
Samningaveko	79 700	
Brann	290 000	
Auka ytingar til livsopphald	320 000	
Innsparing Nav		184 000
Innsparing flyktningekontoret		136 000
Renter planlagt ført i investering	130 000	
Avsett til disposisjonsfond	491 300	
Sum	1 604 000	1 604 000
Investering		
Investering i oppmålingsutstyr for vatn	122 900	
Innsparing på vassforsyning Rolvsvåg		171 400
Meirforbruk Frøland vatn	48 500	
Totrænavegen - mindreforbruk		371 700
Kommunale vegar - mindreforbruk		789 000
Ungdomsskulen - mindreforbruk		291 000
Barneskule - meirforbruk	43 000	
Bjørkheim VVA - sum meirforbruk	2 561 251	
Bjørkheim VVA - unytta lånemidlar.		1 152 551
Bibliotek - overskriding dekkja av unytta lånemidlar	75 000	75 000
Bibliotek - lågare tilskot enn forventa. Lån frå fond	500 000	500 000
Krøllgrasbane - meirforbruk	777 262	
finansiert med unytta lånemidlar		777 262

Bu- og aktivitetssenter, ikkje starta opp		9 900 000
Unyttta lånemidlar	9 900 000	
KLP eigeinkapitaltilskot, auka bruk av fond	16 091	16 091
Arv av eigedom, føres både som kjøp og gåve.	3 000 000	3 000 000
Kontrollsum	17 044 004	17 044 004

Med helsing

Hilde-Lill Våge
 sektorleiar samfunn og utvikling



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Erdal, Nina	Arkivkode: FE - 200, TI - &14
Arkivsaksnr: 17/259	Løpenr: 17/10794
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	13.12.2017	057/2017

Økonomirapportering pr november 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapportering pr november 2017 vert tatt til etterretning og det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka ramme og skjønstilskot		1 134 000
Konsesjonskraft		150 000
Taksering av eigedomar	30 000	
Betalt ut arbeid utover vanleg arbeidstid	140 000	
Rådmann , 1 mnd tidlegare enn førutsatt	123 000	
Samningaveko	79 700	
Brann	290 000	
Auka ytingar til livsopphald	320 000	
Innsparing Nav		184 000
Innsparing flyktingekontoret		136 000
Renter planlagt ført i investering	130 000	
Avsett til disposisjonsfond	491 300	
Sum	1 604 000	1 604 000
Investering		
Investering i oppmålingsutstyr for vatn	122 900	
Innsparing på vassforsyning Rolvsvåg		171 400
Meirforbruk Frøland vatn	48 500	
Totrænavegen - mindreforbruk		371 700
Kommunale vegar - mindreforbruk		789 000
Ungdomsskulen - mindreforbruk		291 000
Barneskule - meirforbruk	43 000	
Bjørkheim VVA - sum meirforbruk	2 561 251	

Bjørkheim VVA - unytta lånemidler.		1 152 551
Bibliotek - overskriding dekket av unytta lånemidler	75 000	75 000
Bibliotek - lågare tilskot enn forventet. Lån frå fond	500 000	500 000
Krøllgrasbane - meirforbruk finansiert med unytta lånemidler	777 262	777 262
Bu- og aktivitetssenter, ikkje starta opp		9 900 000
Unytta lånemidler	9 900 000	
KLP eigeinkapitaltilskot, auka bruk av fond	16 091	16 091
Arv av eigedom, føres både som kjøp og gåve.	3 000 000	3 000 000
Kontrollsum	17 044 004	17 044 004

13.12.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Nina Erdal orienterte om saka og svarte på spørsmål frå kommunestyrerepresentantane.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 057/2017 Vedtak:

Økonomirapportering pr november 2017 vert tatt til etterretning og det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka ramme og skjønstilskot		1 134 000
Konsesjonskraft		150 000
Taksering av eigedomar	30 000	
Betalt ut arbeid utover vanleg arbeidstid	140 000	
Rådmann , 1 mnd tidlegare enn førutsatt	123 000	
Samningaveko	79 700	
Brann	290 000	
Auka ytingar til livsopphald	320 000	
Innsparing Nav		184 000
Innsparing flyktningekontoret		136 000
Renter planlagt ført i investering	130 000	
Avsett til disposisjonsfond	491 300	
Sum	1 604 000	1 604 000
Investering		
Investering i oppmålingsutstyr for vatn	122 900	
Innsparing på vassforsyning Rolvsvåg		171 400
Meirforbuk Frøland vatn	48 500	

Totrænavegen - mindreforbruk		371 700
Kommunale vegar - mindreforbruk		789 000
Ungdomsskulen - mindreforbruk		291 000
Barneskule - meirforbruk	43 000	
Bjørkheim VVA - sum meirforbruk	2 561 251	
Bjørkheim VVA - unytta lånemidlar.		1 152 551
Bibliotek - overskriding dekkja av unytta lånemidlar	75 000	75 000
Bibliotek - lågare tilskot enn forventa. Lån frå fond	500 000	500 000
Krøllgrasbane - meirforbruk	777 262	
finansiert med unytta lånemidlar		777 262
Bu- og aktivitetssenter, ikkje starta opp		9 900 000
Unytta lånemidlar	9 900 000	
KLP eigeinkapitaltilskot, auka bruk av fond	16 091	16 091
Arv av eigedom, føres både som kjøp og gåve.	3 000 000	3 000 000
Kontrollsum	17 044 004	17 044 004

Kva saka gjeld:

Det er tidlegare rapportert på den økonomiske situasjonen pr 1. og 2.tertial 2017. I tillegg er rapport for bedre styring sendt formannskapet pr september. Det har då vore mest fokus på driftsbudsjettet. Det skal leverast byggjerekneskap på fleire av investeringsprosjekta i år, mellom anna VVA Bjørkheim, bibliotek, krøllgrasbane og veg til Totræna. Byggjerekneskapa kjem ikkje opp til handsaming før etter jul, men budsjettjusteringane må på plass no. Det vil derfor vera mest fokus på investeringsrekneskapan i denne rapporten. Det er i tillegg sett på områder som skatt, ramme og områder i drift som har underdekning.

Vurderingar og konsekvensar:

Skatt, ramme og inntektsutjamning. Samla sett har kommunane hatt ein skatteauke på 3,9 % pr oktober. Det er forventa at den skal ende på 3,3 %. For Samnanger har skatteauken pr oktober vore på 1,1 %. Samnanger får kompensert for lågare skatteauke gjennom inntektstutjamninga og har til no mottatt kr 2,5 mill av eit budsjett på kr 3,8 mill . November er ein viktig skattemånad og inntektsutjamning for denne månaden er først klar ca 20. desember og vert utbetalt i januar. Desember vert utbetalt i februar. Skatteinnngang samanlikna med budsjett ser ut til å bli om lag som budsjettert.

Samnanger har til liks med andre kommunar mottatt ei generell auke i skjønsmidlar. Kommunen har i tillegg fått utbetalt kr 1 mill ekstra som fylgje av forventa krav på barnevern på kr 3 mill. Dette kravet vart det tatt høgde for i rekneskapen for 2016 og skjønsmidlane kan disponerast fritt. Totalt har kommunen mottatt kr 1 134 000 i ekstra skjønsmidlar i 2017.

Konsesjonskraft

Det er berre 1 mnd att av året og kommunen ser ut til å få ca kr 150 000 meir enn budsjettert.

Eigedomsskatt

- Ny eigedomsskattelov. Regjeringa har fått gjennomslag på å endre eigedomsskattelova knytt til verk og bruk og den såkalla maskinskatten. Dette er ei endring som skal innførast gradvis fom 2019, men me må forventa å få utgifter til mellom anna ny taksering i 2018. Dette kjem me tilbake til når me har meir informasjon.
- Jfr ein høgsterettsdom må eldre linjer takserast på nytt for at verdinedskrivinga skal bli korrekt. Dette vil bli gjort tidleg i 2018.
- Det er i løpet av 2017 kome til/ blitt ferdigstilt nokre nye næringseigedomar og kommunen har engasjert takstselskapet Jessaa as til å takekse eigedomane. I tillegg er det eigen taksering av nye hytter og bustader som tidlegare har hatt takst frå formuesgrunnlag. Estimert kostnad vert sett til kr 30 000.

Administrasjon Det har over lengre tid vore arbeidd utover normal arbeidstid av fleire tilsette i administrasjonen. Det har ikkje vore mogeleg å få gjennomført avspasering av plusstimar og overtidstimar og timane vil no bli utbetalt. Tilsaman inkludert sosiale kostnadar beløper det seg til ca 207 000, kr 67 000 er dekket ved å omdisponera innanfor sektoren.

Rådmannen starta opp i september. Dette var ein månad tidlegare enn det som låg i budsjettet og kostnad er kr 123 000.

Samningaveko vart gjennomført i juni og skulle i utgangspunktet finansiera seg sjølv. Svikt i billetsal, spesielt til Dagsland-konserten, gjer at kulturkontoret må få tilført midlar på tilsaman kr 79 700.

Revitalisering av Tysse: Det vart i KS sak 17/2017 vedtatt å løyve kr 126 851 til revitalisering av Tysse. I tillegg vil kommunen få stønad frå Fylkeskommunen på kr 126 500. Det er inngått avtale med Granli Rådgeving

Brann fekk styrka budsjettet med kr 148 000 i 1.tertial rapport til mellom anna reperasjon av brannbil og overtidsutbetaling knytt til kurs. Dei har no behov for å styrka budsjettet med ytterlegare kr 290 000. Nødnett med lisens, driftsavtaler mm er dyrt og kjem på ca 130 000 meir enn budsjettert i 2017. Nye tilsette har ført til auka utgift til arbeidskle/ personelg verneutstyr mm og det har vore ytterlegare utgifter til brannbilen.

Nav kommune. Det har vore auka pågang i haust og det er no fleire som mottar ytingar til livsopphald. Ei av årsakene til det er strengare praksis hos Nav stat når det gjeld rett til arbeidsavklaringspengar. Budsjettet må styrkast med kr 320 000, men det meste kan dekkast av innsparing på andre postar. Gjenstående beløp kr 136 000 kan dekkast av innsparing lønn på flyktningekontoret.

Investering

Dei fleste investeringsprosjekt er no avslutta og for dei største vil det koma egne byggerekneskap. Dette gjeld mellom anna Bjørkheim VVA, bibliotek, krøllgrasbana i Hagabotnane og veg til Totræna.

Vatn: Det har vore fleire investeringar i 2017 knytt til vatn. Det er på plass nødstrømsaggregat i Myra og tanken er på plass i Rolvsvåg og vassforsyning Frøland er ferdigstilt. Det er og kjøpt inn utstyr for lettare å få lagt inn vassledningane i kartet og for å få kartlagt dei som ikkje er tilknytta kommunalt vatn. Totalt sett er det ikkje meirforbruk, men det er behov for å flytte budsjettmidlar mellom prosjekt.

Skular: I rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 låg det inne ein føresetnad om å samle barnehage og skule. Dette vart ikkje vedtatt og midlane til ombygging vart overført til ungdomsskulen for å ta nødvendig rehabilitering der. Det er gjort ein gode del, men alle midlane er ikkje nytta. Det står att kr 291 000.

På barneskulen er det på plass nye borehol og varmpumper er skifta ut. Totalt sett ei overskriding på kr 43 000 når me tek omsyn til auka momskompensasjon.

Veg: Tysseland bru er renovert i 2017 og det er kjøpt inn feiemaskin. I budsjettet for veg var det tatt høgde for at det måtte gjerast noko med vegen til Totræna, men tilstanden på vegen var verre enn først antatt og det vart løyvd ekstra midlar til å legge om vegen allereie i 2017. Arbeidet er ferdig og totalt sett vart vegen til Totræna ca kr 372 000 rimelegare enn først antatt. Fordi det vart løyvd egne midlar til denne vegen, står det att ca kr 789 000 på vegbudsjettet som kan nyttast til andre prosjekt som manglar dekning.

VVA – Bjørheim. Anlegget er ferdig og kom på kr 21 mill. Dette er kr 2,5 mill meir enn det som var budsjettert. Kr 1 mill er avvik mot anbod og budsjett og kr 1,5 mill er arbeid som er utført som ikkje låg inne i budsjetttramma, men som det tidlegare var gjort avtale om. Fleire detaljar vil de finne i byggerekneskapen når den vert lagt fram. Forslag til finansiering er å omdisponere kr 1 408 700 frå innsparing på andre prosjekt som er finansiert med ubunde investeringsfond og kr 1 152 551 vert finansiert med unytta lånemidlar.

Krøllgrasbane. Her vart det i første omgang gitt ei løyving på kr 5,2 mill. Den vart utvida to gonger og ramma er totalt på kr 10 mill. Til tross for det fekk prosjektet ei overskriding på kr 777 262. Dette skuldast i hovudsak at opsjonar vart løyyst ut for å sikre miljøvenleg korkgranulat og utviding av løpebana til 4 baner. Overskriding vert foreslått finansiert med unytta lånemidlar. Fleire detaljar vil de finne i byggerekneskapen når den vert lagt fram.

Nytt bibliotek. Kostnad vart om lag som budsjettert på totalt kr 15 mill inkl moms. Dette er kr 75 000 meir enn budsjettert. Det var i budsjettet og lagt inn ei forventning om tilskot på tilsaman kr 1,1 mill frå fylkeskommunen. I 2017 har kommunen fått tilsegn på kr 600 000 og differansen på kr 500 000 må finansierast i år. Kommunen kan søke om tilskot til biblioteket og neste år og det vert derfor foreslått å låne av ubunde investeringsfond for å dekkja inntektstapet på kr 500 000. Overskriding på kr 75 000 vert dekkja av unytta lånemidlar. Her vil det og bli lagt fram eit byggerekneskap.

Nytt bu- og aktivitetssenter. Dette vert lagt ut på anbod tidleg i 2018. Det vil koma eiga sak om finansiering. Så langt i 2017 har det vore utgift til arkitekt og utarbeiding av anbodskonkurranse. Innsparinga jfr budsjett 2017 er på ca 9,9 mill som er lånefinansiert og

som kan nyttast til prosjekt med meirforbruk. Det var og budsjettert med å føre byggelånsrente på kr 130 000. Når bygging ikkje er starta opp vil det ikkje bli overført rente sjølv om lånet er tatt opp.

KLP eigenkapitaltilskot vart kr 16 091 høgare enn budsjettet på kr 583 000 og me foreslår å auka bruk av ubunde investeringsfond.

Samnangerheimen har arva ein eigedom som ligg i Bergen kommune. Eigedomen er ikkje taksert, men verdivurdering etter befaring og samanlikna med kva andre eigedomar er selt for i området, gjer at me forventar å få minimum kr 3 mill ved sal.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2016/38-46
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	18/18	14.05.2018

Årsrekneskap 2017 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er deretter formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i sak om rekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

Drøfting:

Årsrekneskapen er lagt fram av rådmannen, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Kommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding datert 13.04.18. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 153.677.219 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 8.992,- Revisjonsmeldinga er å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding når det gjeld konklusjonar om framstilling av den finansielle stillinga og for resultat, registrering og dokumentasjon av årsrekneskapen.

Deloitte har og lagt fram revisjonsrapport nr. 8, saman med revisjonsmeldinga. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Kontrollutvalet bør i sin uttale oppmoda om å prioritere å sette fokus på dei forholda som er kommentert i revisjonsrapporten.

Revisor kjem i revisjonsrapporten med slike tilrådingar:

Intern kontroll og rutinar

Under vår gjennomgang av kommunen sin intern kontroll er det avdekka at kommunen har mangelfulle skriftlege rutinar. Vi vil tilrå kommunen å prioritere arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2018.

Rutinar godkjenning av lønsutbetaling

På lønsområdet har vi avdekka manglande spor på at einingsleiar har kontrollert at lønsutbetalinga er korrekt. Det bør etablerast ei rutine kor einingsleiar etterlet kontrollspor, til dømes signatur, på sin kontroll av lønsutbetalinga.

Rutinar løn mot rekneskap

Arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk vert avstemt kvar måned. Øvrige opplysningar frå lønssystemet vert kun avstemt årleg mot rekneskapssystemet. Vi tilrår at slik avstemming vert utført oftare, til dømes kvar månad.

Reiserekningar

Vår gjennomgang av reiserekningar avdekka fleire reiserekningar med manglande informasjon om passasjer i tilfelle kor det var kravd kilometergodtgjersle. Vi tilrår at kommunen gjennomgår rutinane sine og syter for at reiserekningar som vert bokført oppfyller krava i skattebetalingsforskrifta.

Fullmakter bank

Gjennomgang av bankrutinar og bankoppgåver viser at det føreligg einfullmakter for betaling i bank. Vi er klar over at dobbel signering i bank vil vere ei utfordring i praksis, men vi tilrår kommunen å implementere slik rutine for å auke arbeidsdelinga. Vi viser og til rapport nr. 7 der same forhold vart omtala.

Sjølvkostrekneskap

Kommunen har fleire positive sjølvkostfond. Sjølvkostfond skal nyttast 3-5 år etter at dei oppstod. Det er utarbeidd budsjett med planlagt bruk for fleire av fonda, men dei legg ikkje til grunn full bruk av sjølvkostfonda i løpet av dei neste 5 åra. Vi tilrår at kommunen sørgjer for at sjølvkostfonda vert nytta innan 5 år. Vi viser og til rapport nr. 7 der same forhold vart omtala.


Fullmakter rekneskapssystem

Gjennomgang av fullmakter til å endre informasjon om kundar og leverandørar i rekneskapssystem viser at fleire tilsette har tilgang til å utføre denne oppgåva utan at dei har dei naudsynte fullmaktene. Vi tilrår kommunen å sjå til at kun dei som har fullmakt har tilgang til å foreta endringar.

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at «*Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen.*»

Av rekneskapen for 2017 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 6 008 902,- dvs. netto resultatgrad på 2,66 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 3,8 % i 2017. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet justert ned til 1,75%.

For Samnanger kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2013 (+ 1,64 %) 2014 (- 1,66 %) og 2015 (- 0,4 %), 2016 (+ 1,97 %) og 2017 (+2,66 %) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2017 ligg litt over tilrådinga frå TBU, men under landsgjennomsnittet. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekket. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2017:

«Året 2017 vart eit godt økonomisk år for Samnanger kommune. Kommunen leverte eit overskot på om lag 3,4 millionar, inkludert avsetningar til disposisjonsfondet. Me arva i tillegg eit hus i Arna som me antar vil gje oss 3-4 millionar når det blir seld. Einingane har vist stor budsjett disiplin, noko som viser godt igjen på resultatet. Utfordringane i dei komande åra er å fortsetje med å ha stort fokus på å halde budsjetta samstundes som me skal utvikla oss vidare i tråd med kva som skjer i kommunane rundt oss og levera på innbyggjarane sine forventningar.»

Og vidare:

«Kommunane har samla hatt ein vekst i skatteinntektene på 4,5 % frå 2016. Det meste av skatteveksten har og i 2017 samanheng med ekstraordinære store uttak av utbytte som fylgje av skattereforma. Denne meirskatteveksten vil venteleg ikkje påverke det langsiktige inntektsnivået for kommunesektoren.

I Samnanger var veksten i skatteinntektene lågare enn snittet for landet og enda på 1,8 %. Denne veksten var og lågare enn det som var lagt til grunn i budsjettet og kommunen fekk eit avvik på 0,37 mill kroner samanlikna med opphavleg budsjett. Noko av den veksten som Samnanger kommune ikkje fekk ta del i vert kompensert som inntektsutjamning. Her fekk kommunen 1,8 mill kroner meir enn i opphavleg budsjett. Kommunen fekk òg auka skjønsmidlar på til saman 1,1 mill kroner. 1 mill kroner er ekstra skjønsmidlar til ekstraordinære utgifter til barnevern i 2016 og kr 110 000 er generell fordeling av av skjønsmidlar.»

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn tilsvarende 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Samnanger kommune har ei lånegjeld tilsvarende 93,0 % av sum driftsinntekter. Samnanger kommune har ei svært høg lånegjeld sett i forhold til driftsinntektene. Tilsvarende er disposisjonsfondet (posten disposisjonsfond i balanserekneskapet) på 2,6 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Samnanger kommune har såleis ikkje eit tilfredstillande nivå i 2017 på disposisjonsfondet, sjølv om det er

styrka i 2017 samanlikna med året før. Lånegjelda er svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar for åra 2015 – 2017, men det er ein del nedgong sidan 2015.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor.

Konstituert rådmann, saman med sektorleiarane og økonomisjef har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2017. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det i det alt vesentlege er gjort greie for desse tilhøva som er peika på i lova.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- rekneskapsmessig forbruk
- netto driftsresultat
- talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.
- kommunen si lånegjeld
- disposisjonsfondet

Konklusjon:

Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2017 er positivt. Resultatet ligg litt over TBU sine tilrådingar, men ligg under gjennomsnittet i landet.

Samnanger kommune har ikkje eit tilfredstillande nivå i 2017 på disposisjonsfondet, sjølv om det er styrka i 2017 samanlikna med året før. Lånegjelda er svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar for åra 2015 – 2017, men det er ein del nedgong sidan 2015.

Årsmeldinga for 2017 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2017.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Årsrekneskap 2017 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet
- 2 Revisjonsbertning frå Deloitte AS 2017
- 3 Revisjonsrapport nr. 8, 2017 frå Deloitte AS
- 4 Årsmelding med rekneskap 2017 for Samnanger kommune



Til Samnanger kommune v/ kommunestyret

ÅRSREKNESKAP 2017 FOR SAMNANGER KOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

Kontrollutvalet har i møte 14.05.2018, handsama Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2017.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svara på spørsmål.

Av rekneskapen for 2017 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positiv med kr. 6.000.902, dvs. netto resultatgrad på 2,66 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 3,8 % i 2017. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2017:

«Året 2017 vart eit godt økonomisk år for Samnanger kommune. Kommunen leverte eit overskot på om lag 3,4 millionar, inkludert avsetningar til disposisjonsfondet. Me arva i tillegg eit hus i Arna som me antar vil gje oss 3-4 millionar når det blir seld. Einingane har vist stor budsjett disiplin, noko som viser godt igjen på resultatet. utfordringane i dei komande åra er å fortsetje med å ha stort fokus på å halde budsjetta samstundes som me skal utvikla oss vidare i tråd med kva som skjer i kommunane rundt oss og levera på innbyggjarane sine forventningar.»

Og vidare:

«Kommunane har samla hatt ein vekst i skatteinntektene på 4,5 % frå 2016. Det meste av skatteveksten har og i 2017 samanheng med ekstraordinære store uttak av utbytte som fylgje av skattereforma. Denne meirskatteveksten vil venteleg ikkje påverke det langsiktige inntektsnivået for kommunesektoren.

I Samnanger var veksten i skatteinntektene lågare enn snittet for landet og enda på 1,8 %. Denne veksten var og lågare enn det som var lagt til grunn i budsjettet og kommunen fekk eit avvik på 0,37 mill kroner samanlikna med opphavleg budsjett. Noko av den veksten som Samnanger kommune ikkje fekk ta del i vert kompensert som inntektsutjamning. Her fekk kommunen 1,8 mill kroner meir enn i opphavleg budsjett. Kommunen fekk og auka skjønsmidlar på til saman 1,1 mill kroner. 1 mill kroner er ekstra skjønsmidlar til ekstraordinære utgifter til barnevern i 2016 og kr 110 000 er generell fordeling av av skjønsmidlar.»

Kontrollutvalet har merka seg at det er levert ei såkalla «rein» revisjonsmelding. Opplysningane i revisjonsrapport nr. 8 er ikkje så alvorlege at dei medfører atterhald eller presisering i revisjonsmeldinga. Dei er likevel viktige nok:

Intern kontroll og rutinar

Under vår gjennomgang av kommunen sin intern kontroll er det avdekka at kommunen har mangelfulle skriftlege rutinar. Vi vil tilrå kommunen å prioritere arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2018.

Rutinar godkjenning av lønsutbetaling

På lønsområdet har vi avdekka manglande spor på at einingsleiar har kontrollert at lønsutbetalinga er korrekt. Det bør etablerast ei rutine kor einingsleiar etterlet kontrollspor, til dømes signatur, på sin kontroll av lønsutbetalinga.

Rutinar løn mot rekneskap

Arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk vert avstemt kvar måned. Øvrige opplysningar frå lønssystemet vert kun avstemt årleg mot rekneskapssystemet. Vi tilrår at slik avstemming vert utført oftare, til dømes kvar månad.

Reiserekningar

Vår gjennomgang av reiserekningar avdekka fleire reiserekningar med manglande informasjon om passasjer i tilfelle kor det var kravd kilometergodtgjersle. Vi tilrår at kommunen gjennomgår rutinane sine og syter for at reiserekningar som vert bokført oppfyller krava i skattebetalingsforskrifta.

Fullmakter bank

Gjennomgang av bankrutinar og bankoppgåver viser at det føreligg einfullmakter for betaling i bank. Vi er klar over at dobbel signering i bank vil vere ei utfordring i praksis, men vi tilrår kommunen å implementere slik rutine for å auke arbeidsdelinga. Vi viser og til rapport nr. 7 der same forhold vart omtala.

Sjølvkostrekneskap

Kommunen har fleire positive sjølvkostfond. Sjølvkostfond skal nyttast 3-5 år etter at dei oppstod. Det er utarbeidd budsjett med planlagt bruk for fleire av fonda, men dei legg ikkje til grunn full bruk av sjølvkostfonda i løpet av dei neste 5 åra. Vi tilrår at kommunen sørgjer for at sjølvkostfonda vert nytta innan 5 år. Vi viser og til rapport nr. 7 der same forhold vart omtala.

Fullmakter rekneskapssystem

Gjennomgang av fullmakter til å endre informasjon om kundar og leverandørar i rekneskapssystem viser at fleire tilsette har tilgang til å utføre denne oppgåva utan at dei har dei naudsynte fullmaktene. Vi tilrår kommunen å sjå til at kun dei som har fullmakt har tilgang til å foreta endringar.

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at «Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen.»

Kontrollutvalet vil rå til at kommunen prioriterer å setje fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 8 frå Deloitte.

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der det m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll», «etik», «likestilling» og «diskriminering» skal omtalast.

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det i det alt vesentlege er gjort greie for desse tilhøva som er peika på i lova.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Oppsummering og tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2017 er positivt. Resultatet ligg litt over TBU sine anbefalingar, men ligg under gjennomsnittet i landet.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 8 må følgjast opp. Det vert peika på at det vil vera særleg viktig å prioriterer arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2018.
- Kontrollutvalet merkar seg at Samnanger kommune ikkje har eit tilfredstillande nivå i 2017 på disposisjonsfondet, sjølv om det er styrka i 2017 samanlikna med året før.
- Utvalet merkar seg og at lånegjelda er svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar for åra 2015 – 2017, men at det er ein del nedgong sidan 2015.
- Årsmeldinga for 2017 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 13.04.2018 og revisjonsrapport nr. 8, med same dato, har kontrollutvalet ikkje merknader til Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2017.

Kontrollutvalet i Samnanger kommune 14. mai 2018.

Brigt Olav Gåsdal
-Kontrollutvalsleiar-

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til : Samnanger kommune, formannskapet.

Til kommunestyret i Samnanger kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Samnanger kommune som viser kr 153.677.219 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 8.922. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer.

Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feile presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 13. april 2018
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Samnanger kommune
Att.: Rådmann Charlotte Hageberg
Tyssevegen 217

5650 TYSSE

13. april 2018

Revisjonsrapport nr. 8
(journalføres)

REVISJONSRAPPORT 2017

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2017. Vi vil nytta høve til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og tilhøve vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som er av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar, og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og organisasjonen sine rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og gjennomføre ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lovar og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

3 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12.2017, samt at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. Inkludert i vår revisjon har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor. Desse vil ikkje ha konsekvens for revisjonsmeldinga vår.

4 Andre tilhøve

4.1 Intern kontroll og rutinar

Under vår gjennomgang av kommunen sin intern kontroll er det avdekket at kommunen har mangelfulle skriftlege rutinar. Dokumentasjon av oppdaterte og korrekte rutinar er viktig mellom anna for å sikre at aktivitetar vert gjennomført effektivt, i samsvar med interne retningslinjer og på ein trygg måte. Mangelfulle skriftlege rutinar gjer at kommunen er svært sårbar ved fråvær av nøkkelpersonell. Vi vil tilrå kommunen å prioritere arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2018.

4.2 Rutinar godkjenning av lønsutbetaling

På lønsområdet har vi avdekket manglande spor på at einingsleiar har kontrollert at lønsutbetalinga er korrekt. Det bør etablerast ei rutine kor einingsleiar etterlet kontrollspor, til dømes signatur, på sin kontroll av lønsutbetalinga.

Den etablerte rutinen tilseier at kontroll av løn vert utført etter lønsutbetaling. Vi tilrår at rutinen vert endra slik at løn vert kontrollert av einingsleiar før utbetaling.

4.3 Rutinar løn mot rekneskap

Arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk vert avstemt kvar måned. Øvrige opplysningar frå lønssystemet vert kun avstemt årleg mot rekneskapssystemet. Vi tilrår at slik avstemming vert utført oftare, til dømes kvar måned.

4.4 Reiserekningar

Vår gjennomgang av reiserekningar avdekka fleire reiserekningar med manglande informasjon om passasjer i tilfelle kor det var kravd kilometergodtgjersle. Vidare er det avdekka ei reiserekning utan klart formål spesifisert. Dette er ikkje tilfredstillande med omsyn til krava i skattebetalingsforskrifta § 5-6-12. Vi tilrår at kommunen gjennomgår rutinane sine og syter for at reiserekningar som vert bokført oppfyller krava i skattebetalingsforskrifta.

4.5 Fullmakter bank

Gjennomgang av bankrutinar og bankoppgåver viser at det føreligg einfullmakter for betaling i bank. Vi er klar over at dobbel signering i bank vil vere ei utfordring i praksis, men vi tilrår kommunen å implementere slik rutine for å auke arbeidsdelinga. Vi viser og til rapport nr. 7 der same forhold vart omtala.

4.6 Sjølvkostrekneskap

Kommunen har fleire positive sjølvkostfond. Sjølvkostfond skal nyttast 3-5 år etter at dei oppstod. Det er utarbeidd budsjett med planlagt bruk for fleire av fonda, men dei legg ikkje til grunn full bruk av sjølvkostfonda i løpet av dei neste 5 åra. Vi tilrår at kommunen sørgjer for at sjølvkostfonda vert nytta innan 5 år. Vi viser og til rapport nr. 7 der same forhold vart omtala.

4.7 Fullmakter rekneskapssystem

Gjennomgang av fullmakter til å endre informasjon om kundar og leverandørar i rekneskapssystem viser at fleire tilsette har tilgang til å utføre denne oppgåva utan at dei har dei naudsynte fullmaktene. Vi tilrår kommunen å sjå til at kun dei som har fullmakt har tilgang til å foreta endringar.

5 Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi takkar for godt samarbeid.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

Årsmelding 2017



Frå det nye bibiloteket på Bjørkheim.



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

Innhald

Del 1

Rådmannen har ordet	side 3
---------------------	--------

Hendingar 2017	side 4
----------------	--------

Driftsrekneskapen 2016	side 5
------------------------	--------

Organisasjon	Side 22
--------------	---------

Samfunn og utvikling	side 30
----------------------	---------

Helse og omsorg	side 39
-----------------	---------

Oppvekst	side 46
----------	---------

Investeringar 2017	side 53
--------------------	---------

Vedlegg: Rekneskap 2017	side 56
-------------------------	---------

Del 2

Årsmeldingar frå einingane

RÅDMANNEN HAR ORDET


Året 2017 vart eit godt økonomisk år for Samnanger kommune. Kommunen leverte eit overskot på om lag 3,4 millionar, inkludert avsetningar til disposisjonsfondet. Me arva i tillegg eit hus i Arna som me antar vil gje oss 3-4 millionar når det blir seld. Einingane har vist stor budsjett disiplin, noko som viser godt igjen på resultatet. Utfordringane i dei komande åra er å fortsetje med å ha stort fokus på å halde budsjetta samstundes som me skal utvikla oss vidare i tråd med kva som skjer i kommunane rundt oss og levera på innbyggjarane sine forventningar.

2017 har vore eit noko spesielt år for organisasjonen etter at den førre rådmannen slutta etter 28 år i stolen. Hilde-Lill Våge vart konstituert i mars og hovudoppgåva hennar vart å halde organisasjonen flytande i påvente av at ny rådmann skulle koma på hausten.

Etter berre nokre få månader i rådmannsstolen ser rådmannen at det peikar seg ut nokre oppgåver peikar som ein må jobbe aktivt med. Det har vore eit stort fokus på å yte gode tenester ut til innbyggjarane, noko som er veldig bra, men det skulle samstundes òg ha vore større fokus på å byggje organisasjonen meir robust og tatt i bruk nye verktøy på fleire område, det lir no organisasjonen under. Fokusområde som har blitt ytterlegare synleggjort gjennom haustens budsjettarbeid kan oppsummerast gjennom følgjande punkt:

- Få opp leiarkompetansen i kommunens organisasjon
- Byggje felles verdiar
- Effektivisere organisasjonen gjennom bruk av digitale verktøy
- Ha stort fokus på nærværarbeid
- Bruk av kvalitetsmål i styringa av organisasjonen
- Betre internkontrollrutinar
- Få på plass betre rapporteringsverktøy/rutiner
- Jobbe med å få på plass ein planstrategi og kommuneplan samfunnsdel

Hausten gjekk i stor grad med til budsjettarbeid og planlegging av satsingsområda i 2018. Me la ned sektor for organisasjon og gjorde nokre endringar i organiseringa. Ny organisering ser no slik ut:



Kvalitet

Tillit

Framsynt

VIKTIGE HENDINGAR 2017

Vedtak om bygging av Skottabakken

Hilde-Lill Våge konstituert som rådmann frå 1.3

Prosjekt revitalisering Tysse starta

Charlotte Hageberg tilsatt som rådmann frå 1.9

Brannsamarbeid med Vest brann- og redningsregion

Kommuneplanen sin arealdel vedtatt

Trafikksikringsplan vedtatt

Ny trasè Totrævegen ferdigstillt

Kunstgrasbanen ferdigstillt og opna

Nytt bibliotek opna på Bjørkheim

Ferdigstilling av vatn og avløp på Bjørkheim

Verdiprojektet starta



FAKTA OM DRIFTS- REKNESKAPEN

Overskot:
Kr 8 921,55

Disposisjonsfond:
Kr 5 828 864,60

**Netto overskot i % av
brutto driftsinntekter:**
2,66 % (mål 2,03 %)

Driftsinntekter:
Kr 225,72 mill

Driftsutgifter:
Kr 218,41 mill

Lånegjeld:
Kr 227,01 mill

DRIFTSREKNESKAPEN 2017

Kommunen hadde i 2017 eit mindreforbruk (overskot) på kr 8 921,55. Det er netto sett av kr 3 361 390 til disposisjonsfondet i 2017.

Samanlikna med opphavleg budsjett kan me oppsummert seia at overskotet skuldast:

Skatt, ramme og inntektsutjamning	- 0,4 mill kroner
Eigedomsskatt	+ 0,4 mill kroner
Sektorane	+ 1,7 mill kroner
Premieavvik	- 2,0 mill kroner
Netto rente	+ 0,3 mill kroner

Skatt og rammeinntekt	Skatt	Ramme	Sum
Opphavleg budsjett	67 021 000	82 460 000	149 481 000
Revidert budsjett	66 791 000	85 586 251	152 377 251
Rekneskap	66 650 894	85 306 160	151 957 054
Avvik mot opphavleg budsjett	-370 106	2 846 160	2 476 054
Avvik mot revidert budsjett	-140 106	-280 091	-420 197

Kommunane har samla hatt ein vekst i skatteinntektene på 4,5 % frå 2016. Det meste av skatteveksten har og i 2017 samanheng med ekstraordinære store uttak av utbytte som fylgje av skattereforma. Denne meirskatteveksten vil venteleg ikkje påverke det langsiktige inntektsnivået for kommunesektoren.

I Samnanger var veksten i skatteinntektene lågare enn snittet for landet og enda på 1,8 %. Denne veksten var og lågare enn det som var lagt til grunn i budsjettet og kommunen fekk eit avvik på 0,37 mill kroner samanlikna med opphavleg budsjett.

Noko av den veksten som Samnanger kommune ikkje fekk ta del i vert kompensert som inntektsutjamning. Her fekk kommunen 1,8 mill kroner meir enn i opphavleg budsjett. Kommunen fekk òg auka skjønsmidlar på til saman 1,1 mill kroner. 1 mill kroner er ekstra skjønsmidlar til ekstraordinære utgifter til barnevern i 2016 og kr 110 000 er generell fordeling av av skjønsmidlar.


Kommunen sin skatteinngang, som inkluderer naturressursskatten, er på 90 % av landsgjennomsnittet. Inkludert inntektsutjamninga er kommunen på 94,7 % av landsgjennomsnittet. Tilsvarende tal for 2016 er 93,4% og 96,1 %.

Rammetilskotet (utanom inntektsutjamning) var i 2017 på 81,79 mill. kroner. Dette er ein auke på 1,7 mill kroner samanlikna med 2016. Den prosentvise auken er på 2,11 %, noko som er lågare enn deflatoren (pris- og kostnadsvekst) som var lagt til grunn i statsbudsjettet for 2017 på 2,5 %.

Samanlikna med 2016 fekk kommunen 4,4 mill. kroner meir i inntekter frå ramme og skatt. Dvs ein auke på 3 %. I 2016 var auken på 4 %.

Finansielle nøkkeltal

Det var tidlegare tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i rekneskapen på minimum 3% av driftsinntektene. Frå 2014 vert investeringsmoms direkte inntektsført i investeringsrekneskapen. Dette gjer at det anbefalte kravet no er på 1,75 %. Årsaka til det anbefalte kravet er at kommunane skal kunna setja av midlar for å møte mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal Fylkesmannen er oppteken av. Samnanger har i 2017 eit netto driftsresultat på 2,66 % av brutto driftsinntekter.



Sektorane

Tabellen under viser revidert budsjett og rekneskap pr. eining summert pr. sektor. Eit tal i pluss er eit meirforbruk (underskot). Avvik er vist i kroner og % i forhold til revidert budsjett.

Totalt har sektorane og rådmannskontoret inkl. barnevern og næring eit mindreforbruk på 1,9 mill kroner i forhold til revidert budsjett. Pensjonsutgiftene vart lågare enn antatt og er med å forklare mindreforbruket.

I forhold til opphavleg budsjett er det brukt 1,35 mill kroner meir enn budsjettet. Hovudforklaringa ligg på ikkje-budsjetterte utgifter til flyktningar. Kommunen mottok tilskot som vert ført på ansvar for finans og andre inntekter.

	Rekneskap 2017	Rev.budsjett 2017	Avvik	Avvik i %
Rådmann og ped.tenester	1 543	1 592	-49	
Barnevern	5 563	5 576	-13	
Næringsføremål	-3 231	-3 107	-124	
Sum rådmann inkl. barnev. og næring	3 875	4 061	-186	-4,57 %
Skule- og barnehage (adm.felles)	7 800	7 828	-28	
Barnehageeininga	14 309	14 170	139	
Samnanger barneskule	18 878	19 075	-197	
Samnanger ungdomsskule	10 570	10 662	-93	
Sum sektor oppvekst	51 556	51 735	-179	-0,35 %
Helse og omsorg, adm	437	486	-48	
Tenester for funksjonshemma	10 167	9 833	334	
Sjukeheim	21 156	21 360	-204	
Heimetenester	13 626	14 208	-582	
Nav og flyktningekontor	6 816	7 035	-219	
Helsetunet	10 932	11 446	-514	
Sum sektor helse og omsorg	63 135	64 368	-1 233	-1,92 %
Samfunn og utvikling, adm	837	863	-26	
Teknisk forvaltning	6 850	6 858	-8	
Teknisk drift	13 553	13 429	124	
Kultureininga	3 690	3 834	-145	
Sum sektor samfunn og utvikling	24 930	24 985	-55	-0,22 %
Stab og fellesutgifter	6 293	6 509	-216	
Sørvisssenteret	5 524	5 455	69	
Politisk nivå og revisjon	2 128	2 291	-163	
Kyrkjestyre og livssynsorganisasjonar	2 558	2 542	16	
Sum sektor organisasjon	16 503	16 797	-294	-1,75 %


(meirforbruk +/ mindreforbruk -)(tala i 1.000 kr)

Forklaring på avvik og samanlikning med 2016 finn de under kvar einskild sektor/eining.

Fordeling av brutto driftsutgifter 2017	
Sektor/teneste	Prosent av totale brutto driftsutgifter
Rådmann inkl. næring	2 %
Barnevern	3 %
Sektor for oppvekst	29 %
Sektor for helse og omsorg	37 %
Sektor for samfunn og utvikling inkl. kultur	19 %
Sektor for organisasjon	8 %
Finansutgifter	2 %

Driftsutgifter

Korleis kommunen brukar pengane:



Den største delen av dei kommunale utgiftene er løn og sosiale utgifter, og dette utgjør heile 68,07 %.

Kjøp av vikartjenester vert ført som varer/ tenester i eigen produksjon. Det hender at kommunen ikkje får tilsett i vikarstillingar og må leiga inn frå vikarbyrå i staden. I 2017 er det kjøpt inn vikartjenester for totalt 2,36 mill kroner. I 2016 var summen på 4,3 mill kroner. Helse og omsorg står for 59,87 % av kjøpet (81,51 % i 2016). Andre einingar som har kjøpt vikar/ ekstrahjelp på denne måten er teknisk forvaltning, barneskulen og i administrasjonen.

Oversikta under viser lønsutgifter inkl sosiale utgifter korrigerert for premieavvik og premiefond. Kjøp av vikarutgifter er tatt med og sjukerefusjon går til frådrag.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Løn- og vikarutgifter	132 588	136 212	140 958	139 604	142 533	146 220
Sjukepengar	-5 501	-4 348	-4 961	-5 368	-5 452	-7 190
Netto løn	127 087	131 864	135 997	134 236	137 081	139 030
% auke	2,4 %	3,8 %	3,13 %	-1,29 %	2,12 %	1,42 %

(tal i 1 000 kr)

Kommunen hadde i 2017 ei auke i netto løn på 1,42 %. Lønsoppgjæret i 2017 var eit mellomoppgjær. Gjennomsnittleg lønsvekst i kommunen i 2017 var om lag 3% (summen av sentrale og lokale lønstilllegg, overheng og lønsgliding).

Kommunen har mottatt sjukerefusjon på 7,19 mill kroner. Dette er 1,7 mill kroner meir enn i 2016. Sjukefråværet har auka frå 7,3 % i 2016 til 7,7 % i 2017. Me har i 2017 hatt fleire langtidssjukemelde enn i 2016.

Driftsutgiftene i Samnanger kommune auka med 9,4 mill. kroner samanlikna med 2016. Korrigerert for kostnadsvekst på 2,3 % (deflator i rev.statsbudsjett), er veksten på 4,8 mill kroner. 3 mill kroner gjeld løn og sosiale utgifter. Her må me både ta omsyn til auka vikar (og sjukerefusjon) og til netto premieavvik som i 2017 vart lågare enn i 2016 med 0,7 mill kroner (netto premieavvik er ei inntekt). Kjøp av tenester er det som har auka mest med 6,6 mill kroner (6,2 mill kroner justert for kostnadsvekst).

Dette skuldast mellon anna endring i korleis utgifter blir ført, for eks. heilårseffekten av at me kjøper barnevern frå Bergen kommune. Desse utgiftene vart i 2016 òg ført som konsulent, løn og overføringar. Noko av tilbodet til funksjonshemma vert organisert på ein annan måte med meir kjøp av tenester. Utgifter til vaksenopplæring (kjøp frå andre kommunar) har auka i 2017, men her får kommunen tilskot. Det har òg vore fleire born frå Samnanger som går i private barnehagar i andre kommunar. Totalt hadde kommunen utgifter på 0,8 mill kroner. I Eikedalen er VA no på plass. Me får faktura frå Kvam herad som me vidarefakturerer til abonnentane i Eikedalen. Dette er ikkje ei ugift for kommunen, men både posten kjøp frå andre og inntektene aukar .

Overføringar er redusert med 2,7 mill kroner frå 2016. I 2016 hadde me overføringar til staten på 4,6 mill kroner knytt til barnevern. Noko av denne kostnaden har me òg i 2017, men den vert no ført som kjøp frå kommunar. Mesteparten er knytt til ekstraordinær utgift i 2016 på 3,5 mill kroner.

Varer og tenester i eigen produksjon er òg redusert med 0,7 mill kroner (1,4 mill kroner justert for kostnadsvekst). I denne posten inngår konsulent. Totalt er det brukt 3,9 mill kroner på konsulent mot 6,1 mill. kroner i 2016. Dette inkluderer revisjon og forvaltningsrevisjon, tolketenester, kjøp av vikartenester mellom anna på sjukeheim og på teknisk forvaltning, byggesak. Reduksjonen er i stor grad knytt til redusert bruk av vikar på sjukeheimen.

Brutto driftsutgifter - Samnanger og samanlikning med andre

Tabellen under viser korleis Samnanger kommune har prioritert dei forskjellige områda over tid og samanliknar 2017 med kostragruppe 3 (KG 3) og kostragruppe 1 (KG 1).

”Helse og omsorg” omfattar tenestene i pleie og omsorg og helsetenestene.

Oversikta viser prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter.

	Samnanger					KG 3 2017	KG 1 2017
	2013	2014	2015	2016	2017		
Adm. og styring	8,2	8,1	7,9	8,3	8,3	7,9	7,7
Barnehage	12,4	11,8	11,5	11,1	11,0	8,6	10,7
Skule	20,4	20,5	20,9	20,6	20,0	18,2	20,7
Helse og omsorg	36,0	36,5	35,6	34,2	34,0	33,2	33,5
Sosial	2,4	2,2	2,1	2,5	3,7	4,1	4,5
Barnevern	3,7	3,5	3,4	4,7*	2,8	3,0	2,8
Kultur	2,3	2,2	2,4	2,4	2,3	3,6	2,4
Kyrkja	1,4	1,4	1,4	1,4	1,4	1,0	1,1
Næring	0,8	0,6	0,6	0,9	1,4	2,9	1,4
Samferdsle	1,8	1,6	1,9	1,6	1,9	2,1	1,5
Brann	1,9	1,7	1,9	1,8	1,8	1,4	1,4

*Inkludert skuldig til Bufetat kr 3,5 mill.

Kommunane sine ulike prioriteringar kan vera som resultat av bevisste val av kva som skal prioriterast, men det kan òg vera som eit resultat av utfordringar eller effektivitet/ mangel på effektivitet.

Frå 2014 vart Samnanger flytta over i KG 3, som gjeld små kommunar som har middels bundne kostnader, men med høge frie disponible inntekter pr. innbyggjar. Kommunen si tidlegare kostragruppe (KG 2) har middels frie disponible inntekter pr. innbyggjar. KG 1 har utgifter som i KG 2 og 3, men med låge inntekter.

Det er naturleg at KG 1 har høg prosentvis fordeling og prioritering på område som barnehage, skule og helse og omsorg. Dette er kjerneverksamheita i ein kommune og med låge frie disponible inntekter vil dei i stor grad bli brukt på desse områda.

Driftsinntekter:


Kommunen får 65,36 % (67,4 %) av inntektene frå rammetilskot og skatt. Eigedomsskatt utgjer 6 % (7,1 %) av inntektene og salsinntekter, som inkluderer konsesjonskraft, utgjer 11,6% (10,7 %). 2016-tal i parentes.

Kommunen sine inntekter har auka med 13,38 mill. kroner frå 2016 til 2017. Dette er ein auke på 6,3 %.


Korrigert for kostnadsvekst på 2,3 % (deflator) er auken på 8,5 mill kroner. I 2016 auka inntektene med 11,96 mill. kroner (5,97%).

Rammetilskot, skatt og inntektsutjamning har auka med 4,4 mill. kroner, auken er på 1 mill. kroner justert for kostandsvekst. Eigedomsskatt er redusert med 1,4 mill. kroner. Dette skuldast både redusert skattegrunnlag kraftanlegg og at fordelingsnøklane for kraftanlegga vart endra i favør av Kvam herad i 2017. Refusjon og tilskot har auka med 6,7 mill kroner. Her ligg mellom anna auka sjukerefusjon på 1,7 mill kroner, tilskot til vaksenopplæring, vidareutdanning lærarar og vedlikehaldstilskot. Øyremerka tilskot som ikkje er nytta ved utgangen av 2017 er sett av på fond.

Salsinntektene har auka med 3,5 mill kroner. Auken er på 3 mill kroner korrigert for kostnadsvekst. Noko av auken skuldast at Eikedalen VA no er fakturert. Inntekta er på 0,98 mill kroner med tilsvarande utgift. Inntekt frå sal av konsesjonskraft er på 3,2 mill kroner mot 2,3 mill kroner i 2016.



Frie inntekter




Frie inntekter er inntekter som kommunane disponerer sjølv utan andre bindingar enn gjeldande lover og forskrifter. Inkludert her er skatt på inntekt og formue og rammetilskot. Eigedomsskatt er ikkje med. Grafen viser utvikling i dei frie inntektene i kroner pr innbyggjar dei siste 5 åra samanlikna med KG 3 og KG 1. Samnanger er plassert i KG 3, som i snitt har kr 63 105 pr innbyggjar. Samnanger har i 2017 kr 61 696 pr innbyggjar.

Dersom me ser på frie inntekter inkludert eigedomsskatt, i % av brutto driftsinntekter, ser me at Samnanger har lågare andel andre inntekter, dvs at kommunen i større grad enn kostragruppe 3 og 1 har inntekta frå ramme, skatt og eigedomsskatt. Det betyr òg at andre kommunar får meir i øyremerka tilskot, andre driftsinntekter mm enn det Samnanger har. Samnanger får for eks. 2,3 % av driftsinntektene som andre statlege tilskot, medan kostragruppe 3 får 4,8 % og KG 1 får 5,3 % som andre statlege tilskot.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Samnanger	73,0	74,2	75,5	78,8	76,6	73,5
KG 3	65,5	64,9	66,3	66,0	65,5	65,0
KG 1	68,6	70,6	71,2	70,6	68,1	65,7

Premieavvik og pensjonsfond



Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed også rammevilkåra til kommunen. Premieavviket vert ført som pensjon, både som inntekt og utgift. Eit positivt premieavvik vert bokført som inntekt i år 0 og som utgift dei neste 7 åra som akkumulert premieavvik (tidlegare 15 og 10 år). Når me brukar av premiefond, vert årets premieavvik redusert med tilnærma same sum. Differansen mellom årets premieavvik og akkumulert premieavvik påverkar kommunen sitt resultat saman med bruk av premiefond.

Det vert eit positivt premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets

aktuarberekna netto pensjonskostnad. Premieinnbetalinga tek utgangspunkt i dagens situasjon med dagens medlemsbestand og dagens pensjonsgrunnlag. Den aktuarberekna netto pensjonskostnaden er ein rekneskapsstorleik som vert berekna ut frå økonomiske føresetnader om framtida (m.a. lønsvekst og pensjonsregulering).

Ved overgangen til KLP i 2014 vart det bestemt at me skal bruka av premiefond fortløpande til å

betala faktura med. I 2017 vart det brukt 2,2 mill. kroner av fondet. Når me brukar av fondet påverkar det årets premieavvik. Det er ikkje premiefond i SPK. For KLP og SPK vart premieavviket positivt med 1,69 mill kroner inkl. arbeidsgjevaravgift. Når me ser premiefond og premieavvik under eitt, har kommunen i 2017 ei "inntekt" på 2,5 mill kroner (3,2 mill kroner i 2016). Dette er 2 mill kroner lågare enn budsjettert og er med på å påverka rekneskapsresultatet negativt.

Finansplassering

Aksjar i Nordisk areal as


	Bokført tap/ gevinst (+)	Utbytte	Akkumulert netto tap
2007	940 000		940 000
2008	-1 820 000		-880 000
2009	-340 000		-1 220 000
2010	253 893		-966 107
2011	156 588		-809 519
2012	-97 868		-907 387
2013	-900 381	508 911	-1 298 857
2014	-195 735	548 058	-946 534
2015	-763 366	861 234	-848 666
2016	-137 015		-985 681
2017	33 666		-952 015
Sum	-2 870 218	1 918 203	

Samnanger kommune har sidan 2007 eigd aksjar i Nordisk Areal as. Aksjane vart kjøpt for 4 mill. kroner. Den siste bygningen vart selt våren 2016 og selskapet vart avvikla i 2017.

Totalt sett har kommunen på desse 10 åra tapt kr 952 015.

Kommunen har pr 31.12.2017 kr 265 760,52 plassert i Pluss pengemarknadsfond. Verdien av fondet har auka med kr 3 762,76, som er ein auke på 1,43 % i 2017.

Finansutgifter - lånegjeld og renter



Kommunen si lånegjeld har auka vesentleg dei siste åra. Grafen viser utviklinga dei siste 7 åra der lånegjelda har auka frå 116 mill. kroner i 2011 til 227 mill. kroner i 2017. Av dette er 2,5 mill kroner startlån pr 31.12.17. Lånegjelda er inkludert unytta lånemidlar som pr. 31.12.2017 var på 13 mill. kroner. Av dette er 0,7 mill. kroner unytta startlån. Unytta lånemidlar er lån som er tatt opp, men som pga av forseinking i prosjekt ikkje er nytta til finansiering. Kommunen må betala renter og evt. avdrag på unytta midlar. Dei unytta lånemidlane er i stor grad knytt til forseinking i oppstart på bygging av nytt bufelleskap.


Det er i 2017 tatt opp 2 lån på tilsaman 14 mill.

kroner.

2016: byggelån 20 mill kroner betalt tilbake.

Grafen under viser netto lånegjeld pr. innbyggjar. Det vert samanlikna med kostragruppe 3 (KG 3) der Samnanger er plassert og med kostragruppe 1 (KG 1). KG 3 er 48 små kommunar med middels bundne kostnader og høge frie disponible inntekter. KG 1 (35 kommunar) er tilsvarande KG 3, men med låge frie disponible inntekter.

I denne oppstillinga er det tatt omsyn til ubrukte lånemidlar og lån som er vidareformidla (startlån). Kommunen har investert mykje dei siste åra og netto lånegjeld pr. innbyggjar har auka frå kr 43 465 i 2012 til kr 85 635 i 2016. Tilbakebetaling av byggjelån på 20 mill kroner forklarar reduksjonen frå 2015 til 2016.



I ei slik oversikt der den eine variabelen er tal innbyggjarar, vil lånegjeld pr innbyggjar auke dersom tal innbyggjarar vert redusert og lånegjeld er uendra. Tal innbyggjarar var ved utgangen av 2017 på 2 463, som er ein nedgang frå 2016 då det var 2 488 innbyggjarar i Samnanger. Netto lånegjeld har i same periode auke med 16 mill kroner.


Samnanger kommune har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyving mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vidare, vert delar av renter og avdrag på startlån ei driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekkta tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger kommune ikkje har nytta seg av. Kommunen tek òg risiko ved tap. Det er sett av kr 206 000 til evt. tap på startlån. Startlåna er frå og med 2016 administrerte av Lindorff as.

Kommunen tek òg opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukarar av desse tenestene skal betala kostnaden med å produsera f.eks. drikkevatt, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansierte. For kommunen vil nedbetalingstid kontra avskrivningstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunna gje driftsutgifter utover sjølvkost. Den kalkulatoriske renta var på 1,98 % for 2017, lånerenta var ved utgangen av 2017 på ca 1,6 %.

Grafen til høgre viser renter og avdrag som er ført i driftsrekneskapen. Startlån og byggjelånsrente/ avdrag i investering er ikkje med. Det grafen viser tydeleg er at det er avdragsutgiftene som har auka mest. Renta på lån har dei siste åra vore låg og gjer at kommunen sine renteutgifter ikkje har auka med meir enn 1 mill kroner til tross for at lånegjelda har auka med 111 mill kroner i same periode.

Avdragsutgiftene har auka frå 4,6 mill. kroner i 2011 til 8,5 mill. kroner i 2017.


Pr 31.12.17 er det 26,6 mill. kroner der kommunen ikkje har starta å betala avdrag.



Kommunen har betalt 1,8 mill kroner over kravet om minimumsavdrag. Kommunen ligg og over det fylkesmannen anbefalar om at avdragsutgifter på lån skal utgjera minimum 3,5 % av gjeld pr 31.12. I 2017 ligg Samnanger på 3,77 % (2,64 % i 2016), dvs 0,6 mill. kroner over kravet. Kommunen sin stramme økonomiske situasjon er årsaka til at det vart vedtatt å betala minimumsavdrag både i 2014 , 2015 og i 2016. I 2017 vart det betalt avdrag som planlagt.


42 % av låna er tatt opp med bunden rente. Det betyr at 58 % av lånegjelda, dvs 132,5 mill kroner, er sårbar for rentesvingingar. Kommunen har to måtar å redusera risikoen på. Den eine er å binda renta på større del av lånemassen. Det vil gje auka utgifter då den bundne renta ligg over den flytande renta, men vil redusera risikoen. Den andre måten er å ha ein buffer (disposisjonsfond) til å ta ev. renteauke. Fordelen med den siste måten er at dersom renteauken ikkje kjem, vil kommunen framleis ha bufferen tilgjengeleg og kan omdisponera midlane om nødvendig. Utfordringa er sjølvstøtt å ta vare på bufferen. Sjå note 13 i rekneskapen for meir informasjon om rente på lån.

Kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på fleire område. I 2017 har kommunen fått kompensasjon til skule, omsorgsbustader og til lån til soknerådet. Totalt har kommunen mottatt kr 479 626 . Av dette gjeld kr 87 693 omsorgsbustader på Tysse, og desse pengane er vidareformidla til Samnanger eigedom.



Inntekter frå kraftproduksjon

Konsesjonskraft



Samnanger kommune sel 22 321,1 MWh/år. I 2017 selde kommunen krafta på spotmarknaden. Prisane i 2017 har vore litt variable, men jamt over betre enn i 2016. Inntekta enda til slutt på 3,23 mill. kroner. Opphavleg budsjett var på 3,3 mill. kroner, men vart justert ned og seinare litt opp att til 3,15 mill. kroner.

Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftverk og er heimla i skatteloven §18-2. Den vert pålagt det einskilde kraftverket og vert utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra, og den vil normalt ikkje variera mykje frå år til år.

Naturressursskatten utgjer 1,1 øre/kWh til kommunen og 0,2 øre/kWh til fylkeskommunen. Denne satsen har stått uendra sidan 1997. LVK arbeider for å få satsen indeksjustert. Naturressursskatten medfører ikkje noko auka skattebelastning for kraftføretaket, men sikrar at kommunen får ein meir stabil skatteinntang. Naturressursskatt inngår i staten si inntektsutjamning. Denne samordninga fører til at naturressursskatten vert fordelt på alle kommunane i landet inklusive eigarkommunane. I 2017 fekk kommunen 4,43 mill. kroner i naturressursskatt (4,38 mill. kroner i 2016).

Konsesjonsavgift

I ein kvar konsesjon for erverv av fallrettigheitar eller regulering av vassdrag vert konsesjonæren pålagt å betala dei kommunane det gjeld konsesjonsavgift. Konsesjonsavgift er delvis meint å gje kommunane ein del av verdien som vert skapt ved utbygging og/eller regulering, og delvis meint å vera ein kompensasjon for dei skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje vert erstatta på anna måte. Konsesjonsavgiftene kan på mange måtar samanliknast med miljøavgifter på andre samfunnsområde. Miljøulempene ved vasskraftutbygging er av lokal karakter og konsesjonsavgift vert betalt til kommunane som har miljøulempene.

Konsesjonsavgifta er basert på ei berekning av kraftverket sin teoretiske produksjonskapasitet, som vert fastsett ut frå fallhøgde og vassføring gjennom kraftverket. Summen er fast og vert indeksregulert kvart 5. år. I 2017 fekk Samnanger kommune kr 979 457. Konsesjonsavgifta vart sist indeksjustert i 2014. Midlane er sett av på næringsfondet i samsvar med lokale vedtekter som er godkjent av fylkesmannen. Vedtektene må òg vera i overinstemming med reglane om offentlig støtte i samsvar med EØS-avtala.

Konsesjonsavgift vert pålagt utbyggjar når konsesjon for utbygging er gjeve etter vassdragsreguleringsloven. Småkraftverk får ikkje slike pålegg.

Samla oversikt over inntekter knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg.

(tal i heile tusen):

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Konsesjonskraft	5 101	2 674	4 225	3 908	1 524	2 375	3 228
Konsesjonsavgift	898	898	898	979	979	979	979
Naturressursskatt*	4 421	4 399	4 370	4 388	4 275	4 382	4 426
Eigedomsskatt knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg	7 752	8 043	8 748	8 532	7 133	5 726	4 028
Sum inntekter	18 172	16 014	18 242	17 808	13 911	13 463	12 661

*inngår i inntektsutjamninga mellom kommunane

Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det skrive ut eigedomsskatt på alle eigedomar i 2017. Den generelle satsen er på 7 promille og sats som gjeld bustadhus, fritidsbygg m.m. er på 2,4 promille.

Kommunen fekk i 2017 inn 13,6 mill kroner (15,1) i eigedomsskatt, av dette kjem 8,4 mill kroner (10,1) frå verk og bruk og næring. Kr 5,2 mill kroner (5,0) frå eigedomsskatt på hus og hytter. 2016-tal i parentes.

Eigedomsskatt er ei frivillig, kommunal skatteordning og inngår ikkje i inntektssystemet til kommunane, dvs inntekta vert ikkje utjamna mellom kommunane.


Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst (sist taksert i 2012 for verk og bruk), medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) kvart år. BKK har dei siste åra hatt større vedlikehaldarbeid ved produksjonsanlegga i Samnanger. Dette har ført til at grunnlag for eigedomsskatt har vorte kraftig redusert og vil halda seg låg i fleire år framover.


I tillegg til at grunnlaget er vorte redusert som følgje av vedlikehaldsarbeid, har prisane på kraft dei siste åra vore låge. Dette påverkar verdien negativt fordi det er dei siste 5 års rullerande spotmarknadsprisar som vert lagt til grunn. I 2017 fekk kommunen òg melding om at NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) hadde avdekka feil i fordelingsnøkklane for BKK produksjon as sine produksjonsanlegg i Samnanger. Tidlegare var fordelinga for dei fleste anlegga 100 % til Samnanger. No skal ein del av inntekta gå til Kvam herad. Saman med Kvam har me fått kvalitetssjekka dette av advokatselskapet Lund&co, som ikkje finn at det er gjort noko feil. Skatteetaten har korrigert fordelingsnøkklane for 2017 og me har fått melding om at dei ikkje på eige initiativ kjem til å gå fleire år tilbake. For 2017 betydde denne korrigeringa eit inntektstap på 0,4 mill kroner.

Samla sett er grunnlaget for eigedomsskatt knytt til BKK sine anlegg i Samnanger meir enn halvert frå 2014. Grunnlaget var då på 1 215 mill. kroner og no i 2017 med dei nye fordelingsnøkklane, er grunnlaget 555 mill. kroner.

Dette gjev ein reduksjon i eigedomsskatt på 4,6 mill. kroner frå 2014.

Kommunen får òg inntekter frå kraftstasjonane til Kraftkameratane, Dyrhovden energi og Kleivane energi.





Grafen til venstre viser eigedomsskatt frå kraftstasjonar i kommunen inkludert produksjonsrelatert nettanlegg som vart taksert i 2016.

LVK arbeider framleis for å forsøka å få fjerna makstaket som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Makstaket har vorte indeksjustert dei siste åra, men så lenge eigedomskattelova gjev eit makstak, vil kommunen gå glipp av store inntekter. Det er òg på dette området viktig at det vert arbeidd politisk dersom kommunane sitt krav skal få gjennomslag.

LVK arbeidar og med å få justert ned kapitaliseringsrenta til bruk ved fastsetting av eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk. Renta har stått uendra på 4,5 % i fleire år til tross for det kraftige fallet i rentemarknaden dei siste åra og til tross for at samtlige andre renter til bruk til kraftskatteformål er blitt redusert. Høg kapitaliseringsrente gjer at eigedomsskattegrunnlaget på kraftverk vert redusert og kommunen får lågare inntekter. Den påverkar ikkje kva skatt kreftverket betalar totalt sett, men høg rente gjer at kommunane får mindre del av skatteinntekta og staten får meir. Samnanger kommune gav saman med mange andre kommunar høyringsuttale i 2017, men det er ikkje noko som så langt viser at det er vilje til endring hos styresmaktene.


Frå 2019 skal verk og bruk utgå som begrep og takseringsmetode i eigedomsskattelova. Kor mykje dette vil påverke eigdomsskatten i Samnanger kommune er for tidleg å seie. Det er òg vedtatt ei kompensasjonsordning, men om den fullt ut vil kompensera inntektstapet er usikkert.

Det er mykje som tyder på at den lokale beskatningsretten (eigedomsskatten) er under press. Samnanger hadde i 2017 ein skatteinngang på 90 % av landgjennomsnittet og 94,7 % etter inntektsutjamning. Inntekter frå eigedomsskatt er heilt avgjerande for å kunne gje gode tenester.

Fond

Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møte uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Saldo pr. 31.12.2017 er kr 5 828 864,60. Av dette er det 100 000 kroner disponert til arbeid med arealplan jfr KS vedtak 4/13. For meir detaljert informasjon sjå note nr 8 i rekneskapen.



Disposisjonsfondet i % av brutto driftsinntekter er på 2,6 %. I KG 3 er det på 7,7 % og i KG 1 på 8,1 %. Disposisjonsfondet i Samnanger må aukast til 17 mill kroner for å vere på same nivået som i KG 3.

Årsmelding 2017 Driftsrekneskapen

Fond Sima-Samnanger

Samnanger fekk 8,2 mill. kroner i kompensasjon for ulemper påført i samband med bygging av kraftleidning mellom Sima og Samnanger. Det er gjennom Fylkesmannen avklara med departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Fylkesmannen tilrår at midlane vert brukte til framtidige investeringar. Kommunestyret gjorde i sak 15/12 vedtak om bruk av midlane. Oversikt viser vedtak, bruk av fondet, omdisponering av opphavleg vedtak og nye vedtak / lån av fondet. Det er gjort vedtak om lån av midlar frå fondet på til saman 2,656 mill. kroner. Det er pr 2017 ført tilbake 1,5 mill kroner til fondet. Det er budsjettert med å føra tilbake resten i 2018.

	Vedtaks KS 15/12	Omdisponert	Sum 2012-2014	2015	2016	2017	Sum	Rest
Mottatt fond							8 213 509	
Bruk:								
KS 15/12 Asfaltering	2 000 000		-2 000 000				-2 000 000	0
KS 15/12 Musikkbinge	500 000	-225 000	-158 563				-158 563	116 437
KS 69/14 Omdisponert til veg til Totræna		225 000	0	-225 000			-225 000	
KS 15/12 Breiband, omdisponert KS 31/14	800 000	-690 000	-10 814			-29 456	-40 270	69 731
KS 31/14 VVA-Bjørkheim		690 000	-164 544	-94 544	-215 456		-474 544	215 456
KS 15/12 Førebyggjande ungdomsarbeid	1 500 000	-597 158	-43 523	-140 000	-140 000	-90 000	-413 523	489 319
KS 69/14 Motorcrossbane, omdisponert til Totræna kr 145 000		0	0		0		0	0
KS 80/16 Tilskot til Totræna		145 000	0		-145 000		-145 000	0
KS 15/12 Kunstgrasbane	1 400 000	352 158	0			-1 752 158	-1 752 158	0
KS 15/12 Veg til idrettsanlegget; endra finansiering til næringsfondet (KS 28/14).	2 000 000	-589 000	0			-80 643	-80 643	1 330 357
KS 28/14 meirforbruk drift 2014		589 000	-589 000				-589 000	0
KS 100/16 Bibliotek		100 000	0			-100 000	-100 000	0
KS 63/13& 57/14 Innføring eigedomsskatt (lån)			-1 188 000	-112 000			-1 300 000	
KS 12/15 17.06.15 Innføring av e-skatt (lån)			0	-280 000			-280 000	
KS 63/13 KLP EK-tilskot			-1 076 000				-1 076 000	
KS 100/16 Tilbakeført til fond 2017			0				1 500 000	
Udisponert	13 509						0	
Sum vedtak/ bruk	8 213 509	0	-5 230 444	-851 544	-500 456	-2 052 256	-7 134 700	1 078 809
Resterande sum							1 078 809	

Næringsfond

Av næringsfondet kan det ytast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og verksemder under etablering. I 2017 kom det fem søknader frå private verksemder som alle fekk positivt vedtak. Søknadane gjaldt tilskot til driftsbygning, bilverkstad/lokale, etablering av russ exclusive og blomsterbutikk/ kafe. Tilsaman er det vedtatt tilskot på kr 150 000.

Kommunen brukar òg fondet aktivt til å finansiera egne tiltak knytt til næringsverksemd. I rekneskapen er det brukt kr 589 000 til investeringar og kr 803 594 til drift eks. tilskot til private. Eksempel på bruk er arbeid med kommuneplan, revitalisering Tysse , marknadsføring og kontingent/ medlemsavgift i næringsretta organisasjonar.

Bruk av næringsfondet	2017
Tilskot til private	140 000
Budsjett/ drift	437 629
E-skattesak Statnett, felles	20 000
Veg Hagabakkane	589 000
Planarbeid	345 965
Sum bruk	1 532 594

Pr 31.12.17 er det kr 210 190 på kommunen sitt næringsfond som ikkje er disponert. Kr 528 521 er disponert, men ikkje utbetalt. Den største summen er kr 250 000 som gjeld løyving til breiband. Kr 71 339 er ført tilbake til fondet fordi utgifta ikkje vart så høg som forventa.

Det er netto budsjettert med å auka fondet med kr 221 506 i 2018. Totalt er det kr 431 696 som er udisponert pr 01.01.2018.

På kort sikt er det små moglegheiter til å styrka fondet ut over årleg konsesjonsavgift som skal setjast av og evt. tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtesalet. Det vart ikkje selt tomtar i 2016 eller 2017. Konsesjonsavgifta var i 2017 kr 979 457 og vert indeksjustert kvart 5. år, sist i 2014. Saldo lån av fondet til Lønnebakken er pr 31.12.2017 på 1,6 mill kroner.

Årsmelding 2017 Driftsrekneskapen

Investeringsfond

Kommunen har to ubunde investeringsfond og eit som er knytt til vatn/ avløp Hagamulen. Saldo pr 31.12.2017 er kr 3 630 536.

Informasjonen er henta frå note 7 i rekneskapen:

Ubunde kapitalfond		
Konto 253.20.001	Ubunde investeringsfond	5 537 834
Konto 253.20.002	Nytt ubunde investeringsfond	5 063 197
Konto 253.20.004	Fond vatn/ avløp Hagamulen	300 000
Saldo pr 01.01.2017		10 901 031
Tilgang:		
KS 100/16	Forskottering av Tyssetunellen betalt tilbake	1 750 000
KS 100/16	Sal av Lønnebakken, hus	2 174 120
KS 21/17	Sal av tomt i Rolvsvåg	100 000
art 548*	Sum avsett fond	4 024 120
Avgang:		
KS 100/16 & 57/17	Kommunale bygg mm	-758 168
KS 100/16 & 57/17	Vassforsyning	-984 527
KS 100/16 & 57/17	Bibliotek	-1 521 000
KS 100/16 & 57/17	KLP eigarkapitaltilskot	-599 091
KS 9/17 & 57/17	Bjørkheim park	-1 140 100
KS 100/16	Rolvsvåg industriområde	-650 237
KS 64/16	Krøllgrasbane, lån	-2 584 212
KS 100/16, 10/17 & 57/17	Kommunale vegar	-3 057 279
art 948*	Sum bruk av fond	-11 294 615
Utgående balanse pr 31.12.2017 konto 253.20		3 630 536
Ubunde kapitalfond		
Konto 253.20.001	Ubunde investeringsfond	2 352 551
Konto 253.20.002	Nytt ubunde investeringsfond	977 985
Konto 253.20.004	Fond vatn/ avløp Hagamulen	300 000
Saldo pr 01.01.2018		3 630 536

I budsjett 2018 er det lagt inn netto avsett til fond kr 899 200. Kr 500 000 kjem frå forventa sal av kommunale eigedomar og er usikkert.


ORGANISASJON

Sektor for organisasjon hadde i 2017 ansvar for diverse fellesfunksjonar på kommunehuset. Budsjettmessig låg òg oppfølgingsansvar for politisk nivå og revisjon, tilskot til kyrkja og andre livssynsorgan, samt diverse fellesutgifter til denne sektoren.

Organisasjon hadde i 2017 sektorovergripande ansvar knytt til mellom anna økonomi, rekneskap, fakturering, løn, personal, felles opplæringstiltak, arkiv, innkjøp, IKT og informasjon.



**%-andel av totale
brutto driftsutgifter**



FAKTA OM SEKTOREN

Sektorleiar:

Jan Erik Boge

Netto utgifter:

Kr. 16 503 219

Avvik budsjett:

Kr. 293 703 (mindreforbruk)

Tal tilsette:

11

Tal årsverk:

10,45

Einingar/arbeidsstader:

Rådmannskontoret/stab

Økonomikontoret

Løns- og personalkontoret

Sørvissenteret

I hovudsak måtte heilt nødvendige primæroppgåver og lovpålagte oppgåver prioriterast i 2017. Første kvartal var spesielt utfordrande, på grunn av vakanse ved løns- og personalkontoret. På same måte som i 2016, klarte sektoren i 2017 ikkje å jobba nok med utvikling og kvalitetssikring. Dette gjeld til dømes arbeid med revisjon av fleire kommunale planar og vedtekter, utarbeiding og kvalitetssikring av rutinar og prosedyrer, felles opplæringstiltak for einingane og diverse utviklingsarbeid.

For mykje av arbeidstida for leiarane i sektoren i 2017 gjekk til drift og forvaltningsoppgåver, og dette gjekk på bekostning av arbeid knytt til utvikling og forbetring av tenester, system og rutinar. Dette gjaldt i 2017, på same måte som dei føregåande åra.

Det vart hausten 2017 bestemt at sektor for organisasjon skal opphøyra som eigen sektor i 2018. Økonomikontoret og løns- og personalkontoret vil då bli lagt direkte under rådmannen. Sørvissenteret vil bli omgjort frå eining til avdeling, og IKT vil bli skilt ut frå sørvissenteret. Rådgjevar ved rådmannskontoret vil få eit overordna ansvar for både sørvissenteret og IKT.

Organisasjon	2016 Rekneskap	2017 Rev.budsjett	2017 Rekneskap	Avvik	Avvik
Rådmannskontor/stab	900 597	1 154 126	1 141 689	-12 437	-1,08%
Økonomikontoret	1 667 751	1 903 600	1 875 748	-27 851	-1,46%
Løns- og personalkontoret	1 912 967	2 015 293	1 911 846	-77 190	-3,83%
Fellesutgifter	1 333 485	1 436 139	1 337 521	-98 618	-6,87%
Sørvissenteret	5 025 031	5 455 035	5 524 137	69 103	1,27%
Politisk nivå og revisjon	2 265 023	2 290 729	2 127 564	-163 165	-7,12%
Tilskot til kyrkja/andre livssynsorgan	2 384 871	2 542 000	2 558 456	16 456	0,65%
Totalt	15 489 724	16 796 922	16 503 219	-293 703	-1,75%

(Minusteikn betyr mindreforbruk)

Personalstatistikk m.m. for heile kommunen

Årsverk i Samnanger kommune				
	2017	2016	2015	2014
Tal årsverk	188	185	183	184
Tal tilsette	267	260	262	265

Årsverk fordelt på alder		
Aldersgruppe	Årsverk i 2017	Prosent av årsverk totalt
Under 20 år	3,4	1,8%
20 - 29 år	24,3	12,9 %
30 - 39 år	34,2	18,2 %
40 - 49 år	56,0	29,8 %
50 - 59 år	51,3	27,3 %
60 - 69 år	18,4	9,8 %
Over 69 år	0,4	0,2 %

Fordeling kvinner/menn				
	2017	2016	2015	2014
Tal kvinner	214	207	207	208
%-del kvinner	82,6	79,60 %	79,00 %	78,50 %
Årsverk kvinner	155	152		
Tal menn	53	53	55	57
%-del menn	17,4	20,40 %	21,00 %	21,50 %
Årsverk menn	33	33		

Tilgang på arbeidskraft

Kommunen hadde i 2017 tilstrekkeleg tilgang på arbeidskraft innanfor dei fleste fagområde. Det melde seg kvalifiserte søkjarar til dei fleste stillingar som vart lyste ut. På følgjande område var det rekrutteringsutfordringar i 2017:

- Lærarar i skulen
- Psykolog
- Sjukepleiarar (spesielt vikariat)
- Støtte-/fritidskontaktar

Kommunen har ikkje moglegheit til sjølv å ha spisskompetanse innanfor alle fagområde. Som følgje av dette vert det kjøpt noko konsulenthjelp innanfor enkelte fagområde. På andre fagområde er det etablert interkommunalt samarbeid eller ordning med kjøp av tenester frå andre kommunar.

Sjukefråværsstatistikk

Sjukefråvær i Samnanger kommune *				
	2017	2016	2015	2014
Totalt	7,7	7,3 %	7,9 %	7,7 %
Fordelt på kjønn:				
<i>Kvinner</i>	8,6	8,0 %	8,4 %	7,5 %
<i>Menn</i>	3,1	4,2 %	5,7 %	8,2 %
Fordelt på alder:				
<i>20 - 29 år</i>	10,5	6,8 %	6,9 %	10,4 %
<i>30 - 39 år</i>	6,2	8,8 %	7,5 %	7,0 %
<i>40 - 49 år</i>	7,3	5,7 %	7,5 %	6,7 %
<i>50 - 59 år</i>	8,7	7,9 %	8,1 %	9,2 %
<i>60 - 69 år</i>	5,7	7,7 %	10,4 %	5,5 %
Fordelt på lengd:				
<i>1 - 16 dagar</i>	1,6	1,9 %	1,9 %	1,8 %
<i>17 - 56 dagar</i>	1,5	1,7 %	2,2 %	1,8 %
<i>Over 56 dagar</i>	4,6	3,7 %	3,8 %	4,2 %
Fordelt på type:				
<i>Eigenmelding</i>	0,9	0,7 %	0,7 %	0,9 %
<i>Sjukemeld av lege</i>	6,8	6,6 %	7,2 %	6,8 %

*) Arbeidsmiljøutvalet har vedteke ei målsetting om at det samla sjukefråværet i kommunen ikkje skal vera høgare enn 6,5%.

Sjukefråvær i einingane		
Eining/arbeidsstad	Sjukefråvær 2017	Målsetting 2017 *
Rådm.kontor og stab	3,9 %	3,8 %
Sørvissester	1,6 %	3,8 %
Barnehage	13,8 %	7,0 %
Barneskulen	8,7 %	4,3 %
Ungdomsskulen	3,2 %	4,5 %
Kultur	2,3 %	3,8 %
Helse	5,3 %	3,8 %

Sjukefråvær i einingane		
Eining/arbeidsstad	Sjukefråvær 2017	Målsetting 2017 *
Sjukeheim	9,0 %	9,0 %
Heimetenester	10,9 %	9,0 %
Funksjonshemma	3,3 %	9,0 %
NAV	8,2 %	3,8 %
Teknisk forvaltning	8,8 %	3,8 %
Teknisk drift	8,2 %	3,8 %

*) Sjå side 26 i rådmannen sitt økonomiplanrundskriv for 2017 - 2020.

Likestilling

På same måta som andre kommunar, er det ei stor overvekt av kvinner blant dei tilsette i Samnanger. Med nokre få unntak, gjeld dette for alle einingane. Kommunen har ikkje konkrete målsettingar eller tiltaks-/handlingsplan knytt til å få ein jamnare kjønnsbalanse i einingane.

Kommunen har ikkje arbeidd systematisk med å kartleggja eventuelle skilnader mellom kvinner og menn med omsyn til løn eller andre arbeidsvilkår. Det er likevel klart at omfanget av deltidsarbeid er vesentleg større blant kvinner enn menn i kommunen. Dette gjeld truleg òg omfanget av uønska deltid.

Opplæring for tilsette

Det vart ikkje gjennomført fellesopplæring for alle einingane i 2017. Det vart likevel gjennomført mykje opplæring for tilsette i kommunen, både intern og ekstern opplæring. Ekstern opplæring omfattar både deltaking på kurs/samlingar og at tilsette gjennomfører grunnutdanning eller vidare-/etterutdanning. Når det gjeld opplæringstiltak for tilsette i skule og barnehage, blir ein del av dette koordinert gjennom Midthordland kompetanseregion.

Leiaropplæring har vore etterlyst i kommunen i fleire år. Dette er eit område rådmannen vil prioritera frå og med 2018, og planlegginga av leiaropplæringa starta hausten 2017.

Bedriftshelseteneste

Samnanger kommune kjøper bedriftshelsetenester frå Bedriftshelse1 i Norheimsund. Den samla kostnaden i 2017 var om lag 266 000 kroner. Denne summen inkluderer både utgifter til kjøp av ordinære bedriftshelsetenester (om lag 112 000) kroner og utgifter til kjøp av forundersøking knytt til ei sak i kommunen (om lag 154 000 kroner). Ordinære bedriftshelsetenester omfattar mellom anna helsekontrollar for grupper av tilsette, målingar/kartleggingar, bistand i enkeltsaker og deltaking på møte i arbeidsmiljøutvalet.

Lokale lønsforhandlingar

Det vart i 2017 (i september/oktober) gjennomført lokale lønsforhandlingar for alle grupper av tilsette i kommunen. Det vart gjennomført forhandlingar med til saman 15 fagforeiningar. Det vart semje med 14 av desse og brot med ei fagforeining. Tvisten med denne fagforeninga vart avgjort gjennom forhandlingar mellom dei sentrale tariffpartane i Oslo.

Fellesarrangement for tilsette - bruk av velferdsmidlar

Det var sett av 40 000 kroner til velferdstiltak for tilsette i 2017. Det vart ikkje gjennomført fellesarrangement for alle tilsette. Midlane vart i staden fordelt til einingane til bruk i samband med julearrangement/tilsvarande for tilsette.

Medarbeiderundersøking

Det vart ikkje gjennomført medarbeiderundersøking i 2017.

Internkontroll og etikk

Det går fram i § 48 i kommunelova at det i årsmeldinga skal "redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten."

Kapittel 2 i personalvedtektene for Samnanger kommune omhandlar etiske prinsipp både for tilsette og folkevalde. Disse prinsippa har vore relativt uendra i mange år og det er behov for revisjon. Av kapasitetsmessige årsaker kom dette arbeidet heller ikkje i gang i 2017.

I tillegg til dei etiske prinsippa har Samnanger kommune òg retningslinjer og rutinar for ein del område, for å sikra god kontroll og redusera risikoen for regelbrot/korrupsjon. Døme på slike rutinar er:

- Alle ledige stillingar skal lysast ut anten eksternt eller internt.
- Det skal vera to underskrifter når rekningar for innkjøp av varer og tenester skal betalast (attestasjon og tilvising). Det same gjeld for godkjenning av timelister, reiserekningar m.m.
- Reglar for kva gåver dei tilsette kan ta imot/akseptera.

Når det gjeld innkjøp, vert nok lov og forskrift om offentlege innkjøp i ein del tilfelle opplevd som krevjande og tungvint å etterleva. Dette gjeld mellom anna fordi lova i ein del høve gjer innkjøpa dyrare og at ein kjem i situasjonar der ein ikkje har fleksibilitet til å finna fram til dei beste løysingane. I nokre tilfelle kan og reglane føra til òg at det tek svært lang tid å få kjøpt inn varer og tenester. Som følgje av endringar i innkjøpslovgjevinga i 2017, er det behov for å revidera kommunen sitt innkjøpsreglement. Dette arbeidet kom dessverre ikkje i gang i 2017. I regi av kontrollutvalet skal det i 2018 gjennomførast forvaltningsrevisjon på innkjøp i kommunen. Når rapporten frå denne revisjonen ligg føre, må det sjåast på om det er behov for å gjennomføra tiltak, for eksempel knytt til system/rutinar eller opplæring/innkjøpsfagleg kompetanse.

Samnanger kommune ønskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskelege relasjonar. Det vera seg mellom tilsette og brukarane, mellom tilsette og politikarar, med kollegaer og også mellom brukarane (til dømes elevar). Mobbing er og eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at dette vert etterlevd.

Det vert elles vist til årsmeldinga for sektor for samfunn og utvikling for informasjon om internkontroll/internkontrollsystem.

Økonomikontoret

Økonomikontoret hadde 1,9 årsverk i 2017, fordelt på tre tilsette (økonomisjef 100%, konsulent 75% og sekretær 15%).

Innføringa av eigedomsskatt på bustad-, fritids- og næringseigedomar i 2015 har ført til varig auka arbeidsmengd for økonomikontoret. Dette gjeld arbeid knytt til årleg utskriving og fakturering av eigedomsskatt, samt arbeid med behandling av klagar på eigedomsskatt. Dette arbeidet utgjør årleg om lag to månadsverk.

Økonomikontoret måtte frå hausten 2016 mellombels overta løns- og personalkontoret sitt ansvar for sjukefråværsregistrering og innkrevjing av sjukepengerefusjonar m.m. frå NAV. Dette var ei relativt omfattande tilleggsoppgåve, som varte fram til sommaren 2017.

Arbeidssituasjonen/arbeidsmengda har vore krevjande for økonomikontoret i mange år, dette gjeld spesielt for økonomisjefen. Kommunestyret vedtok i budsjettbehandlinga for 2017 å oppretta ei ny 100% rådgjevarstilling (50% ny stillingsressurs og 50% stillingsressurs overført frå tidlegare kultursjefstilling). Denne stillinga vil vera knytt til økonomikontoret, og vil forhåpentlegvis vera med på å redusera arbeidspresset ved kontoret noko.

Løns- og personalkontoret

Det var utskifting i begge stillingane ved løns- og personalkontoret våren 2017. Den faste bemanninga ved kontoret er 2,0 årsverk, fordelt på to tilsette (leiar løn og personal 100% og konsulent 100%). I 2017 hadde kontoret i tillegg ein god del hjelp frå sekretær ved rådmannskontoret. På same måte som 2016, var 2017 eit utfordrande år for løns- og personalkontoret. Arbeidsmengda ved kontoret er stor, med mange faste oppgåver som ikkje kan forskyvast/utsetjast (lønsutbetalingar, refusjonsinnkrevjing, rapporteringar m.m.). I tillegg kjem diverse andre oppgåver der omfanget varierer, mellom anna tilsetjingssaker, personalsaker, oppfølging av sjukemelde og hjelp/rådgjeving til einingane.

Løns- og personalkontoret vil i 2018 få ansvar for gjennomføringa av to prosjekt som vart bestemt hausten 2017. Dette gjeld leiaropplæring og nærværprosjekt. Planlegginga av begge desse prosjekta starta hausten 2017.

Samarbeidet med NAV Arbeidslivssenter, som løns- og personalkontoret i liten grad har klart å prioritera dei siste åra, vart «reetablert» hausten 2017, mellom anna i samband med planlegginga av nærværprosjektet. Me tek sikte på å halda fram og utvida samarbeidet vidare framover.

Det har i fleire år vore utfordringar relatert til kommunen sitt lønssystem, som vart teke i bruk i 2012. For mykje av arbeidstida ved løns- og personalkontoret går med til arbeid knytt til lønssystemet, spesielt teknisk arbeid/systemarbeid relatert til vedlikehald, oppdateringar og feilsøking. I tillegg til å arbeida for å redusera omfanget av slikt arbeid, er det stort behov for å effektivisera lønsarbeidet gjennom å få på plass elektroniske løysingar for timelister, overføring av lønsopplysningar frå turnussystem m.m.

Sørvissenteret

Eining for sørvissenter hadde i 2017 ansvar for mellom anna postmottak, arkiv, ekspedisjon, sentralbord, politisk sekretariat og IKT. Eininga hadde 4,75 årsverk, fordelt på fem tilsette (einingssleiar 100%, to sekretærar med høvesvis 90% og 85% stilling, og to IKT-konsulentar med 100% stilling).

Sørvissenteret heldt i 2017 fram arbeidet med å henta inn arkiv/arkivmateriale frå einingane, og rydda og systematisera dette. Dette er eit svært omfattande arbeid, som vil måtte fortsetja i fleire år framover.

Kommunen sitt arkiv- og saksbehandlingssystem (Acas Websak) vart oppgradert til ny versjon våren 2017, samt at det kom på plass ny møtemodul.

Mangel på eigna arkivlokale er ei stor utfordring for sørvissenteret. Ved daglegarkivet er det både plassmangel og manglande tryggleik mot mellom anna brann og innbrot. Sørvissenteret har òg mangel på plass til lagring av eldre arkivmateriale (bortsetjingsarkiv/spesialrom for arkiv), fordi det noverande bortsetjingsarkivet er fullt. Det må gjerast investeringar knytt til arkivlokale i åra som kjem. I tillegg vil det truleg vera behov for at kommunen leiger meir plass til lagring av arkivmateriale hos Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH).



Kassar med arkivmateriale klare til henting på IKAH (Interkommunalt arkiv Hordaland) våren 2017. Dette gjeld arkivmapper som kommunen innleverte til IKAH for nokre år sidan, og som IKAH no har gått gjennom og systematisert/rydda. Arkivmateriale er no tilbake i Samnanger.

Kommunen har i dag papirarkiv for alle arkivdelar (sentralarkiv, elevarkiv, personalarkiv og eigedomsarkiv). Dette gjer at sørvissenteret må bruka uforholdsmessig mykje av arbeidstida på kopiering av papir og arbeid med papirmapper (saksmapper). Overgang til papirlaust arkiv, papirlaus saksbehandling og digitale løysingar for innbyggjarar/publikum må vera satsingsområde for kommunen. I kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember 2017 vart det sett av midlar til nokre tiltak knytt til dette, men det vil vera behov for ytterlegare midlar i åra som kjem.

Utviklinga i talet på arkivsaker og journalpostar (dokument) gir ein indikasjon på saks- og arbeidsmengda ved sørvissenteret. Både talet på arkivsaker og journalpostar (dokument) pr. år har nesten dobla seg i perioden frå 2011 til 2017.

Utvikling i tal arkivsaker og journalpostar i kommunen sitt arkiv-/saksbehandlingssystem								
Tekst	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Merknad
Arkivsaker registrert i Websak (Websak er kommunen sitt elektroniske arkiv- og saksbehandlingssystem (hovudsystem)).	668	739	852	1008	1016	1083	1132	Ei arkivsak kan t.d. vera ei tilsetjingssak, byggesak, elevsak, plansak eller ei personalsak.
Journalpostar registrert i Websak	5412	6742	6892	8041	9210	10040	11089	Ein journalpost kan t.d. vera eit inn-/ utgåande brev eller eit saksframlegg.

IKT

Den eine av dei to IKT-konsulentane i kommunen slutta våren 2017, og ny konsulent starta i august 2017.

Samnanger driftar dei fleste dataystema sjølv, og IKT-konsulentane har eit breidt arbeidsområde. Dei arbeider kontinuerleg med å finna, få på plass og drifta gode og føremålstenlege løysingar, ofte i

samarbeid med både einingane og andre. Det vart i 2017 ikkje gjennomført større prosjekt knytt til IKT-området.

Dei tilsette på IKT har heimevaktordning, med vakt fram til kl. 22.00 alle dagar. Ordninga vart innført for nokre år sidan, primært på bakgrunn av at kommunen blir meir og meir avhengig av at datasystema våre fungerer til ei kvar tid, også utanom ordinær arbeidstid. Dette gjeld spesielt datasystema i pleie- og omsorgstenestene

Ein av IKT-konsulentane har dei siste åra hatt ein del administrative oppgåver knytt til brannvesenet og førstehjelpsbilen. Dette gjer at den faktiske stillingsressursen knytt til IKT har blitt litt redusert, sjølv om dette ikkje viser budsjettmessig.

I kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember 2017 vart det sett av 175 000 kroner i ekstramidlar i 2018 til utskifting av PC'ar for elevar ved skulane. Dersom kommunen skal halda fram med å ha like stor tettleik på elev-PC'ar som i dag, må det setjast av ekstramidlar òg i åra etter 2018.

Rådmannen vil i 2018 sjå på kommunen si IKT-drift, og vurdere om me bør samarbeida med andre kommunar på dette området.

Politisk nivå og revisjon

2017 var det andre heile året i kommunestyreperioden 2015 – 2019.

Nedanfor følgjer oversikt over aktiviteten i kommunestyret, formannskapet og diverse utval.

Utval	2012		2013		2014		2015		2016		2017	
			Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Administrasjonsutvalet	5	13	1	3	4	11	2	5	2	6	2	9
Arbeidsmiljøutvalet	3	9	5	19	5	21	4	17	3	11	4	13
Eigedomsskatt (takstutval)	5	39	3	15	1	2	Nedlagt					
Eigedomsskatt (klagenemnd)	0	0	2	4	0 *	0	1	14	1	13	1	11
Eigedomsskatt (sakkunnig nemnd)	Opretta i 2014				0 *	0	5	24	3	32	0	0
Eldrerådet	4	8	4	12	3	9	2	5	2	4	2	5
Formannskapet	9	72	10	52	13	70	7	51	8	70	6	48
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	4	8	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Kontrollutvalet	5	38	5	37	5	38	4	46	4	49	5	43
Kommunestyret	6	92	9	71	7	73	7	76	8	106	7	58
Naturutvalet	8	88	8	74	8	69	8	68	8	63	7	36
Utvalet for oppvekst og omsorg	6	30	6	23	5	15	4	15	Nedlagt			
Tilsetjingsutvalet	25	34	19	40	16	29	31	39	17	26	16	22
Ungdomsrådet	4	15	0	0	5	24	6	13	4	12	7	5**
Viltnemnda	3	9	1	5	1	6	1	3	Nedlagt			

*) Takstutvalet for eigedomsskatt vart i juni 2014 omgjort til sakkunnig nemnd for eigedomsskatt. Den sakkunnige nemnda og klagenemnda deltok på eit 2-dagars kurs i 2014, men hadde ingen møte der saker var oppe til behandling/der det vart gjort vedtak.

***) Ungdomsrådet hadde ikkje vedtakssaker til behandling på alle møta sine i 2017.

SAMFUNN OG UTVIKLING

Samfunn og utvikling er eit tenesteområde med sektorovergripande arbeidsoppgåver knytt til samfunnsutvikling, næringsutvikling, kultur, folkehelse, beredskap, landbruksteneste og tekniske tenester. Til tekniske tenester ligg forvaltningsoppgåver innan byggje- og delingssaker, oppmåling, plan og miljø. I tillegg kjem drifting av kommunale eigedomar, veg, vatn og avløp. Utbygging og investeringsprosjekt er òg lagt til sektoren. I 2017 vart fleire store investeringsprosjekt avslutta. VA-utbygginga på Bjørkheim vart ferdigstilt, og i juni vart både nytt bibliotek og kunstgrasbane tatt i bruk. Vegen til Totræna fekk ny rassikker trase, og det er utført ei rekke byggvedlikehald.

Kommuneplanen sin arealdel har vore eit stort arbeid over fleire år. Planen vart vedteken i desember 2017. Arbeidet med å lage ein ny planstrategi for dei neste fire åra står for tur, og samfunnsdelen til kommuneplanen er ein av dei som bør ha høgast prioritet.

Kommunen har etter kvart fått til eit godt tverrfagleg samarbeid (TFS) på korleis å fremma folkehelsa hos innbyggjarane. Det er etablert eit kvalitetstyringssystem som og inkluderer rapportering av avvik. I 2017 vart ein del oppgåver utsett grunna vakanse ved rådmannskontoret, og det har vore ein del tidkrevjande saker spesielt innanfor tekniske tenester. Pr. i dag har me ikkje tilgjengelege detaljar frå kostratal innanfor sektoren, så samanlikningar og analysetal vert lagt fram i økonomiplanen.


Økonomi

Samfunn og utvikling forvalta i 2017 totalt kr. 23 242 494. Sjølvkostområde som utgifter til vatn, avløp og slam vert haldne utanom driftsutgiftene til sektoren og kjem i tillegg. I 2017 utgjør VA-utgiftene kr. 5.052.437. Det er svært god budsjettstyring innanfor tenesteområda, og for heile sektoren var det eit mindreforbruk på kr 226.949. Noko som skuldast meirtilskot og bruk av fond.

Samfunn og utvikling	2016 Rekneskap	2017 Rev.budsj.	2017- Rekneskap	Avvik	Avvik
Rådmannskontor	1 064 322	1 591 913	1 543 142	-48 771	-3,16%
Næringsføremål	-2 444 648	-3 107 000	-3 230 551	-123 551	-4,00%
Samf utvikling	778 882	863 012	836 998	-26 014	-3,00%
Teknisk FV	6 296 695	6 858 254	6 850 200	-8 054	0%
Teknisk drift	11 428 728	13 429 180	13 553 167	123 987	0,91%
Kultur	3 423 160	3 834 084	3 689 538	-144 546	-3,90%
Totalt	20 547 139	23 469 443	23 242 494	-226 949	-0,90%

(Minusteikn betyr mindreforbruk)

%-andel av totale brutto driftsutgifter



FAKTA OM SEKTOREN

Ass.rådmann/Sektorleiar:
Hilde-Lill Våge

Netto driftsutgifter:
Kr. 23 242 494 (eks.sjølvkost)

Sjølvkost (brutto):
Kr. 5 052 437

Avvik budsjett:
Kr. 226 949 (mindreforbruk)

Tal tilsette:
39 (+ 16 brannkonst)

Tal årsverk:
26,25 (+0,17 brann)

Tal brukarar:
2 463

Einingar:
Rådmannskontoret (inkl næring)
Teknisk forvaltning
Teknisk drift
Kultur

Næring

Delar av industriområdet i Rolvsvåg er ferdig regulert og tilrettelagt for sal. Det vart selt ein tomt i øvre del av området på nyåret. Hausten 2017 vart det inngått kontrakt om å etablera veg og infrastruktur opp i øvste industriområde. Dette vil stå ferdig våren 2018. Kommunen må då ta stilling til den vidare utbygginga av infrastruktur.

Det er løyvd kr. 150.000 i tilskot frå det kommunale næringsfondet til 5 bedrifter til etablering og bedriftsutvikling.

Samnanger har eit interkommunalt samarbeid med Fusa, Os og Tysnes om landbrukstenestene. Me betalte kr. 697 941 i tilskot til Fusa, som er arbeidsgjevarkommunen i samarbeidet.

Landbrukskontoret har fast kontordag i Samnanger og forvaltar kommunen sitt landbruksområde med å gje råd til bønder som skal etablera seg eller gå inn på nye forretningsområde. I 2017 har kontoret arbeid særskilt med å få vidareført felles veterinærteneste.

Eit godt breiband er viktig for framtidig næringsutvikling. Kommunen fekk tilskot i 2017 til vidare utbygging i Saga-Rolvsvåg. Dette arbeidet pågår.

Samnanger kommune deltek også i Bergensalliansen, ein politisk møteplass for 22 kommunar i og rundt Bergen. Dei har òg næringspolitiske saker på dagsorden.

For å fremje lokal næringsutvikling er Samnanger kommune medlem i Bjørkheim Vel og Samnanger næringsforum. Kommunen har lagt ned store investeringar i infrastruktur på Bjørkheim for å leggja til rette for etablering av bedrifter og utbyggjarar som vil satse på området.



Bjørkheim –Veg, VA-anlegget, park og bibliotek – Foto Hylland

Beredskap og internkontroll

I samband med tilsyn av fylkesmannen vart kommunen pålagt å utarbeida ny overordna ros-analyse innan 2017. Vakanse på rådmannskontoret heile våren 2017 og meirarbeid med kommuneplanen har ført til forseinking i arbeidet. Fristen med å lukka avviket vil la seg gjennomføra i løpet av hausten 2018.

Kommunen har etablert eit kvalitetsstyringssystem som skal gje god internkontroll i organisasjonen. Våren 2017 fekk einingsleiarane opplæring i 4 bolkar om bruken av lovverk og kvalitetsindikatorar innanfor sine område og bruk av avvikssystemet. I løpet våren 2018 vil alle tilsette ha eigen e-post i kommunen og kan då ta i bruk systemet og melde avvik gjennom dette.



Ytre Tysse – Tyssedagen i SamnangaVeko

Folkehelse

Kommunen skal fremja folkehelse gjennom dei verkemidla me har på lokal utvikling, planlegging, forvaltning og tenesteyting. Folkehelsearbeid gjeld for heile befolkninga og *me skal tenka helse i alt me gjer*. Hovudmålet til Samnanger er «Fleire gode leveår for alle».

Folkehelseprofil som grunnlagsdata

Folkehelseprofilar for kommunar er ei oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne. Statistikken visar 34 indikatorar fordelt på seks tema: Befolkning, levekår, miljø, skule, levevanar, helse og sjukdom. Dei siste åra har Samnanger kommune lege betre an enn landsnivået på dei fleste punkt. Barometeret visar ein «raud» verdi, for uføretrygda i aldersgruppa 18-44 år. Det kan vera fleire årsaker til at me ligg under her, og som bør verte undersøkt nærare.

Sjølv om Samnanger ligg betre an eller likt med landsnivået på dei fleste verdiar, kan me likevel ha viktige folkehelseutfordringar for kommunen. Ei vidareundersøking lokalt og informasjon frå det tverrfagelge samarbeidet (TFS) som er etablert, vert svært viktig. Landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå.

Satsingar i 2017

Engasjerte lokalsamfunn	Samningaveko , TV-aksjonen Kulturmidlar - kr. 216 000 utbetalt til frivillige lag- og organisasjonar BKK sin konkurranse «Sosial Energi» - Samnangerheimen vann eldrosjesyklar gjennom avstemming på facebook .
Trygge lokalsamfunn	Sykelopplæring i 5. trinn Symjeopplæring ved Arna symje- og livredningsklubb for barnehagebarn.
Sosial tilhøyring	Lagt til rette for gode møteplassar som universelt utforma bibliotek, torg og park, friidrettsbane og kunstgrasbane. Arrangement som Samningaveko, UKM-lokalfestival, UKM-workshop og open aktivitetsdag ved Aldal friluft.
Fysisk aktivitet	Symjeopplæring for barnehagebarn, utstyr til bassenget, dans i SFO, friidrettsdagar for skule- og barnehagebarn og eldre i Hagabotnane, «SykkelVM», open aktivitetsdag ved Aldal friluft og forbetra tilkomst til Totræna skianlegg. Gymsalane på barneskulen og ungdomsskulen og bassenget er i bruk kvar vekedag.
Psykisk helse	Tverrfagleg samarbeid for barn og unge. Markering av Verdensdagen for psykisk helse med Trond Haukedal –«God nok», for alle innbyggjarar, deretter for Skottabakken og eit for ungdomsskuleelevar. Barnehage/-skule hadde tema «Noko å gleder seg over» , og laga til fellesmåltid, vennefest og tankekart. Kurs i psykologisk førstehjelpsskrin for alle tilsette som arbeidar med barn og unge. Foredrag med Simen Almås på barneskulen og ungdomsskulen.
Ernæring	Satsa på heimalaga mat frå eige kjøkken på Samnangerheimen.
Tverrfagleg samarbeid for barn og unge (TFS)	Største tverrfaglege samarbeidet i kommunen med 23 representantar frå ulike tenester som jobbar med helsefremmande faktorar. Målgruppa er alle barn og unge og jobbar ikkje med enkeltsaker. Fokusområde i 2015-18: <i>Identitet</i> Tiltaka kjem fram i tabellen.



Den kulturelle spaserstokken - Samnangerheimen

Tekniske tenester

Teknisk forvaltning har ansvar for plan-, byggje- og delingssak, brann, kart og oppmåling, natur- og miljøforvaltning. Medan teknisk drift har oppgåver knytt til drift av vatn, avløp, veg og eigedom. Lokale vedtak som var styrande for drifta i 2017 var;

- Gjera ferdig kommuneplanen sin arealdel
- Starte kommuneplanarbeidet –samfunnsdelen
- Ferdigstillast trafikkisikringsplanen
- Kvalitet i tenestene – sakshandsamingstid og digitalisering
- Brann – dagvakt
- Rassikre vegen i Totræna
- Hagabotnane – ny trase og utbetring av dagens veg.
- Effektivisere vegdrift – overføring av driftsansvar på veg, leasing av bilar/maskinar



Sakshandsaming og digitalisering

Teknisk forvaltning handsama 72 byggesøknader, 2 delingssaker og gjennomførte 24 oppmålingssaker i 2017. Det er sett krav til sakshandsamingstid for byggesakssøknader og søknader om oppmåling. Me har ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på under ei veke og held godt fristen både på 3 og 12 veker. Kommunen er og ajour med oppmålingsoppgåver. I framtida vil og synfaring av eigedomar i samband med klagehandsaming og ny vurdering av grunnlaget for eigedomsskatt verte lagt til oppmåling. Kontoret har starta prosessen med å få til svarUT/svarInn og fulldigitalisere søknadar og svar. Ei utfordring for sakshandsaminga er innkomne ufullstendige søknader. Dette trur me kan verte løyst med god informasjon, timeavtalar og rådgjeving i forkant.

I 2017 har mykje av ressursane gått med til å utgreie næringsområdet i Børdalen og få kommuneplanen sin arealdel vedteken. Kommunen sine planar og kart, VA-anlegg og reguleringsplanar skal publiserast digitalt, og vera tilgjengeleg for ålmenta. Arbeidet er i gang, og ein del er allereie ute på nett. Dette er eit stort arbeid og det vert svært viktig å halde både kart og informasjonen oppdatert til ei kvar tid. Byggesaksarkivet skal og digitaliserast. Dette er ei så stor oppgåve at det ikkje let seg gjennomføre utan å få tilført ekstra ressursar til eininga. Trafikkisikringsplanen vart vedteken på slutten året og vert grunnlaget for søknadar om tilskot til ulike tiltak og utbetringar. Arbeidet med å lage ein parkeringsplan for kommunen vart og starta opp, og vil kome til behandling i naturutvalet våren 2018.

Teknisk forvaltning har eit stort påtrykk frå politisk nivå om å utarbeide ei rekkje planer og tiltak i tillegg til lovpålagte og vedteke planar. Det er ikkje tilstrekkeleg med ressurspersonar i avdelinga til å innfri desse forventingane eller ønska. Kommuneplanen sin samfunnsdel og klimaplan har det ikkje vore ressursar til å starte på i 2017. Det vert difor svært viktig å få utarbeidd eit nytt planprogram for dei neste åra, der ein prioriterer kva planar og rekkefølga av desse ut frå dei ressursar som vert stilt til rådvelde. Både planprogram og kommunen sins Samfunnsdel til kommuneplanen er lovpålagte planar som skal ligge føre kvart 4 år.

Miljø og ressursar - Avfall og renovasjon

Forvaltning av miljøforureining er aukande. Det gjeld både forsøpling, avløpsforureining og anna forureining. Samnanger er med i interkommunal renovasjonsordning – BIR. Heile kommunen er kartlagt for mogleg forsøpling og forureining. Det er identifisert 43 stader med mogleg forureiningskjelde kor dei fleste har følgt pålegget om å rydda. I 2017 gjekk kommunen saman med andre grunneigarar om å rydde opp i gamal forsøpling nedanfor Samnangerheimen. Samstundes la

kommunen ned ein del arbeid for å gjere området meir tilgjengeleg med veg ned til sjøen og uteplassar.

Brann

Brann- og redningstenesta i Samnanger høyrer under teknisk forvaltning. Kommunen har avtale med Bergen kommune om felles brannsjef. I 2017 var det 24 utrykkingar i samband med brann/redning og 39 utrykkingar med first responder. For å knyte til oss eit større fagmiljø med høg kompetanse gjekk Samnanger og ei rekkje kommunar rundt Bergen i 2017 inn i brannsamarbeidet *Vest Brann*. Kommunen har dei siste åra investert i både kompetanse og utstyr innanfor brannområdet, som gjer at dette no ligg på eit tilfredsstillande nivå. I følge HMS-rapport som vedkjem arbeidsforholda til brannmannskapa viser den behov for å oppgradere eller finne nye lokale til brannstasjonen. Kommunen bør og vurderer om personalansvaret og brannstasjon bør settast ut til Bergen brannvesen. Brannbefal/-konstablar på dagvakt bør og knytast til andre tilsette i kommunen enn berre til teknisk drift og IT.

Drift og vedlikehald av kommunale eigedomar

Samnanger har ein relativt ung bygningsmasse av god kvalitet etter å ha prioritert formålsbygga gjennom fleire år. Barneskulen vart bygt i 1998 og fekk nytt tilbygg i 2014. Dråpeslottet barnehage vart bygt i 2008 og Vassloppa barnehage vart totalrenovert i 2012. Kommunehuset vart renovert utvendig i 2013 med ny fasade og vindauga. Nye Samnangerheimen vart teken i bruk i våren 2016. Ungdomsskulen er bygt i 1962/74 og er oppussa noko innvendig i 2017. I 2017 opna kommunen sitt nye bibliotek på Bjørkheim og Hagabotnane idrettsanlegg fekk erstatta grasbanen med ny kunstgrasbane.



Biblioteket på Bjørkheim

Kommunehuset, barnehagane og skulane, Samnangerheimen, idrettsanlegget og biblioteket utgjer totalt 13.861 m² og er definerte som formålbygg i Kostra. Det kostar 6.781 kroner pr innbyggjar å drifte og vedlikehalde alle desse bygga i 2017. I tillegg kjem drift og vedlikehald av 26 utleigebustader/omsorgsbustader, helsetunet, brannstasjon og eit næringsbygg på Bjørkheim. Næringsbygget skal vera fjerna til mai 2018. Tidlegare legebustad vart selt for 2,31 millionar kroner i 2017.

Netto driftsutgifter i kroner Eigdomsforvaltning per innbygger				
	Areal	S-2017	KG3-2016	KG1-2016
Samla utg alle formålsbygg/eigedom	13861m ²	6781	6627	4660
Adm.lokale	1712m ²	239	584	324
Førskulelokale /barnehage	2264m ²	824	686	650
Skulelokale	6152m ²	2729	2548	2037
Institusjonslokale	2779m ²	2627	1662	1039
Idrettsbygg/idrettsanlegget	404m ² /idrettsanlegg	258	567	294
Kulturbygg - bibliotek	550	104	348	114

Kostratal for 2017 var ikkje tilgjengeleg

Største utfordringa dei neste åra er å få gjennomført nødvendige HMS-tiltak i kommunehuset. Huset har omtrent ikkje ventilasjon eller gjenvinning av varme. I 2017 vart bustadane i Skjervo oppgradert med nytt tak gjennom delfinansiering av statlege sysselsettingsmidlar. Det var og gjennomført ei rekkje vedlikehald og nyinvestering på ungdomsskulen som nytt styringsanlegg varme (SL-anlegg), fleire renoverte klasserom og installert varmpumper. Nytt borehol og ny varmpumpe vart og skifta på barneskulen.

Kommunen har tilrettelagt for ei rekkje grøntområde og offentleg plassar dei siste åra. Parken på Bjørkheim ser og ut til å bli eit populært uteområde. Framtidig vedlikehald av desse uteromma vil verte svært viktig for å hindre forfall. Meir ressursar til grøntarbeid til teknisk drift vil verte ei følgje av denne prioriteringa. Samstundes ønskjer kommunen samarbeid med frivillige lag og frivilligsentralen om å halde godt vedlikehald og god kvalitet på offentlege møteplassar.

Vegvedlikehald

Vegen til Hagabotnane vart rassikra og trafikksikra med nye leddlys og rekkverk. Den vart asfaltert og fekk forbetra møteplassar der det var mogleg. Det står att noko asfaltering og utbetring på møteplassar. Det er vedteke å utarbeide reguleringsplan for ny trase opp i Hagabotnane innan 2018. Kommunestyret overførte driftsansvaret for vegen til Nyutlørtræ tilbake til brukarane i desember 2016. Det vart løyvd 200.000 kroner til grunneigarane/brukarane mot at dei opprettar eit veglag for framtidig drift. Dei har framleis ikkje oppretta veglaget, og kommunen har ved fleire høve sendt ut informasjon om vedtaket. I 2017 vart Vågabygdvegen og Gamlehusvegen asfaltert. Den kommunale delen av vegen i Totræna vart rassikra med å legge om nederste del av traseen. I samband med asfaltering av denne la kommunen og asfalt på idrettslaget sin nye veg opp i Totræna. Dette for å ikkje øydelegge vegen eller utstyr i samband med brøyting. Kommunen har brøyta for idrettslaget vintersesongen 2017-18, mot eit tilskot frå kulturkontoret.

Samnanger kommune fekk i juni 2017 overført vegen om Ytre-Tysse frå fylkeskommunen. Auka vedlikehaldsbehov i kombinasjon med gammalt utstyr førte til behov for å fornye og skifte ut både utstyr og bilparken. Det vart inngått leasingavtale om tre nye traktorar og diverse utstyr som kunne verte nytta i samband med kantklipping. Lastebilen var nærare 20 år gamal og vart tatt i innbyte. Vinter- og brøytesesongen starta allereie i november 2017, og det har vore ein krevjande brøytesesong med glatte vegar nede i bygda og mykje snø i fjellet. For teknisk drift kom det nye utstyret svært godt med.

Drift kommunaltekniske anlegg – Vatn og avløp

Sjølvkostområdet hadde eit brutto driftsnivå på 5,01 millionar kroner. Fordelt pr. innbyggjar utgjer det 2.051 kroner. Store delar av det gamle avløpsnettet må fornyast, og mykje av dette nettet har ein alder opp mot 65 år. Det er særleg på Indre-Tysse det har vore fleire brot på både vass- og avløpsleidningar. Kommunen har søkeutstyr som kan spora opp leidningsbrot. Brot på avløpsleidningar resulterer ofte i miljøforureining med risiko for helse og miljø. Responstida for utbetring er låg. På kalde dagar er det avdekka ein del frosttapping og tapping i brønn, som fører til stor slitasje på vassverket i Myra. Dette gjev store utslag på dataovervåkinga og me kan spore og sette inn tiltak for å forhindra dette.



I 2017 vart det tilkoppa 28 nye abonnentar frå Bjørkheim, Storhaugen og Tyssealand til vassverket, som no har totalt 639 abonnentar. Det vart lagt ned fleire nye leidningar, som gjer at me etter kvart kan få fleire påkoppa og få redusert avgiftene til kvar abonnent. Vasslekkasje på Ådland resulterte i utskifting og ny leidning og betre vassleveranse. Tysselandsbrua vart opprusta og det vart lagt ny vassledning over brua. I Eikedalen er 27 fritidsbustader og skianlegget no påkoppa nytt VA-anlegg i Kvam.

Samnanger driftar sjølv begge dei to kommunaltekniske vassverksanlegga i Myra og i Rolvsvåg. I 2017 utarbeidde kommunen ros-analyse for vassverka etter pålegg frå Mattilsynet. Kommunen er og pålagt å utarbeida ei samla kartlegging av leveringssikkerheit for alternativ vassforsyning innan 2018. Etablering av ei reservekjelde kan vera eit alternativ. Drift av vassverka tek meir og meir av ressursane og kompetansen som er lagt til teknisk drift. Ein

kan difor rekne med å måtte styrka avdelinga ytterlegare dei næraste åra. I Rolvsvåg vart det etablert ny trykktank og bygt pumpehus. Anlegget der skal no ha god reservekapasitet. I tillegg kjem drift av dei kommunale vass- og avløpsleidningane og 6 slam- og septikkanlegg

Ei rekkje kommunar har påbod om vassmålar i nye bustader. I Samnanger er det berre 10% som har vassmålar. Innføring av vassmålar er eit tiltak kommunen bør vurdere i samband med klima- og miljøplan og i ny hovudplan for vatn og avløp.

Klima og energi

Samnanger har ein energiplan med målsetting om å vera føregangskommune på energi. Vedlikehaldsplan for alle eigedomane til kommunen er utarbeidd med bakgrunn i ros-vurderingar og fokus på energisparing. Tiltaka i planen for 2017 er gjennomført, og det er skifta ut gamle omnar på både ungdomsskulen og barneskulen. I alle bygg går ein over til ledlys og både skule og barnehagar har fått nye varmpumper. Det er styringsanlegga for varmereguleringar i samtlege bygg med unnatak av kommunehuset. Tre av bilane i heimetenestene vart skifta til el-bilar i 2017.

Når det gjeld veglys har me høge straumutgifter. Kommunen har nærare 900 lyspunkt som me driftar fordelt på 25 km kommunale vegar, og me betalar for ca 300 lyspunkt langs fylkesveg. Gamle lys vart

skifta etter kvart som dei «dør» ut. I 2017 vart det skifta 30 veglys over til ledlys. Det er ønske om å få ei raskare utskifting på veglysa, men då må det verte gitt ei tilleggsøyving til dette. Samnanger var bevisst på å velje miljøvenleg, så den nye kunstgrasbana er med korkgranulat, eit miljøvenleg produkt som erstattar gummikuler.



Opninga av krøllgrasbana – juni 2017

Kultur

Kultur er no ei avdeling lagt til sektor for samfunn og utvikling. I 2017 har det vore mange store prosjekt som er gjennomført og avslutta. Innbyggjarane har fått ei ny storstove med nytt bibliotek på Bjørkheim. Besøkande og talet lånarar har auka vesentleg, og innbyggjarar i alle aldrar har delteke på fleire spennande og populære aktivitetar. Kommunestyret og administrasjonen har og fått eit lokale der ein har høve til å ha større møte og arrangement. Me gler oss over å ha fått eit bibliotek som me kan utvikla vidare som ein viktig møteplass for kulturaktivitet i Samnanger.

Kulturskulen har eit jamt elevtal og tilbyr opplæring innanfor ei ramme på 30 timar, der mesteparten går til instrumentundervisning. Det er eit ønske å få utvida tilbodet med andre tilbod som drama, film eller andre område som det er interesse for blant barn og unge.


Kulturkontoret stod for 20 ulike arrangement i 2017. Det største var SamningaVeko, som vart svært vellukka og populært. Me har som mål å få til liknande arrangement kvart år den første veka i juni. Kommunen samarbeider både med Tysse Vel om Tyssedagen, og med Bjørkheim Vel som representer næringslivet på Bjørkheim, og med lag og organisasjonar om arrangement. Populære artistar som Sigvart Dagsland heldt konsert i kyrkja og Linda Eide hadde språkshow i biblioteket denne veka.

Kultur har og brukt ein del ressursar i samarbeid med idrettslaget for å legge grunnlaget for å erstatte grasbana i Hagabotnane med ei ny kunstgrasbane. Under dette arbeidet kom det og fram ønske om å forbetre delar av friidrettsanlegget. Kunstgrasbana vart opna den 17 juni med fotballturnering for både store og små.

HELSE OG OMSORG

Tenester knytt til helse og omsorg som jordmor, helsestasjon, fysioterapi, lege, psykiatri, heimesjukepleie, praktisk bistand, dagsenter, funksjonshemma, sjukeheimen, sosialkontor og flyktningar ligg innanfor dette tenesteområdet.

%-andel av totale brutto driftsutgifter



FAKTA OM SEKTOREN

Sektorleiar:

Grete Lill Hjartnes

Netto driftsutgifter:

Kr 63 134 912

Avvik budsjett:

Kr 1 233 422 (mindreforbruk)

Tal årsverk:

67,04

Tal tilsette:

113

Tal brukarar:

Aldersgruppe 0-18 år

Aldersgruppe 67-90+

Innbyggjarar 4488

Einingar:

Sjukeheim

Heimetenesta

Funksjonshemma

NAV

Helse



Sjukepleiarane i sektoren



Magne Djuvik (NAV), Reidun Abotnes (Heimetenesta), Birthe Skar-Moum (Funksjonshemma), Harald Ramm Salbu (Helse), Åse Waage Tveit (hovudverneombod), Oddrun L Sandvin (HTV Fagforbundet) og Siv Merete Holdhus (HTV NSF)

Sektoren har eit godt samarbeid på tvers av einingane og syt for at innbyggjarane som treng tenester av ein eller fleire einingar vert godt ivaretekne.

Viktige hendingar i 2017

- Vedtak om bygging av nytt senter for funksjonshemma på Skottabakken.
- Vellukka flytteprosess frå Skottabakken til avdeling på Samnangerheimen.
- Utleige av institusjonsplassar til Os kommune.
- Motteke ei større arv.
- Integrering av flyktningane.
- Tilsyn knytt til tenester for funksjonshemma. Ingen merknad eller avvik.



Sykkelulukke 11.07.17. Pårørandesenter på Samnangerheimen.

Økonomi

1:1 bemanning på pasient på Samnangerheimen ca halve året, sal av institusjonsplassar til Os kommune og mottak av flyktningar påverka rekneskapen 2017.

Helse og omsorg	2016 Rekneskap	2017 Rev.budsj.	2017 Rekneskap	Avvik	Avvik
Samnangerheimen	24 479 031	21 359 695	21 155 695	- 203 984	-0,95%
Heimetenesta	13 996 145	14 208 382	13 626 286	- 582 096	-4,10%
Funksjonshemma	9 755 006 (1)	9 833 190	10 167 243	+334 044	3,40%
NAV m/flyktningar		7 035 479	6 816 405	- 219 074	-3,11%
Helse	10 736 945	11 446 032	10 932 046 (2)	- 513 986	-4,49%
Helse og omsorg adm	468 230	485 556	437 230	-48 326	-9,95%
Totalt		64 368 334	63 134 912	-1 233 422	-1,92%

(Minusteikn betyr mindreforbruk)

(1) Nytt tiltak frå hausten 2016

(2) Fekk ikkje tilsett psykolog

Samanlikna med revidert budsjett er det eit overskot på kr. 1 233 422 for heile sektoren. I tillegg er det sett av pengar til disposisjonsfondet frå sal av institusjonsplassar.

	Samnanger	KGR 3	KGR 1
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar, kommunehelsetenesta (kr)	3 938	4 401	2 819
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar, Pleie og omsorg (kr)	20 349	23 384	17 566
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar, Sosialtenester 20-66 år (kr)	2 797	3 416	3 608
Korr brutto driftsutgifter pr.plass (kr)	1 389 560 ⁽¹⁾	1 189 358	1 087 750
Korr brutto driftsutg pr mottakar av heimetenester (kr)	217 926	235 683	228 310

(1) Me har 25 pasientar, men bemanning til 28 (pga respirator) fram til sommaren 2017. Dette påverkar talet vårt.

Sjukefråvær (for dei ulike einingane)

Heimetenesta	10,89 %
Samnangerheimen	9,00 %
NAV	8,24%
Helse	5,25 %
Funksjonshemma	3,34 %

Stor skilnad i storleik på einingane gjev store skilnadar i %. I ei eining med få tilsette gjev lite fråvær høg prosent.

Det vert arbeidd godt i einingane for å fremje nærvær. Det vert og arbeidd med å heva kompetanse hjå både tilsette, lege og leiarar på kva ordningar me har, om me nyttar dei rett og å prøve ut ordningar for å førebyggje fråvær.

I periodar er stort fråvær ei fagleg utfordring. Me har arbeidd for å ha store/heile stillingar for dei som ynskjer dette. Det betyr at me har færre vikarar me kan nytte ved fråvær.



Morgontrim på Samnangerheimen

Hovudmål og satsing 2017

Sektoren har mykje kompetanse og dyktige tilsette som løyser oppgåvene på ein sær god måte. Mange har lang erfaring og er trygge i oppgåvene. At mange har hatt arbeidet sitt lenge kan ha ulike årsaker, men me vel og å tru at det syner at tilsette trivst i sektoren.

Det er eit mål å arbeide etter fokusområda for internkontroll og leiing: **Planleggja, gjennomføra, evaluera** og ved behov **korrigera**.

Dette er eit kontinuerleg arbeid i alle einingane. Det betyr og at me heile tida må ta utgangspunktet i dei oppgåvene me skal løyse, pålagde krav, forventningar, utvikling og endringar. Me har dei siste åra sett store endringar der det meste skal løysast i dei ulike kommunane. Det betyr ikkje at kommunen skal løyse dette åleine. Innbyggjarane skal i størst mogeleg grad ta ansvar for eige liv, helse og omsorg. Samnanger kommune si oppgåve vert å leggje til rette for dette samt å gje hjelp der innbyggjaren ikkje sjølv kan greie dette.

Me har og vil framover ha fokus på å byggja kompetanse og tilsetje slik at me greier å gje dei tenestene me har ansvar for. Noko kan me byggje opp åleine, noko saman med andre og noko må me kjøpe.

NAV

Fokus har vore å få til eit godt løp med introduksjonsprogrammet for flyktningane. Alle har fått tilbod om skule og språk-/ arbeidspraksis (*bilete: Ghiath arbeider på Samnangerheimen*).

Erfaringa er at integrering tek tid og at dette er eit arbeid me må setje av tid og pengar til vidare.

Mål om at flest mogeleg går vidare på skule eller kjem inn i ordinært arbeid når introduksjonsprogrammet er ferdig for dei fleste i august 2018.

Me har lagt til rette for aktivitetsplikt for dei under 30 år og tiltaket tek til 01.01.2018.

Det er arbeidd inn gode prosedyrar i eininga og det er søkt om prosjektmidlar. Me ønskjer fokus på «å snu» brukarane i døra på ein god måte.

I 2017 har arbeid for å bekjempe barnefattigdom hatt fokus.



	Samnanger	KG 3	KG 1
Netto driftsutg til sosialtenester pr innb 20-66 år	2 797	3 419	3 610
Andel driftutg til økonomisk sosialhjelp	45,9%	44,8%	39,2%
Andel sos mottakarar med stønad 6 mnd eller meir	17	-	-
Mottakarar 6 mnd + sos som hovedinntekt	9	-	-

Samnangerheimen

«Hotellmapper» med informasjon på alle rom på Samnangerheimen

Det er høgt krav til kompetanse i eininga og tilsette har eit stort ansvar. Det er viktig å byggje kompetanse og rom/system for å løyse oppgåvene. Drift av respirator, sal av opp til 5 institusjonsplassar og til tider høgt sjukefråvær har gitt ekstra utfordringar i 2017. Salet av plassar har fungert godt og gitt gode inntekter til kommunen.

Pasientar vert tidleg meldt attende til kommunen frå sjukehus.

Me har starta arbeidet med plan for habilitering- og rehabilitering, fleire tilsette deltek på Demensomsorgens ABC, deltek i pasienttryggleiksprosjekt, arbeider for å få på plass Fagsjukepleiar og tilsette skal delta i internt prosjekt knytt til fordjuping innan enkelte områder.

Målet er å gjere ein godt drifta sjukeheim endå betre med fokus på planlegging, gjennomføring, evaluering og evt korrigerings.



Rekefest på Samnangerheimen



Dekkingsgrad	Samnanger	Gruppe 3	Gruppe 1
Plassar i % av innb 80 år og over	15,9	19,9	...
Del av innb. over 67 år på institusjon	4,5	5,5	4,7
Del av innb. over 80 år på institusjon	15,2	14,4	12,4
Del plassar i skjerma plassar demens	40 (1)	29	30
Del plassar avsett til rehabilitering	20 (2)	9,1	11,9
Legetime pr veke pr bebuar	0,43	0,48	0,45
Fysioterapeut pr veke pr bebuar	0,46 (3)	0,38	0,34

(1) Ny sjukeheim er bygd slik at alle grupper kan nyttast til pasientar med demens. Kvar me lagar grenser/skjerma vil avhenge av behovet me til ei kvar tid har. Pr i dag er det gruppe 3.

(2) Mange av korttidsopphalda er knytt til rehabilitering

(3) Fokus på å bruke fysioterapeuten, som no har flytta frå Helsetunet og ned på Samnangerheimen.

Heimetenesta og Dagsenter

	Samnanger	Gruppe 3	Gruppe 1
Gj.snitt tal tildelte timar pr veke, heimesjukepleie	5,4 (1)	4,8	4,3

(1) Stadfestar at me er nær sjukehus og driv i periodar svært avansert heimesjukepleie i Samnanger.

Avansert sjukepleie krev og høg kompetanse. Her er ein og godt i gang med kompetansebygging, pasienttryggleiksprogram med fokus på ernæring mm.

Mykje snø i vinter har gitt ekstra utfordringar.

Heimetenesta hadde spart tid og verdiar ved å ha carport for arbeidsbilane.

Mange nyttar seg av dagsenteret som er lokalisert til storstova på Samnangerheimen.

Tenester til funksjonshemma

Har fått vedtak om bygging av nytt senter på

Skottabakken. Arbeidet er godt i gang med planlegging, anbudsgrunnlag og finansiering.

Tilsette har delteke og laga god oversikt over kva behov tenestene og den enkelte brukar har. Dette har arkitekten teke med i utarbeidinga av teikningar og kravspesifisering.



I mellombels drift er

bebuarane på Samnangerheimen («gamle post 1») + at dei nyttar eit rom i sjukeheimen. Flyttinga i november var vellukka og både brukarar, pårørande og tilsette melder at dette er ei god løysing for mellombels drift, men ikkje optimal for brukarane med tanke på plassering.

Det har vore tilsyn på tenestene for funksjonshemma (systemtilsyn). Ikkje merknad eller avvik.

Helse


Me har felles legevakt med Os. Me betalar ein større del av kostnaden enn innbyggjartalet vårt samanlikna med Os skulle tilseia. Eiga legevakt ville nok ha kosta noko meir, og sannsynlegvis ville det har vore vanskeleg å få rekruttert legar til å gå inn i ei slik ordning. Dagens og komande krav til legevaktbemanning og -kompetanse gjer det ikkje mogleg å ha eigen legevakt for dei minste kommunane i framtida.

Kommunen sine ØHD-senger (Øyeblikkeleg Hjelp Døgnet) på Haraldsplass Diakonale sjukehus må me nytte betre.

	Samnanger	KG 3	KG 1
Legedekning (del legeårsverk pr 10 000 innb)	11	15,5	11,1
Helsesøster (del årsverk pr 10 000 innb under 5 år)	71 ⁽¹⁾	83,5	74,9
Jordmor (del årsverk pr 10 000 fødsler)	187,5 ⁽²⁾	195,2	93,1
Del nyfødte med heimebesøk innan 2 veker etter heimkomst	81	91	86
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgangen av 1 klasse	92	95	90

(1) og (2) - Lågt fødselstal i 2017 gjer at desse har auka.

**%-andel av totale
brutto driftsutgifter**



**FAKTA OM
SEKTOREN**

Sektorleiar:

Håvard Ragnhildstveit
Rita Ludvigsen frå mars 2017

Netto driftsutgifter:

Kr 51 555 958

Avvik revidert budsjett:

Kr -179 059 (mindreforbruk)

Tal tilsette:

101

Tal årsverk:

71,58

Tal brukarar:

285 elevar
101 barnehagebarn
2 488 innbyggjarar

Einingar:

Barnehagane
Samnanger barneskule
Samnanger ungdomsskule

OPPVEKST

Sektoren sitt ansvarsområde er barnehage, barneskule, ungdomsskule, fellesadministrasjon og vaksenopplæring. Fram til sommaren 2017 låg òg kultur i denne sektoren (dåverande sektor for oppvekst og kultur). Frå hausten 2017 vart kultur overført til sektor for samfunn og utvikling. Barnevern ligg budsjettmessig under rådmannen, men i årsmeldinga for 2017 ligg informasjon om barnevern under sektor for oppvekst.

Sektoren Oppvekst fekk og ei endring då Håvard Ragnhildstveit gjekk ut i permisjon frå stillinga i mars 2017. Rita Ludvigsen vart tilsett i vikariatet som sektorleiar.

Å skapa eit lag som arbeider mot felles mål til beste for barn og unge i kommunen, tverrfagleg samarbeid og samanheng, og progresjon i læringsløpet har vore sentralt. «Å gjera kvarandre gode, og villa kvarandre vel» har vore eit av hovudmåla i sektoren.

2017 har vore eit innhaldsrikt år. Strategiplanen som vart vedteken i 2016 ligg til grunn for mykje av arbeidet. Strategiplan for oppvekst og kultur 2016 – 2019 er i tråd med nasjonale føringar og skal bidra til å utvikla tenestetilbodet i sektoren. Strategiplanen er ein felles referanse på det pedagogiske utviklingsarbeidet. Sektoren har arrangert ulike fagdagar for både elevar, tilsette og innbyggjarar og har hatt ulike møtefora for å bidra til felles forståing og auka måloppnåing. Det har vore fokus på tidleg innsats i skulen, og lærartettleik har vore eit diskusjonstema. Det har vore gjennomført felles planleggingsdag for skule og barnehage, der «Vaksne for barn» gjennomførte kurs i «psykologisk førstehjelpskrin» for alle tilsette. Skulane har fått ny læringsplattform «Skooler» som erstattar «It's learning». Barnehagane har fått ny rammeplan frå 01.08.2017, barnehagane jobbar aktivt med implementering av denne. For skulane er det kome ny overordna del av læreplanen, den var fastsett frå 01.09.2017. Den beskriv det grunnsynet som skal prega pedagogisk praksis i heile grunnopplæringa.

Økonomi

Barnehage- og skuleår følgjer ikkje budsjettåret. Dei tilsetjingane som vert gjort i august, bind ofte einingane opp 7/12- delar inn i nytt budsjettår. Dette kan vera ei utfordring. Dette har spesielt gjeve utslag når det gjeld ny bemanningsnorm på SFO.

Oppvekst	2016 Rekneskap	2017 Rev.budsjett	2017 Rekneskap	Avvik	Avvik
Fellesutgifter	6 910 357	7 827 947	7 799 772	-28 175	-0,36 %
Barnehage	13 951 630	14 169 959	14 308 758	138 799	0,98 %
Barneskule	18 814 674	19 074 644	18 877 731	-196 913	-1,03 %
Ungdomsskule	9 816 649	10 662 467	10 569 696	-92 771	-0,87 %
Totalt	49 493 311	51 735 017	51 555 958	-179 059	-0,35 %

(Minusteikn betyr mindreforbruk)

Dei faglege resultatata i sektoren er gode. Det er få konkrete måleindikatorar i barnehagen, men brukarundersøkingar viser at kvaliteten er god. I skulen er trenden at me ligg på/under snittet på 5. trinn, men over snittet på 8. trinn og 10. trinn. Me har i 2017 etablert lærande nettverk som me håpar skal styrka kvaliteten og resultatata.

Barnehage

Barnehagane har ansvar for å gje eit pedagogisk tilbod til 128 barn i førskulealder. Samnanger kommune har to kommunale barnehagar med 101 barn og gjev driftstilskot til ein privat barnehage med 27 barn. Dei kommunale barnehagane har godt utdanna personale. Det er godkjende pedagogar i alle pedagogiske stillingar. I tillegg har dei fleste av assistentane fagutdanning.

I forskrift til Barnehagelova vert norm for pedagogisk bemanning definert. Det skal vera ein pedagogisk leiar pr. 18 barn når barna er over 3 år, og ein pedagogisk leiar pr. 9 barn når barna er under 3 år. Det kjem ny pedagog- og bemanningsnorm for barnehagen i 2018. Pedagognorma er ikkje ei norm for gruppestorleik, men skal vera oppfylt for barnehagen sett under eitt.

Gardsbarnehagen har godkjenning for 32 korrigererte 3-5 årsplassar og har ikkje areal til ytterlegare utviding. Etter søknad og synfaring har gardsbarnehagen fått moglegheit til å gjera om plassar for å ta inn 1-åringar. Dei kommunale barnehagane har areal til ytterlegare utviding ved behov, og i Vassloppa kan ei avdeling verta teken i bruk ved behov.

Årsmelding, BASIL pr 15.12.17	Dråpeslottet bhg	Vassloppa bhg	Aadland gardsbhg	Totalt
Tal barn <3 år	18	17	5	40
Tal barn >3 år	28	38	22	88
Barn totalt	46	55	27	128
Minstearealkrav leikeareal m ²	218	246	116	
Godkjent leikeareal m ²	406 m ²	753 m ²	174 m ²	1379 m ²

I dag nyttar 83,7% av alle 1-5 åringane i Samnanger seg av eit barnehagetilbod i kommunen. Dekningsgraden for landssnittet er 91%. I 2017 vart det vedteke sentralt at barn som er fødte innan 31. november også har rett på plass i barnehage ved oppstart av nytt barnehageår. I Samnanger har me eitt hovudopptak med søknadsfrist 1. mars, og det har vore fortløpande opptak dersom det har vore ledige plassar i løpet av året.

Økonomi og tal barn pr. vaksen

Barnehageeininga har hatt god økonomistyring gjennom året, med eit lite overforbruk.



I 2017 var det 5,9 barn pr. vaksen i barnehagane våre, same som 2016. Nasjonalt snitt er om lag 6,0 barn pr. vaksen.

Korrigererte brutto driftsutgifter pr barn i kommunal barnehage		
	S-2016	S-2017
kroner	19 418	19 809

Styrka tilbod

I Samnanger er det få barn som får styrka tiltak. Me brukar likevel vesentleg meir ressursar på styrka tiltak sjølv om me har færre vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Me vil sjå nærare på om denne måten å gje tilbod på er den mest optimale. Målet må vera at det ordnære tilbodet i barnehagen er så godt at behovet for spesialpedagogisk hjelp vert lite. Deretter må ressursar knytt til styrka tiltak bidra til å hjelpe kvart enkelt barn, men også til barnehagen totalt.

Mange barn har utfordringar knytt til språk, og me meiner at med annan organisering av t.d. ekstraressursane vil fleire få utbytte av dei. Me vurderer å dreia nokre av ressursane til fokus på



På tur i Kvilebakkane

systemarbeid, i tillegg til arbeid på individnivå for å innfri dette. Dette handlar ikkje om å spare pengar, men å vurderer andre måtar å ivareta spesialpedagogisk hjelp på. Strategiplanen presiserer også kor viktig det er å ha fokus på tidleg innsats. Derfor må me kvalitetssikra at me brukar ressursane på rett måte, til det beste for barna.

Tilsyn

Det har ikkje vore kommunalt tilsyn i barnehagane i 2017. Dette vil truleg bli gjennomført i 2019. Tilsynet skjer gjennom samarbeid med Midthordland kompetanseregion.

Fylkesmannen har i 2017 gjennomført tilsyn med barnehagane i Samnanger etter §19g. Som omhandlar retten til tilrettelegging i barnehagen.

Fellesutgifter barnehagane

Sektoren forvaltar òg kommunalt driftstilskot til private barnehagar, tilskot til andre kommunar med barn folkeregistrert i Samnanger i private barnehagar, barnehageadministrasjon, PPT, kompetansemidlar til barnehagesektoren til fordeling på kommunale og private barnehagar og styrka tiltak i barnehagesektoren. Det vart utbetalt kr. 3,165 millionar i tilskot til Aadland gards- og friluftsbarnhage i 2017. Tilskotet er basert på likeverdig handsaming av private og kommunale barnehagar.

Hovudutfordring i barnehagane

Det kom ny rammeplan for barnehagane i 2017. Den var gjeldande frå og med 01.08.2017. Barnehagane i kommunen leverer god kvalitet og har eit bevisst forhold til innhaldet i Rammeplanen. Det vert viktig å ha eit godt fagleg fokus samtidig som barnehagane vert utfordra på å justera drifta i forhold til barnetal og arealbehov. Strammare økonomiske rammer kan m.a. føra til at ein ikkje kan ha same fleksibilitet som tidlegare. Det vil også vera behov for ein gjennomgang av korleis ein organiserer styrka tiltak. PPT vil vera ein viktig samarbeidspartnar her, der jakta på systemretta arbeid i ei inkluderande opplæring vil vera sentralt. Å sikra god kvalitet i barnehage er viktig for at barna skal få ein god start i liva sine.

Grunnskule

Det er 285 elevar i grunnskulen i Samnanger som me har ansvar for å gje opplæring til i tråd med opplæringslov og læreplanverk. Opplæringa i skulen skal, i samarbeid og forståing med heimen, opna dører mot verda og framtida og gje elevane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Me har godt kvalifisert og stabilt personell på dei fleste områda, men ser at me kan vera sårbare. Skuleeigar oppfordrar tilsette til å søkja om vidareutdanning. Me har som mål å la to lærarar kvart år starta opp på vidareutdanning i regi av Utdanningsdirektoratet. Dette er i tråd med nasjonal strategi for kompetanseheving, og lokal kompetansehevingsplan. Tre lærarar starta opp vidareutdanning hausten 2017 og skal avslutta våren 2018. Målet er å ha to lærlingar i sektoren. Når lærlingen har hatt eitt års lære i barnehagen, får vedkomande tilbod om eitt års lære i grunnskulen. Slik har det også vore i 2017.



Ressursbruk

Korrigerede brutto driftsutgifter til grunnskulesektor, per elev				
	S-2016	S-2017	KG3	KG1
Kroner	140 453	108 370	145 592	137 640
Lønsutgifter til grunnskule, skulelokale og skuleskyss, per elev				
Kroner	110 772	109 656	115 821	107 431

Lønsutgiftene til grunnskule i Samnanger avvik ikkje i stor grad frå dei andre kommunane me samanliknar oss med. Det kan vera verd å merka seg at Samnanger har ein skulestruktur som gjer at ressursane kan brukast meir effektivt enn kommunar som av ulike grunnar har ein desentralisert skulestruktur. Driftsutgiftene har gått merkbart ned.

SFO vedtektene har vorte reviderte og godkjende politisk. Budsjettmessig vert dette lagt inn i 2018-budsjettet, men på grunn av tilsetjingar vil ein ikkje få effekten før hausten 2018.

Kvalitet

Snitt nasjonale prøvar skuleåra 2017-18:

Utval 5. trinn:	Engelsk	Lesing	Rekning
Samnanger	56	51	56
Hordaland	50	49	50
Nasjonalt	50	50	50
Utval 8. trinn:	Engelsk	Lesing	Rekning
Samnanger	51	50	51
Hordaland	50	49	50
Nasjonalt	50	50	50
Utval 10. trinn: Snitt grunnskulepoeng skuleåra 2016- 2017			Resultat
Samnanger			45,6
Hordaland			41,8
Nasjonalt			41,4

Elevane våre gjer det gjennomgåande bra. Grunnskulepoeng er det samla læringsutbyttet elevane har frå grunnskulen. Dette vert målt i alle talkarakterar i standpunkt og eksamen, dividert på 10. For dei



Samnanger ungdomsskule på tur

minste kommunane kan det vera store variasjonar frå år til år. Resultata over viser derfor snittet dei tre siste åra.

Spesialundervisning

Me har som mål i strategiplanen å gjera den ordinære opplæringa så god at behovet for spesialundervisning vert så lite som mogleg. Forsking viser at tradisjonell spesialundervisning ikkje nødvendigvis har ført til auka læringsutbytte for dei elevane det gjeld. Me har hatt fokus på at alle elevane skal få innfridd sine rettar, dette inkluderer også tilpassa opplæring, og at spesialundervisninga skal ha høg kvalitet. Fokus på ei inkluderande opplæring, med tilpassa opplæring som berande prinsipp. Ein må ha bevisstheit om samanhengane mellom vedtak, budsjett og organisering til beste for alle elevane. I Samnanger får 14,6% av elevane i ungdomsskulen spesialundervisning (10,4% på landsbasis). I 5.-7. klasse er det 11,1% som får spesialundervisning (9,4% på landsbasis) og i 1.-4.klasse får 6,7% av elevane spesialundervisning (landssnittet er på 5,2%.) Dette vil seie at me må jobba med å få ned spesialundervisninga i vår kommune. Ved å få PPT tettare på, og å jobba systemretta med klassar og grupper vil ein truleg få lågare tal på sikt.

Vaksenopplæring

Samnanger vaksenopplæring har gjeve grunnskuleopplæring etter §4a-2 i Opplæringslova for 2 vaksne og norskopplæring etter Introduksjonslova til 22 vaksne personar med rett og/eller plikt til opplæring. I vaksenopplæringa er det 20% leiarstilling og 41% stilling til opplæring. Logoped vert kjøpt etter behov. Norskopplæring for innvandrarar vart i 2017 i stor grad kjøpt frå Fusa kommune. Me har nokre elevar som får gjera ferdig si opplæring i Bergen kommune, ved Nygård skole. Ved å inngå samarbeid med Fusa vaksenopplæring, kan me gje elevane fullt introduksjonstilbod med skule 3 dagar pr. veke og arbeidspraksis 2 dagar pr. veke.

Hovudutfordringar i Samnanger-skulen

Det vert viktig å halda eit fagleg fokus for å sikra god kvalitet, og å undersøkje handlingsrommet i budsjetta som kan underbyggja dette. Dette betyr for eksempel å ha fokus på å sikra tidleg innsats og tilpassa opplæring, og systemretta arbeid. I tillegg er det viktig å ha fokus på kompetanseheving i personalgruppa.

Årsmelding 2017 Barnevern

FAKTA OM BARNEVERNET

Barnevernsleiar:

Anita Eide
(Bergen kommune, avd.
Arna)

Netto driftsutgifter:

Kr 5 562 560

Avvik revidert budsjett:

Kr -13 301 (mindreforbruk)

Bergen bystyre vedtok i april 2016 ein avtale om vertskommunesamarbeid (jmf kommunelova §28) om oppgåver etter barneverntenestelova. Samnanger kommunestyre vedtok avtalen 12 mai. 2016. I dette vedtaket ligg det at barnevernsjefen for avd. Arna, Anita Eide, også har ansvaret for Samnanger. Det vart samstundes inngått avtale om barnevernsvakt. Dette ansvaret låg tidlegare på barnevernsjefen som i realiteten var i beredskap heile døgeret.

Barnevernet får framleis få meldingar, men dei meldingane som kjem vert handtert innan fastsette fristar. Sakshandsaming når det gjeld oppfølging/undersøkingar m.m. vert gjort godt innan lovpålagte fristar.

Statistikk 2017	
Meldingar i alt	14
Medlingar som gjekk til undersøking	12
Meldingar med behandlingstid innan 7 dagar	14
Barn med undersøking eller tiltak	Alle 14 us er nye saker, ingen tiltakssaker
Undersøking som førte til nye tiltak	4 (i 1 er us fristen ikkje utgått)
Barn med tiltak i løpet av året	8
Barn med tiltak i fosterheim	9
Barn med tiltak for å forbetra foreldreferdigheiter	6
Barn med tiltak for å styrka barnets utvikling	2

Utfordringa med eit interkommunalt barnevern er å få dei tilsette til å ha så god kontakt med Samnanger kommune at dei kan fanga opp «miljøet». Ikkje minst er det viktig at dei har god kontakt med tilsette i barnehage, skule, kultur, psykiatri, helse og NAV i Samnanger. Dette fordi det då vil vera naturleg for dei å ta kontakt med barnevernet, og at det er ein gjensidig tillit og forståing for arbeidet til kvarandre.

Barnevernsmyndigheit

Det er viktig å presisera at sjølv om kommunen har sett ut oppgåvene om barnvern til Bergen kommune, så er det Samnanger kommunestyre som er barnevernsmyndigheita i kommunen og har ansvar for å føra tilsyn og internkontroll med arbeidet som vert gjort.

Investeringar

For 2017 var det budsjettert med 19 små og større investeringsprosjekt. 8 prosjekt var med i opphavleg budsjett.

Det er fleire større investeringsprosjekt som er fullført i 2017. Mellom anna er Bjørkheim VVA og park, bibliotek og kunstgrasbane ferdigstilt og det er bygd ny veg til Totræna. Desse vert omtala særskilt nedanfor, og ei meir detaljert omtale kan ein lese i byggerekneskapen.

Totalt er det brukt 41,54 mill kroner til investeringsprosjekt. I tillegg kjem kr. 690 000 til restaurering av kyrkjespiret.

	Kostnadsramme			Rekneskap			Avvik	
	Opphavleg	Justert	rev. budsjett 2017	Sum 2011-2015	2016	2017	Mot kostnadsramme	Mot budsjett 2017
Samnangerheimen	67 000	124 623	123	107 248	17 288	123	-36	0
Samnangerheimen, el-syklar	0	131	131	0	0	131	1	1
Testamentert bustad	0	3 000	3 000	0	0	3 007	-7	-7
Bu og aktivitetssenter (oppstart)	12 338	247	247	18	64	233	1	13
Hus Lønnebakken, selt 2017	0	136	136	0	0	136	3	0
Prestebustad, planer om sal	3 000	3 000	3 000	0	0	7	4	0
Barneskule, borehol mm,	688	741	741	0	0	741	5	0
Ungdomsskule, undersentral	0	250	250	0	0	207	6	0
Bibliotek	14 146	14 764	14 764	0	0	14 763	0	1
Bibliotek, innbu og utstyr	188	385	385	0	0	516	1	-131
VVA-anlegg Bjørkheim	14 090	24 340	8 332	3 280	12 728	8 316	15	15
Vassforsyning Frøland	7 721	8 170	449	8 792	0	448	0	0
Vassverk	995	947	947	0	0	1 555	1	-608
Industriområde Rolvsvåg	2 500	1 059	1 059	2 949	30	159	0	900
Industriområde Rolvsvåg, veg	5 075	5 075	5 075	0	0	625	1	4 450
Veg til Totræna	0	2 642	1	0	0	2 621	1	21
Veg til Hagabotnane	0	2 168	2	0	0	837	2	1 330
Veg, sikring og utstyr	2 000	931	3	0	0	600	3	331
Kruntgrasbane	5 250	11 008	6 517	0	4 491	6 517	0	0
	134 990	203 614	45 160	122 286	34 600	41 541	1	6 316

(Tall i 1000, minusteikn betyr meirforbruk)

Prosjekt som går over fleire år vil ha ei vedtatt kostnadsramme. Når eit år vert avslutta, skal resterande kostnadsramme overførast til neste års budsjett. Budsjettet for år 2 blir vedtatt fleire månadar før rekneskapen for år 1 er avslutta, og det er viktig at det i løpet av første halvår i nytt budsjettår vert tatt ein gjennomgang av budsjett for å sjå at den totale ramma for prosjektet er rett. Avviket mellom budsjett og rekneskap er i 2017 på kr 6,3 mill kroner. Dvs at det er brukt mindre enn budsjettert. Dette skuldast prosjekt som ikkje er kome i gang eller som ikkje er kome så langt som forventa. Mellom anna vart arbeid med veg i Rolvsvåg industriområde starta opp i desember og vil bli ferdigstilt i 2018.

Idrettsanlegget i Hagabotnane

Idrettsanlegget i Hagabotnane vart bygt på 80-talet. Anlegget bestod av garderobeanlegg, ei grasbane, ei grusbane og løpebane. Samnanger vart etter kvart ein av få kommunar som framleis hadde grasbane. I samband med anleggsplanen 2014-2024 til kommunen, vart det vedteke å erstatta grasbanen med kunstgras og finne løysingar som kunne erstatte den nedslitne løpebanen. I kommunen sitt handlingsprogram – spelemidlar (ks-sak 67/15) vedtok kommunestyret å prioritera kunstgras og delanlegg friidrett som nummer 1 og 2. Det vart søkt om spelemidlar og Samnanger står for tur til å få tildelt dette. Kommunen hadde då valt å gå bort frå krøllgrasbane med gummikuler, og i staden velja ei meir miljøvenleg korkgranulat-løysing, og til å få eit mindre friidrettsanlegg med 4 løpebaner, hoppegrop og kulering. I tillegg vart det Drensasfalt og kunstgras i halvsirklane. Totalkostnader for heile anlegget kom på 11,01 mill kroner. Tiltaket er finansiert med lånemidlar, kommunale fond, momskompensasjon kr. 100.000 frå idrettslaget.



VVA på Bjørkheim

I områdereguleringsplanen for Bjørkheim er det føresett at vatn og avløp og hovudvegssystemet i området er offentleg. Samnanger kommune hadde dermed eit krav på seg til å gjennomføre planen og tilrettelegge for ei større utbygging av både bustader og næringslokale i området. Kommunen sitt mål om å realisera områdeplanen er gjennomført i tråd med planen, og Bjørkheim framstår no som eit meir attraktivt bu- og senterområde. Dei store investeringane kommunen har gjort i offentleg infrastruktur er viktig for framtidig utvikling og viktig for å generere framtidig samfunnsutvikling. Det kommunale VA-anlegget skal no ha kapasitet til den planlagde utbygginga i både områdeplanen og det som ligg i kommuneplanen for heile Bjørkheims-området. Totalkostnaden for heile prosjektet vart på 21,05 mill kroner. Av dette var 1,54 mill kroner innløysing av tidlegare inngåtte avtalar i områdeplanen utanom anbodet i VVA prosjektet. Tiltaket er finansiert med lånemidlar, næringsfond, investeringfond og momskompensasjon. Forprosjekteringa er ikkje med i byggerekneskapen og med denne utbygginga har det blitt påkopla fleire nye abonnentar på VA-anlegget. Kommunen kan og pårekne meirinntekt på VA frå framtidige etableringar og utbygging.

Totræna – ny rassikker vegtrase



Både avkøyring og nedste del av vegen til Totræna var svært rassfarleg. Teknisk drift har rapportert om fleire mindre ras og steinsprang den siste tida. Dei frykta at større ras ville komme, og at vegen vil verte stengt på kort varsel. Auka aktivitet i skianlegget både sommar- og vinterstid har og ført til at vegen var meir i bruk enn tidlegare. Ved store nedbørsmengder og ekstremnedbør var vegen svært rasutsett og vart ofte stengt. Geolog har utarbeid rapport for korleis å sikre vegen etter fleire bekymringsmeldingar frå innbyggjarar og befaring frå kommunen. Rassikringa var eit hastetiltak, med snarast mogleg oppstart. Prosjektet fekk dispensasjon i slutten av april, og vegen vart ferdigstilt til sommarferien i 2017. Prosjektet vart gjennomført på om lag 3 månader, med unntak av ekstra rekkverk langs delar vegen. Dette vart montert rett etter ferien. Omlegging av vegen har ein totalkostnad på 3,11 mill kroner. Tiltaket er finansiert med lånemidlar, investeringsfond og momskompensasjon.

Nytt bibliotek – på Bjørkheim

Samnanger kommune sitt folkebibliotek var lokalisert i kjellaretasjen i kommunehuset på Indre-Tysse. Lokalet var på om lag 100 m² og svært lite egna til publikumsbesøk, arrangement og magasinkapasitet. Det var ikkje mogleg å kome til lokalet med rullestol, noko som ekskluderte ei rekkje innbyggjarar frå å bruka biblioteket som møteplass. Ulike tiltak vart vurdert i eksisterande lokale. For å få til eit framtidig og moderne bibliotek ønska kommunen heller å vurdere andre alternativ. Nytt biblioteklokale på Bjørkheim kom opp som eit godt mogleg alternativ, då Bjørkheim Senter realisterte sitt bygg. Kommunen inngjekk kontrakt om kjøp av 556 m² lokale. Totalkostnaden med lokale og utstyr vart 15,15 mill kroner. Tiltaket er finansiert med lånemidlar, momskompensasjon og kr. 150.000 i modellbibliotektilskot. Kommunen har og søkt fylkeskommunen om ytterlegare kr. 500.000 i tilskot til kulturbygg.

Bu og aktivitetssenter – «Skottabakken»



Nytt bu og aktivitetssenterer kan bli realisert i løpet av 2019. Tiltaket har vore under planlegging gjennom svært mange år. Prosjekteringa er no i slutfasen og totalentreprisen er snart klar for utlegging i Doffin. Det er søkt Husbanken om tilskot for bebuarleigheitene. Husbanken stiller arealkrav og følgjer standard for desse. Tomta er trong og utfordrande, men gjev og spennande løysingar. Kommunestyret må ta endeleg stilling til prosjektet og

finansiering når anboda ligg føre. Ein kan rekne med oppstart i bygginga i september 2018 og ca eit års byggetid. Illustrasjonen ovanfor viser skisse over inngangsparti, fellesareal og leiligheitene. Tiltaket vil verte finansiert med husleigeinntekter, tilskot frå Husbanken og lånemidlar.

Vedlegg

Balanserekneskapen

Rekneskapsskjema 1A - driftsrekneskapen

Rekneskapsskjema 2A - investeringsrekneskapen

Økonomisk oversikt - drift

Økonomisk oversikt - investering

Vedlegg

Balanserekneskapen

Tall i 1 kroner	Noter	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
EIENDELER			
A. ANLEGGSMIDLER			
Faste eiendommer og anlegg	10	381 731 789	352 644 177
Utstyr, maskiner og transportmidler	10	6 473 908	6 281 497
Pensjonsmidler	4	222 183 958	201 558 443
Utlån		3 174 463	3 624 934
Aksjer og andeler	6b	5 892 768	5 293 677
Sum anleggsmidler		619 456 886	569 402 728
B. OMLØPSMIDLER			
Kortsiktige fordringer		14 452 545	48 976 293
Aksjer og andeler	6b	0	234 882
Sertifikater		0	0
Obligasjoner		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd		47 056 793	23 169 375
Premieavvik	4	11 700 987	11 983 185
Sum omløpsmidler		73 210 325	84 363 735
Sum eiendeler		692 667 212	653 766 463
EGENKAPITAL OG GJELD			
C. EGENKAPITAL			
Disposisjonsfond	7	-5 828 865	-206 974
Bundne driftsfond	7	-9 355 650	-10 260 861
Ubundne investeringsfond	7	-3 630 536	-10 901 031
Bundne investeringsfond	7	-151 129	-151 129
Endring i regnskapsprinsipp drift (AK)		1 790 902	1 790 902
Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK)		0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	2	-8 922	-2 260 501
Regnskapsmessig merforbruk		0	0
Udisponert i investeringsregnskapet		0	0
Udekket i investeringsregnskapet		0	0
Kapitalkonto	9	-132 750 023	-110 009 408
Sum egenkapital		-149 934 222	-131 999 001
D. GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Pensjonsforpliktelse	4	-272 615 016	-255 613 300
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	13	-227 011 204	-222 955 709
Sum langsiktig gjeld		-499 626 220	-478 569 009
KORTSIKTIG GJELD			
Kassekredittlån		0	0
Annen kortsiktig gjeld		-40 660 266	-40 170 218
Premieavvik	4	-2 446 503	-3 028 236
Sum kortsiktig gjeld	13	-43 106 769	-43 198 454
Sum egenkapital og gjeld		-692 667 212	-653 766 463
MEMORIAKONTI:			
Ubrukte lånemidler		12 919 354	19 175 685
Andre memoriakonti		2 298 127	2 799 380
Motkonto for memoriakontiene		-15 217 480	-21 975 065

Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2017	Regulert budsjett 2017	Opprinnelig budsjett 2017	Rekneskap 2016
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Skatt på inntekter og formue	-62 224 791	-62 521 000	-62 751 000	-61 149 220
Ordinart rammetilsko	-85 306 160	-85 586 251	-82 460 000	-81 992 403
Skatt på eigedom	-13 647 321	-13 264 000	-13 794 000	-15 064 427
Andre direkte eller indirekte skattar	-5 405 560	-5 249 457	-5 249 457	-5 361 098
Andre generelle statstilskot	-5 186 098	-5 317 833	-4 369 833	-4 950 392
Sum frie disponible inntekter	-171 769 929	-171 938 541	-168 624 290	-168 517 540
FINANSINTEKTER-/UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte	-625 862	-549 000	-549 000	-656 179
Gevinst finansielle instrument	-37 429	-31 318	0	-4 836
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 161 988	4 378 000	4 348 000	4 505 836
Tap finansielle instrumenter	0	0	0	137 015
Avdrag på lån	8 594 033	8 591 500	8 341 500	5 987 892
Netto finansinntekter/-utgifter	12 092 731	12 389 182	12 140 500	9 969 728
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	2 569 752
Til ubundne avsetningar	7 301 891	7 301 904	3 050 103	1 818 979
Til bundne avsetningar	5 068 564	3 214 459	2 681 404	1 914 195
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	-2 260 501	-2 260 501	0	0
Bruk av ubundne avsetningar	-990 000	-990 000	-505 000	-1 712 363
Bruk av bundne avsetningar	-3 451 974	-1 973 600	-1 045 618	-2 678 006
Netto avsetningar	5 667 980	5 292 262	4 180 889	1 912 558
FORDELING				
Overført til investeringsbudsjettet	332 000	332 000	0	0
Til fordeling drift	-153 677 219	-153 925 097	-152 302 901	-156 635 253
Sum fordelt til drift (frå skjema 1b)	153 668 297	153 925 097	152 302 901	154 374 752
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	-8 922	0	0	-2 260 501

Rekneskapsskjema 2A - Investeringsregnskapen

Tall i 1 kroner	Regulert budsjet	Opprinnelig Budsjet		
	Rekneskap 2017	2017	2017	Rekneskap 2016
FINANSIERINGSBEHOV				
Investeringar i anleggsmidlar	42 231 245	48 584 071	33 608 500	38 195 471
Utlån og forskotering	24 749 091	24 749 091	23 833 000	24 074 524
Avdrag på lån	1 350 471	1 596 000	427 000	20 541 819
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetningar	4 024 120	7 024 120	7 150 000	14 776 651
Årets finansieringsbehov	72 354 927	81 953 282	65 018 500	97 588 465
FINANSIERING				
Bruk av lånemidlar	-20 256 331	-23 621 115	-22 000 000	-10 583 802
Inntekter frå salg av anleggsmidlar	-2 520 000	-6 260 000	-6 250 000	-2 065 500
Tilskot til investeringar	-3 600 000	-3 600 000	-1 000 000	-44 795 226
Kompensasjon for meirverdiavgift	-3 955 909	-3 930 906	-3 692 500	-5 913 004
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-26 942 271	-27 187 800	-25 577 000	-25 841 819
Andre inntekter	-242 000	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-57 516 511	-64 599 821	-58 519 500	-89 199 352
Overført frå driftsbudsjettet	-332 000	-332 000	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	-14 506 415	-17 021 461	-6 499 000	-8 389 113
Sum finansiering	-72 354 927	-81 953 282	-65 018 500	-97 588 465
Udekket / Udisponert	0	0	0	0

Vedlegg

Økonomisk oversikt - Drift

Tall i 1 kroner	Regulert budsjett 2017	Opprinnelig budsjett 2017	Rekneskap 2016
DRIFTSINNTEKTER			
Brukarbetaling	-7 335 445	-7 142 000	-6 833 000
Andre salgs- og leigeinntekter	-18 947 196	-16 369 932	-16 366 332
Overføringer med krav til motytelsar	-27 231 077	-23 402 797	-14 295 153
Rammetilskot frå staten	-85 306 160	-85 586 251	-82 460 000
Andre statlege overf.	-5 186 098	-5 317 833	-4 369 833
Andre overføringer	-435 686	-122 869	-92 699
Skatt på inntekt og formue	-62 224 791	-62 521 000	-62 751 000
Eigedomsskatt	-13 647 321	-13 264 000	-13 794 000
Andre direkte og indirekte skattar	-5 405 560	-5 249 457	-5 249 457
Sum driftsinntekter	-225 719 333	-218 976 139	-206 211 474
DRIFTSUTGIFTER			
Lønsutgifter	111 232 318	112 357 006	103 264 794
Sosialekostnader	30 092 265	28 252 145	28 727 458
Kjøp som inngår i kommunal prod.	29 554 073	28 916 615	26 937 294
Kjøp som erstattar eigen prod.	24 698 930	23 083 897	18 898 415
Overføringer	12 749 048	9 057 844	12 716 936
Avskrivningar	10 796 192	10 701 605	10 701 605
Fordelte utgifter	-708 933	-704 812	-654 812
Sum driftsutgifter	218 413 893	211 664 300	200 591 690
Brutto driftsresultat	-7 305 440	-7 311 839	-5 619 784
EKSTERNE FINANSINNTEKTER			
Renteinntekter og utbytte	-625 862	-549 000	-549 000
Gevinst Finansielle instrumentyer (omløpsmidler)	-37 429	-31 318	0
Mottatte avdrag på lån	-18 000	0	0
Sum eksterne finansinntekter	-681 291	-580 318	-549 000
EKSTERNE FINANSUTGIFTER			
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	4 161 988	4 378 000	4 348 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Avdragsutgifter	8 594 033	8 591 500	8 341 500
Utlån	18 000	0	0
Sum eksterne finansutgifter	12 774 022	12 969 500	12 689 500
Resultat eksterne finansransaksjoner	12 092 731	12 389 182	12 140 500
Motpost avskrivningar	-10 796 192	-10 701 605	-10 701 605
Netto driftsresultat	-6 008 902	-5 624 262	-4 180 889
BRUK AV AVSETNINGER			
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	-2 260 501	-2 260 501	0
Bruk av disposisjonsfond	-990 000	-990 000	-505 000
Bruk av bundne fond	-3 451 974	-1 973 600	-1 045 618
Sum bruk av avsetninger	-6 702 475	-5 224 101	-1 550 618
AVSETNINGER			
Overføring til investeringsrekneskap	332 000	332 000	0
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0
Avsetning disposisjonsfond	7 301 891	7 301 904	3 050 103
Avsetning til bundne driftsfond	5 068 564	3 214 459	2 681 404
Sum avsetninger	12 702 455	10 848 363	5 731 507
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	-8 922	0	0
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	2,66 %	2,57 %	2,03 %

Vedlegg Økonomisk oversikt - Investering

Tall i 1 kroner	Regulert budsjett 2017	Opprinnelig budsjett 2017	Rekneskap 2016	
INNETEKTER	Rekneskap 2017	Regulert budsjett 2017	Opprinnelig budsjett 2017	Rekneskap 2016
Salg av driftsmidler og fast egedom	-2 520 000	-6 260 000	-6 250 000	-2 065 500
Andre salsinntekter	-242 000	0	0	0
Overføringer med krav til motytting	-591 800	-591 800	-150 000	-300 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	-3 955 909	-3 930 906	-3 692 500	-5 913 004
Staltege overføringer	0	0	0	-44 795 226
Andre overføringer	-3 600 000	-3 600 000	-1 000 000	0
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	-10 909 709	-14 382 706	-11 092 500	-53 073 730
UTGIFTER				
Lønsutgifter	152 845	340 618	0	657 650
Sosiale utgifter	46 435	113 719	0	215 204
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	37 328 305	43 451 078	29 786 000	31 154 613
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	0	0	0	0
Overføringer	4 645 909	4 620 906	3 692 500	6 168 004
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	57 750	57 750	130 000	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	42 231 245	48 584 071	33 608 500	38 195 471
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER				
Avdragsutgifter	1 350 471	1 596 000	427 000	20 541 819
Utlån	24 150 000	24 150 000	23 250 000	23 550 000
Kjøp av aksjar og andelar	599 091	599 091	583 000	524 524
Dekking av tidlige års udekket	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	4 024 120	7 024 120	7 150 000	14 776 651
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	30 123 682	33 369 211	31 410 000	59 392 994
Finansieringsbehov	61 445 217	67 570 576	53 926 000	44 514 734
FINANSIERING				
Bruk av lån	-20 256 331	-23 621 115	-22 000 000	-10 583 802
Mottekne avdrag på utlån	-26 350 471	-26 596 000	-25 427 000	-25 541 819
Salg av aksjar og andelar	0	0	0	0
Overføringer frå driftsrekneskap	-332 000	-332 000	0	0
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-690 000	-690 000	0	0
Bruk av bunde driftsfond	-2 521 801	-3 852 158	-100 000	-2 344 169
Bruk av ubundne investeringsfond	-11 294 615	-12 479 303	-6 399 000	-6 044 944
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-61 445 217	-67 570 576	-53 926 000	-44 514 734
Udekket / Udisponert	0	0	0	0

Del 2

Årsmelding 2017

Einingane

Eining	Side
Sørvissenteret	Side 2
Teknisk forvaltning	Side 5
Teknisk drift	Side 7
Kultur	Side 10
NAV kommune	Side 12
Sjukeheim (Samnangerheimen)	Side 14
Heimetenesta	Side 17
Tenester for funksjonshemma	Side 20
Helse	Side 23
Barnehageeininga	Side 26
Samnanger barneskule	Side 28
Samnanger ungdomsskule	Side 30



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -



FAKTA OM EININGA:

Einingisleiar:

Marianne Soleng

Netto driftsutgifter:

Kr 5 524 000

Avvik rev.budsjett:

Kr – 69 000
(meirforbruk)

Tal tilsette:

5

Tal årsverk:

4,75

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Sørvissenteret

Eininga sine tenester

Eining for sørvissenter hadde i 2017 ansvar for mellom anna postmottak, arkiv, ekspedisjon, sentralbord, politisk sekretariat og IKT. Eininga sakshandsamar mellom anna saker knytt til servering og sals- og skjenkesaker. Eining for sørvissenter hadde 4,75 årsverk, fordelt på fem tilsette (einingisleiar 100%, to sekretærar med høvesvis 90% og 85% stilling, og to IKT-konsulentar med 100% stilling).

Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing



Sørvissenteret heldt i 2017 fram arbeidet med å henta inn arkiv/arkivmateriale frå einingane, og rydda og systematisera dette. Dette er eit svært omfattande arbeid, som vil måtte fortsetja i fleire år framover. Arbeidet omfattar alle fagsystem og alle sak-/arkivsystem i alle einingar og avdelingar i kommunen. Dette utgjer omlag 400 hyllemeter

arkivmateriale.

Kommunen sitt arkiv- og saksbehandlingssystem (Acos Websak) vart oppgradert til ny versjon våren 2017, samt at det kom på plass ny møttemodul.

Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Mangel på eigna arkivlokale er ei stor utfordring for sørvissenteret. Ved daglegarkivet er det både plassmangel og manglande tryggleik mot mellom anna brann og innbrot. Sørvissenteret har òg mangel på depotplass til lagring av eldre arkivmateriale (bortsetjingsarkiv/spesialrom for arkiv), fordi det noverande bortsetjingsarkivet er fullt. Det må gjerast investeringar knytt til arkivlokale i åra som kjem. I tillegg vil det truleg vera behov for at kommunen leiger meir plass til lagring av arkivmateriale hos Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH). Då både for papirarkiv og for digitalt arkiv.

Kommunen har i dag papirarkiv for alle arkivdelane i Acos Websak (sentralarkiv, elevarkiv, personalarkiv og eigedomsarkiv). Dette gjer at sørvissenteret bruker uforholdsmessig mykje av arbeidstida på kopiering av papir og arbeid med papirmapper (saksmapper). Overgang til papirlaust

arkiv, papirlaus saksbehandling og digitale løysingar for innbyggjarar/publikum må vera satsingsområde for kommunen.

I kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember 2017 vart det sett av midlar til nokre tiltak knytt til dette, men det vil vera behov for ytterlegare midlar i åra som kjem.

Arbeidsmengda i sørvisssenteret vil truleg ikkje gå ned ved at arkiva vert digitale. Det må lagast nye rutinar knytt til arkivdanning i alle einingar/avdelingar i alle arkivdelar.

Arbeidsoppgåver knytt til arkivtenesta vil endra seg mykje framover og dei vil verta meir omfattande. Det er viktig at personalet får høve til å tileigna seg ny kunnskap innan faget.

Talet på innsynskrav har auka kraftig dei siste åra og krava vert stadig meir omfattande.



Utviklinga i talet på arkivsaker og journalpostar (dokument) i Acos Websak gir ein indikasjon på saks- og arbeidsmengda ved sørvisssenteret. Både talet på arkivsaker og journalpostar (dokument) pr. år har nesten dobla seg i perioden frå 2011 til 2017.

Utvikling i tal arkivsaker og journalpostar i kommunen sitt arkiv-/saksbehandlingssystem								
Tekst	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Merknad
Arkivsaker registrert i Websak <i>(Websak er kommunen sitt elektroniske arkiv- og saksbehandlingssystem (hovudsystem)).</i>	668	739	852	1008	1016	1083	1132	Ei arkivsak kan t.d. vera ei tilsetjingssak, byggesak, elevsak, plansak eller ei personalsak.
Journalpostar registrert i Websak	5412	6742	6892	8041	9210	10040	11089	Ein journalpost kan t.d. vera eit inn-/ utgåande brev eller eit saksframlegg.

IKT

Den eine av dei to IKT-konsulentane i kommunen slutta våren 2017, og ny konsulent starta i august 2017.

Samnanger driftar dei fleste dataystema sjølv, og IKT-konsulentane har eit breidt arbeidsområde. Dei arbeider kontinuerleg med å finna, få på plass og drifta gode og føremålstenlege løysingar, ofte i samarbeid med både einingane og andre. Det vart i 2017 ikkje gjennomført større prosjekt knytt til IKT-området.

Dei tilsette på IKT har heimevaktordning, med vakt fram til kl. 22.00 alle dagar. Ordninga vart innført for nokre år sidan, primært på bakgrunn av at kommunen blir meir og meir avhengig av at datasystema våre fungerer til ei kvar tid, også utanom ordinær arbeidstid. Dette gjeld spesielt datasystema i pleie- og omsorgstenestene.

Ein av IKT-konsulentane har dei siste åra hatt ein del administrative oppgåver knytt til brannvesenet og førstehjelpsbilen. Dette gjer at den faktiske stillingsressursen knytt til IKT har blitt litt redusert, sjølv om dette ikkje viser budsjettmessig.

I kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember 2017 vart det sett av 175.000 kroner i ekstramidlar i 2018 til utskifting av PC'ar for elevar ved skulane. Dersom kommunen skal halda fram med å ha like stor tettleik på elev-PC'ar som i dag, må det setjast av ekstramidlar òg i åra etter 2018.

Rådmannen vil i 2018 sjå på kommunen si IKT-drift, og vurdera om me bør samarbeida med andre kommunar på dette området.

Teknisk forvaltning

Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Ansvarsområde: Bygge- og delingssaker, kart og oppmåling, plan og miljø, feiing, brann og redningsvesen.

Teknisk forvaltning har mange ulike oppgåver som krev fagleg kompetanse. Kontoret har for få tilsette i høve til å innfri politiske forventningar og bestillingar, samt nasjonale føringar. Det er ein person på kvart hovudområde, noko som gjer eininga svært sårbar. Det er ikkje mogleg å rekke over dei mest nødvendige oppgåver eller ha spisskompetande på alle område. Innbyggjarane i Samnanger har likevel dei same behov for hjelp og rettleiing som i andre kommunar. Me slit derfor framleis med å levera fullgode tenester til innbyggjarane. Det er nødvendig å auke opp budsjettet til kursing av tilsette, samstundes er det ikkje mogleg med for få tilsette å vere oppdatert på alt som skjer i dei ulike faga. Det bør nemnast at budsjettet for brann/ feiing med 0,16 årsverk, er om lag like stort som budsjettet for resten av eininga. Eininga treng ei styrking innanfor plan/forvaltning/ingeniør (100% stilling).

Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sykefråvær

Det har vore tilsett 2 planleggarar til arbeidet med arealdelen til kommuneplanen. Då planleggar i fast stilling gjekk ut i foreldrepermisjon i oktober, fekk planleggar i vikariatet i oppdrag å fullføra arbeidet. Byggesakshandsamar slutta etter endt foreldrepermisjon i sommar. Tilsett vikar vart fast tilsett i 100% der om lag 30% av stillinga er knytt til prosjekt. Legemeldt sjukefråvær er på 7,59%. Mykje av dette skuldast stort arbeidspress hos dei ansatte på ulike saker.

Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing

- Tal byggjesaker: 72
- Delingssaker: 2
- Plansaker: 1
- Oppmålingssaker: 24
- Brannutrykkingar: 24
- First responder: 39

I likheit med 2016 har det i 2017 vore arbeidd mykje med kommuneplanen, som no i stor grad er ferdig vedteken. Trafikksikringsplanen vart ferdig og vedteken på slutten av 2017. Eininga har og vore sterkt involvert i utviklinga på Bjørkheim og Rolvsvåg industriområde samt i datalagringsprosjektet i Børdalen på slutten av året.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Kenth P. Opheim

Netto driftsutgifter

Inkl. brann/feiing:

Kr. 6 850 200

Avvik budsjett:

Kr 8 054 (mindreforbruk)

Tal tilsette:

5 (+16 brannkonstabler)

Tal årsverk:

5,43 (+0,17 brann)

Tal brukarar:

2.488

Adresse til nettside:

www.samnanger.no



BIR-prosjektet om forsøpling har hatt sterkt fokus gjennom året og 43 forsøplingsstader har vorte kartlagde og synfart. Store mengder avfall er fjerna. BIR-prosjektet vart frå 2017 i sin heilheit finansiert av BIR, og fortsett vidare som eit kontinuerleg samarbeidstiltak.
















Samarbeidet med Bergen brannvesen fungerer godt. Det vert halde befalsmøte månadleg. Ein av befalet slutta i 2017 etter over 40 års tenestetid, og vart heidra på juleavslutninga på Bjørkheim. Me har tilsett ein ny konstabel som har starta på opplæring. Vedkommande er kommunalt tilsett. Det har vore strategien i 2017 å tilsetje brannmannskap som allereie jobbar i kommunen, då me har hatt problem med vaktbemanninga på dagtid. Brannstasjonen må oppdatertast med ein «rein og skitten» sone, noko som det er avsett midlar til i 2018.

Når det gjeld gebyr er det vanskeleg å budsjettera for desse områda, og budsjettet for 2017 var altfor optimistisk. Det er ikkje automatikk i at desse områda kan budsjetterast høgare for kvart år, då kommunen naturleg nok ikkje kan påverke utviklinga i denne typen saker. Behandlingstida er godt innanfor lovleg behandlingstid. For saker som gjeld oppmåling er kommunen sjølv ein stor bestillar. Frå 2018 vil kommunen derfor og verte fakturert for desse oppgåvene.

Utgifter til juridisk hjelp har auka noko i 2017. Dette er hovudsakleg grunna behov for juridisk kompetanse i privatrettslege konflikstar med nokre få innbyggjarar og ein tidlegare næringsdrivar i kommunen. Dette er saker som har pågått over fleire år, der leiar i teknisk forvaltning har vorte politimeldt. Sakene er både henlagt og kommunen har fått medhald. Saksøker held likevel fram med å rette nye varsel/søksmål mot leiar/kommunen. Dette har og er svært tidkrevjande for heile eininga og kommuneadministrasjonen.

Spesielle hendingar:

Teknisk forvaltning er meir eller mindre engasjert i samtlege prosjekt i kommunen. Dette er arbeid som kjem i tillegg til dei daglege arbeidsoppgåvene.

Prosjekt i arbeid i 2017	
Plan <ul style="list-style-type: none">  Kommuneplan - arealdel  Trafikksikringsplan  Bjørkheim – realisering reguleringsplan  Børdalen - datalagringscenter 	Forvaltning <ul style="list-style-type: none">  Veg Hagabotnane  Byggeprosjekter – Bjørkheim  Veg – Totræna  Bir- forsøpling  Adressering  Vatn Tyssealand og Totland
Miljøprosjekt <ul style="list-style-type: none">  Fossen Bratte -reiselivsprosjekt  Badevika – Bjørkheim - BOF  Tursti – Steinland-Hagabotnane 	Byggeleiiing <ul style="list-style-type: none">  Veg øvre Rolvsvåg industriområde  Bufellesskap - Skottebakken



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Endre Kulleseid

Netto driftsutgifter:

Kr 13.553.167

Sjølvkost:

Kr 5.052.437

Avvik rev budsjett:

Kr – 123.987
(overforbruk)

Tal tilsette:

21

Tal årsverk:

15,60

Tal brukarar:

2.488

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

Søk på aktuell eining

Teknisk drift

🚧 Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Ansvarsområde:

- Vatn og avløp (sjølvkostområde)
- Eigedom
- Veg og kaiområde
- Reinhold
- Byggingjeleing investeringsprosjekt

I 2017 var den største utfordringa å få utført alle prosjekta som det var løyvd midlar til, som hadde lagt på vent i fleire år. I det daglege er mange utfordringar knytt til lekkasjar på gammalt og dårleg vass- og avløpsnett, og vedlikehald av kommunale vegar. Noko av VA-nettet vart forlenga og fornya, og som igjen førte til auke i talet på abonnentar i Bjørkheimsområdet, Totland og Frøland. Den rasutsette vegen til Totræna fekk ny trasè og vart utbetra, samstundes som vegen til Hagabotnane fekk punktutbetringar, fleire lys og vart trafikksikra med rekkverk.

Bygningsmassen er i stor grad relativt ny og i god stand. I 2017 fekk ungdomsskulen nytt SDL-anlegg og fleire rom vart oppussa. Det vart installert varmpumper i både skule og barnehagebygg. Det er ungdomsskulen og kommunehuset som har eit etterslep på vedlikehald og særskilt det som gjeld ventilasjon.

Teknisk drift får ønskje om svært mange oppdrag frå andre einingar i kommunen utanom budsjett og økonomiplan. Det har vore nødvendig med ei prioritering og venteliste. Eininga har vedlikehaldsplanar med ros-vurderingar for alle ansvarsområda. Dette gjev grunnlaget for prioriteringar og bruk av ressursar. Eininga fekk med ekstra ressursar gjennomført ei rekkje av desse tiltaka i 2017. Samstundes ser ein at det er nødvendig med fleire personar å fordele oppgåvene på, og det merkast særskilt no etter at vegen om Ytre-Tysse vart overført til kommunen.

🚧 Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sykefråvær

Eininga har fokus på og forbetrar kontinuerleg arbeidsklede og verneutstyr. Det er særskilt fokus på HMS for utearbeidarane under snøbrøyting og anna risikoarbeid. Til brøytesesongen 2017-18 vart mykje av gammalt køyretøy og utstyr fornya gjennom leasingavtalar. Reinhold har hatt fokus på hygiene og bruk av riktig vaskemiddel for helse og miljøet. Sjukefråværet i teknisk drift er lågt, 3,7% , og ligg innanfor målsettinga som er likt for kontorsektor (3,8%). Endre Kulleseid gjekk av med pensjon som teknisk driftsleiar ved utgangen av 2017, og Nils Jonny Skar tek til i stillinga den 1. april i 2018.

✚ Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing

Måla er knytt til:

- Drift og vedlikehald av kommunen sine bygningar, vassforsyning, avløpsanlegg, idrettsanlegg, uteområde og vegar.
- Byggeprosjekt innan ansvarsområdet og byggeleing

Utførte oppgåver – utover dagleg drift		Vedlikehald	Rehabilitering/Nybygg
Bygg	Brannstasjon, SUS kantine, Barneskulen, Vassloppa	Skifte ut gamle panelomnar	Varmepumper Nye borehol SBS
	SUS	Nye dusjar og ombygging dusjveggar, Nytt SD-anlegg Malt og nye golv 2 klasserom	
	Hamnahaugen	Vaska og malt 2 strøk	Rehabiliterert bad og malt heile leil.
	Samnangerheimen	Montering kjøleaggregat Rømmingsveg – nye dører Maling innvendig 95 bygget Varme 95 bygget	Skifte kjøkken 95 bygget Ny terrasse sansehagen
	Skjevo		Nytt tak og takrenner
	Skottabakken	Fjerne rampe og overbygg	
	Undervisningsbygg	Vasking og maling 2 strøk	
	Dråpeslottet	Vaska og malt	
	Brakker Ulland	Skifte av råteskader og maling	
	Nytt biblioteklokale		Rekkverk og sykkelstativ
	Helsetunet		Ny automatisk dørøpnar
Uteområde	Nedanfor Samnangerheimen	Rydde og fjerne søppel/skrot	Tilrettelagd veg og uteplass
	SUS		Nytt gjerde ved mur langs veg
	Park -Bjørkheim		Opparbeide, Planting, montere leikeutstyr, tre-terrasse, amfi
	Hagabotnane	Nye flaggstenger, kulering, lengdegrep, skifte takrenner, ny dør/rømmingsveg, skifte av treplattinger	Ny kustgrasbane, løpebane Asfaltering
Avløp	Indre-Tysse	Reparasjoner gamle ledninger	
Vatn	Totland	Fråkopling BKK, reparasjon av lekkasjar	Utspyling og tilkopling kommunalt vassanlegg
	Totland-Tysseland		Ny vassledning
	Rolvsvåg		Montere ekstra vassstank
	Myra	Montere grov sil	Nytt aggregat og styring
	Bjørkheim		Kloring av nye ledningar
	Ådland	Reparasjon lekkasjar	Skifte 300 m gamal leidning og kummer
Veg	Liavegen	Skoging langsveg	
	Hagabakkane	Skoging langs veg, grøfterens. Reasfaltering,	Gatelys- skifte til leddlys, rekkverk
	Veg SUS	Forsterking veg langs mur, reasfaltering	
	Gamlehusvegen	Reasfaltering	
	Tysseland		Nytt rekkverk bru, asfaltering
	Nordbygda og Steinsland		Gatelys – Skifte av 23 til leddlys
	Totræna		Ny trase, rekkverk og asfalt
	Vågabygdvegen	Oppretting, Reasfaltering	
Hjelpe-middel	Utlevering, henting, feilsøking, rep og montering	Brukarar Ca 242 stk	Dette er oppdrag som ein ofte må være 2 personer for å utføre.

Miljøtiltak og energiøkonomisering

Tilsette i eininga prøver å tenke miljøhensyn og energiøkonomisering i alt vi foretar oss i den daglege drifta. Det er sett inn varmepumper for å erstatte gamle panelomnar, og skifta ut om lag 30 veglys til ledlys. Alle lampar i bygga som blir skifta blir erstatta med ledlys. Idrettsanlegget er med korkgranulat. Biblioteklokalet er oppvarma med vassboren golvvarme.

Alle reingjeringsmidlar og vaskemetodar skal vera miljøvenlege. For å unngå sprøyting har eininga investert i utstyr til kantklypping langs vegar. Kommunehuset er det bygget som no treng prioriterast med nytt ventilasjonsanlegg for å bli meir energiøkonomisk.

Spesielle hendingar:

Etter tilsyn frå mattilsynet har eininga utarbeidd ROS-plan for vassverket i 2017.

VVA-strukturen i reguleringsplanen for Bjørkheimsområdet vart realisert våren 2017. Det er etablert nytt vatn og avløpsanlegg, samt slamavskillar som skal ta høgde for framtidig utbygging. Dette har vore eit krevjande prosjekt med mykje logistikk. Teknisk driftssjef har vore byggeleiar og hatt ansvaret for oppfølginga i tillegg til dagleg drift av eininga. Eininga etablerte og opparbeidde sjølv parken.

Teknisk drift har og vore byggeleiar for etablering av kunstgrasbana, som stod ferdig i juni 2017. I tillegg har teknisk drift stått for omlegging av ny trase i Totræna. Veggen var svært rasfarleg og ny trase vart etablert som eit hastetiltak. Bygginga starta rett etter påske og var ferdig til juni 2017.

Med nye vassleidningar har det ført til fleire påkoplingar og nye abonnentar frå Tyssealand, Totland og Bjørkheimsområdet.



FAKTA OM AVDELINGA:

Leiar:

Meline Heimdal Haugland

Netto driftsutgifter:

Kr 3 834 084

Avvik rev.budsjett:

Kr. 144 546 (mindreforbruk)

Tal tilsette:

13

Tal årsverk:

5,22

Tal brukarar:

3609 besøk på biblioteket
76 kulturskuleelevar

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Avdeling for kultur



Brucarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2017

Avdeling for kultur har ansvar for kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, kulturminne, stadnamn, kulturbasert næring, reiseliv, folkehelse, folkebibliotek og kulturskule, og er i sektor for samfunn og utvikling.

I 2017 har kultur vore gjennom større endringar. Etter sommarferien vart eining for kultur omorganisert til kulturavdeling og det vart redusert ei 50 % stilling på kulturkontoret. Eining for kultur var tidligare i sektor for oppvekst og kultur, medan kulturavdelinga no er i sektor for samfunn og utvikling. I samband med offisiell opning av det nye biblioteket 17. august hadde Arnved Soldal Lund sin siste arbeidsdag som kultursjef. Meline Heimdal Haugland vart tilsett som leiar for kulturavdelinga. I oktober tiltredde Merethe Gauden som biblioteksjef etter Kirsten Elisabeth E. Aga.

For kulturkontoret har 2017 vore prega av store prosjekt. Kunstgrasbane, nytt bibliotek, tverrfagleg samarbeid for barn og unge og Samningaveko.

Talet på besøk i biblioteket har auka drastisk i 2017, trass i at me heldt stengt heile juni og halve juli. Dette har ein tosidig grunn, 2016 var eit ustabil år med sjukdom og vikarbruk, medan 2017 var året med flytting til Bjørkheim. Etter flyttinga gjekk besøkstalet rett til vêrs. Biblioteklova seier noko om kva eit bibliotek skal vera og kva me skal gjera. Me oppfyller no desse krava både når det gjeld arrangement og universell utforming.

Kulturskuledrifta og elevtal held seg stabilt. Kulturskulen har ei ramme på 30 undervisningstimar, 28,5 går til instrumentundervisning og 1,5 går til drama. I tillegg får Samnanger skulemusikklag 8,5 timar til dirigent. Kulturskulen sel òg 14,2 timar internt og eksternt (Spaserstokken, barnehage og skule).




Brucarar: Avdelinga sine hovudmål / satsingsområde i 2017 – måloppnåing

Kulturavdelinga har tre satsingsområde: møte mellom menneske, kulturaktivitet og det skapande menneske. Målgruppa er alle innbyggjarar i alle aldrar.

Kulturkontoret og kulturskulen har hatt fokus på tiltak retta mot barn, unge og eldre i institusjon. Me har prioritert dei gruppene me meiner har mest behov for tilrettelagt kulturtilbod og som har vanskelegast med å oppsøka kulturtilbod sjølv. I 2017 har kulturavdelinga i større grad oppnådd «kultur for alle».

Me har mange samarbeidspartar og er med på store og små hendingar. Tabellen viser noko av aktiviteten i 2017:

Aktivitet	Målgruppe	Tal hendingar i 2017
Fritidsklubben	Menneske med utviklingshemming	kvar veke
Tutti-Frutti øving	Menneske med utviklingshemming	Kvar veke
Førestilling med Klovnen Knut	Barn	1
Barnebokveka	Barn	4
Korprosjekt med Dragefjellet musikkorps	Barn	2
Leseinspirasjonsmøte	Barn og foreldre	1
Den kulturelle skulesekken	Barn og ungdom	13
UKM-lokalfestival	Ungdom	1
UKM-workshop	Ungdom	7
LAN-party	Ungdom	1
Hordablæsten	Kulturskuleelevar	1
Konsert-forestilling Ferda-Vinje	Vaksne	1
Den kulturelle spaserstokken	70 år+	6
«Syng med oss»	Dagsenter og sjukeheim	kvar veke
Open aktivitetsdag v/Aldal friluft	Alle	1
Opning av bibliotek	Alle	1
Opning av Hagabotnane	Alle	1
Samningaveko	Alle	6
TV-aksjonen	Alle	1
Kulturskulen – sommarkonsert	Alle	1
Kulturskulen – julekonsert	Alle	1

 **Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær**
I 2017 hadde kulturavdelinga eit sjukefråvær på 2,34%. Det er 1,46% under målet på 3,8 % og 4,06% mindre enn i 2016. Kulturavdelinga er ei lita avdeling kor me er avhengig av kvar enkelt person. Me har òg eit godt arbeidsmiljø. Denne kombinasjonen er truleg ein faktor til at sjukefråværet er lågt.

 **Miljøtiltak og Energiøkonomisering**

Til kunstgrasbana i Hagabotnane er det brukt miljøvennleg granulat av kork, og ikkje gummi.

 **Spesielle hendingar i 2017;**

Hordablæsten, UKM og festkonserten Astrid Lindgrens jul saman med Dragefjellet musikkorps. Kulturskuleelevane har vore svært aktive i året som gjekk.

Samningaveko 3.-11. juni 2017

Hovudsatsinga vår Samningaveko vart svært vellukka. Me har fått mange gode tilbakemeldingar. Sjølv om det var mykje som skjedde denne veka hadde dei fleste arrangement gode besøkstal.

Opning av Hagabotnane 17. juni 2017

Den 17. juni vart det offisiell opning av kunstgrasbana og friidrettsbana i Hagabotnane.

Opning av nytt bibliotek 17. august 2017

Den 17. august hadde biblioteket offisiell opning. Ordføraren sytte for snorklipp framfor ca 150 besøkande. Blant dei særskild inviterte var ungdomsskulen og Skottabakken.

NAV (NAV kommune og flyktningkontor)

Samnanger kommune har følgjande ordningar lagt til NAV-kontoret: økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving, forvaltningskonto, kvalifiseringsprogram, bustadar til vanskelegstilte, Husbanken sine ordningar (startlån, bustøtte og utbetringstilskott). Søknad om parkeringsløyve for funksjonshemma, transportordning og Flyktingetenesta ligg og til NAV-kontoret.



Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

I 2016 har kommunen teke imot 16 flyktningar. I løpet av 2017 kom det 4 til slik at kommunen no har busett 20. I tillegg kom det 1 på familiegjenforening.

Målgruppa til NAV er alle vaksne over 18 år. Hovudmålet for arbeidet hjå NAV er at brukarane skal vera på rett yting, men primært vera i inntekstgjevande arbeid. Det vert arbeidd mykje med å få dei unge inn i ulike typar arbeid eller tiltak som kvalifiserer for arbeid. I Samnanger er det mange som pendlar ut av kommunen for å få arbeid. NAV har fokus på at det er krav til geografisk mobilitet for dei som tek imot økonomisk yting. Generelt har ein eit godt samarbeid med næringslivet i kommunen.

NAV, kommunal del og NAV statleg del har felles leiar.

Målet er at sakshandsamarane skal vera godt budde til avtalar for dermed å auka kvaliteten på samtalen. Kontoret er ope kvar dag, men har ope for «dropp inn» kl 10.00 – 14.00 tre dagar i veka. Dette har fungert godt. Det verka som fleire og fleire av NAV sine brukarar nyttar seg av etaten sine digitale tenester.



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Magne Djuvik

Netto utgifter:

Kr 6 816 405,-

Avvik budsjett:

Kr 219 074

(mindreforbruk)

Tal tilsette:

5

Tal årsverk:

2,9

Tal brukarar:

110

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



	2015	2016	2017
Tal mottakarar av sosialhjelp	40	48	50
i alderen 18 – 24 år	10	16	18
Snitt stønadslengd mnd	4,0	4,4	4,0
i alderen 18 – 24 år	4,6	4,8	3,1
Mottakarar med stønad meir enn 6 mnd	10	14	9
Mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde	14	28	24

Tala i tabellen syner at det har vore ein liten reduksjon i talet på dei som har hatt sosialhjelp som hovudinntekt. Innstraming av regelverket knytt til Arbeidsavklaringspengar og uføretrygd er ei viktig årsak til at ein ikkje har klart å redusera talet på personar som heilt eller delvis lever av økonomisk sosialhjelp. Samtidig ser ein at den gjennomsnittlege stønadstida har gått ned både totalt og for dei mellom 18 og 24 år. Dei under 30 er ei målgruppe for NAV. Det er derfor gledeleg at stønadstida for denne gruppa har gått ned.

Det er innført aktivitetsplikt for dei under 30 som tek imot økonomisk sosialhjelp.

Satsane for sosialhjelp er rådgevande statlege satsar. Samnanger har i motsetning til kommunane rundt oss kommunestyrevedtak på at barnetrygd skal haldast utanom.

Søknad om økonomisk sosialhjelp	2015	2016	2017
Søknad økonomisk sos.hjelp	245		290
Søknad om startlån	4	6	4
Søknad om bustøtte	33	38	30
Søknad om utbetringstilskot	4	2	2
Søknad om parkeringsløyve	16	11	11
Søknad om transportordning for funksjonshemma	10	15	13

Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing

Flyktningane har tilbod om introduksjonsprogram der dei får introløn for å lære norsk, samfunnsfag og arbeidspraksis/språkpraksis. Det er krav om 37,5 timar kvar veke. For å fylla lovkravet har dei fått tilbod i Fusa kommune samt hatt arbeidspraksis/språkpraksis ulike stadar i Samnanger. Busetjing har gått bra, men det har teke tid med å finne rett plass for den enkelte. Dette har medført ein del flytting i løpet av året.



Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær

Eininga hadde i 2017 eit litt for høgt sjukefråvær. Med få tilsette skal det lite til før det vert ein høg prosent. Ei lita eining som NAV er sårbar ved fråvær. Det er derfor viktig å halda fokus på eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

	2014	2015	2016	2017
Sjukefråvær i %	4%	5,7%	3,8%	8,3%

Mål 2018:

- Meir integrerte flyktningar
- Det 2 årige introprogrammet vert avslutta i løpet av 2018 og flyktningane skal over i ordinær utdanning / arbeid. Det vert ei utfordring å få det til slik at ein hindrar fleire i å koma på økonomisk sosialhjelp.
- Eit godt system for aktivitetsplikt.
- Politisk vurdering på om aktivitesplikta skal utvidast til å omfatta fleire.
- Halda fram med å gje god hjelp/bistand til dei som treng det.
- Få prosjektmidlane me har søkt om



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Janne Drevsjø

Netto utgifter:

Kr 21 155 711,-

Avvik budsjett:

(kr 203 984,- (mindreforbruk))

Tal tilsette:

52 (fast)

10 (vikarar)

Tal årsverk:

26,5

Tal brukarar:

Korttidsopphald: 14

Korttidsopphald m/rehab: 24

Korttidsopphald utredning: 11

Langtidsopphald: 14

Avlastning: 1

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Eining Institusjon (Samnangerheimen)

Samnangerheimen har 25 institusjonsplassar, gjesterom for pårørende, resepsjon, eige produksjonskjøkken, vaskeri og Storstova.

Brucarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Nærleik til sjukehus og samhandlingsreforma gjer at fleire alvorleg sjuke får behandling og hjelp i eigen kommune.

Pasientar vert tidleg ferdigmelde frå sjukehus og mange må få vidare behandling på Samnangerheimen.

Komplekse oppgåver, fleire pasientane på korttidsopphald og alvorleg sjuke pasientar krev mykje ressursar.



Brucarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde

Me fortsette å drifta respiratoren med vårt eige personale fram til mai 2017. Dyktige tilsette har klart denne oppgåva einestående og med høg faglegheit.

Me har i heile 2017 leigt ut 5 sjukeheimplasser til Os kommune. Post 1 er fortsatt lukka, men frå oktober har Skottebakken mellombels drift her.

Trass utleige til Os og lukka post 1, har me greidd å gje tilbod til eigne pasientar som er ferdigbehandla på sjukehus og som oppfyller krav til sjukeheimplass.

Samnangerheimen er med i pasientsikkerheits-prosjekt og har jobba med å få i gang tavlemøte.

Fokusområde er ernæring og førebygging av fall og trykksår.

Etter omlegging av måltid, fokus på god ernæring og eige produksjonskjøkken, ser me framleis mykje positiv respons og gode helse- og ernæringsgevinstar hjå pasientane.

I samband med introduksjonsprogram for flyktningar har Samnangerherimen hatt opp til 8 personer på språk- og arbeidstrening. Ein er godt introdusert og jobbar no kvar 3. helg på avd. kjøkken.

Samnangerheimen fekk i oktober ei arv, i form av eigeidom i Arna. 9 og 10 klasse har gjennom heile 2017 hatt valfaget «innsats for andre». Me har hatt 6 elever som har kome 3 måndagar i månaden. og vore med pasientane. Dei har blant anna bakt, lest og gått tur med dei.



Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær

Årsturnus:

Kvar enkelt tilsett får vèra med å planlegge sin eigen turnus. Einingsleiar prøver å tilrettelegga til det beste for kvar enkelt, men sjølvstøtt inntil forsvarleg drift. Alle har fått mange ønskje oppfylt og har gode turnusar som er tilpassa den enkelte. Alle fast tilsette har pr. i dag den stillingsprosenten dei ønskjer seg. Dette er eit gode med årsturnus, då dei som ønskjer det kan få stillingsauke gjennom året.

Kompetanseheving:

13 tilsette frå Samnangerheimen og heimesjukepleien er med i Demensomsorgens ABC. Tal demente er stigande, viktig med fokus og kompetanseheving på dette området. Alle tilsette var med på heildagskurs med ekstern forelesar. Fokusområde rehabilitering og habilitering.

Arbeidsmiljø:

Jamlege personal- og postmøte. Tilsette får ta del i planlegging av oppgåver. Fredagslunsj.



	2013	2014	2015	2016	2017
Sjukefråvær i %	12,35	11,41	11,41	7,38	9,0

(mål 9 %)

Har jamlege samtalar med dei sjukemelde. Det meste av fråværet er ikkje arbeidsrelatert og vanskeleg for arbeidsgjevar å påverka.

Har i 2017 hatt mange tilretteleggingstilskot frå NAV, som gjer arbeidsdagen for den enkelte sjukemelde betre. Dette er og med på å førebygge sjukemelding.

Medarbeidarar og fokus på sjukefråvær:

Samnangerheimen er ei IA-bedrift og me nyttar verkemiddel som tilretteleggingstilskot, har tett dialog med den sjukemelde og melder tidleg til NAV.

Har kvar månad personalmøter og postmøter.

Har kvar andre månad samarbeidsmøter med tillitsvalde og verneombod.

Kvar fredag har alle tilsette på Samnangerheimen og heimetenesta felles lunsj, der me spleiser på å handle inn, og et lunsj i lag. Kjekt tiltak.

Felles opplæring for alle tilsette i haust.

Medarbeidarsamtale 1 gong pr. år

Fokusområde for 2017.

Fokusområde	Mål	Tiltak
Kompetanseheving/ meistringsklima	Framsnakka kvarandre Gjera kvarandre gode Samarbeide og utveksle idear	Intern undervisning Deling av verdifull kompetanse

✚ Miljøtiltak og energiøkonomisering

Har ny sjukeheim

Samarbeid med Lions og Hagelaget om sansehagen.

✚ Spesielle hendingar



Samnangerheimen vant BKK sin sosial energi og fekk tilskot på kr. 25 000 til el-syklar. Samnangerheimen investerte i 2 el-syklar. Var med barnehagane på sykkel-VM i Hagabotnane.

Storstova på Samnangerheimen er mykje brukt og har blitt den samlingsstaden me håpa på. Det er mange tilstellingar og festar for pasientane. Flott samarbeid med barneskulen og Ådland gards- og friluftsbarnehage.

Fått til endå betre samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Samnangerheimen har eiga side på Facebook, der me deler mykje av alt det positive som skjer på sjukeheimen (avklart med pasientar og pårørande/verje)

✚ Utfordringar

Ha nok tilsette og kompetanse i samsvar med oppgåvene.

Fleire sjukepleiarar i permisjon på slutten av året.

✚ Mål 2018

- Halde fram med fokus på «det gode måltid»
- Tilsetje fleire sjukepleiarar
- Arbeide vidare med prosedyrar
- Skaffe inntekter ved sal av institusjonsplass
- Fokus på å førebygge sjukemeldingar
- Betre tverfagleg samarbeid om sjukemeldingar



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:
Reidun Abotnes

Netto utgifter:
Kr 13 626 286,-

Avvik budsjett:
Kr 582 096
(mindreforbruk)

Tal tilsette:
27 fast tilsette
12 vikarar

Tal årsverk:
16,77

Tal brukarar:
86 i heimetenesta
33 på dagsenteret

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

Søk på aktuell eining

Eining Heimetenester (heimesjukepleie, praktisk bistand til reinhald, dagsenter, kols- og diabetesteam og utleigebustadar Tysse)



Brukarar:
Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester
Fleire vil bu heime lengst mogeleg. Dette er ein trend både nasjonalt og i Samnanger. Brukarane våre vert eldre, og det fører ofte til auka behov for hjelp. Me får og fleire yngre og alvorlig sjuke brukarar.

Nærleik til sjukehus og samhandlingsreforma gjer at fleire alvorleg sjuke får behandling og hjelp i Samnanger kommune.

Fleire får i dag diagnose demens/Alzheimer.

Samhandlingsreforma gjer seg uttrykk i at brukarar kjem fortare heim etter sjukehusinnlegging, dette fører igjen til meir behov for hjelp/bistand frå heimetenesta.

Utviklinga gjer at krav om kompetanse er aukande.

Tilbodet om praktisk bistand vart redusert frå annakvar veke til kvar tredje veke, etter vedtak i kommunestyret. Denne endringa har gått bra.

Det er vanskeleg å leige ut omsorgsbustadar på Tyssekaien. Dei som ønskjer bustad ønskjer nærleik til Samnangerheimen.

Tabellen nedanfor viser tal brukarar av heimetenester:

	2013	2014	2015	2016	2017
Samla	71	76	78	81	86
Reinhald	12	12	14	13	11
Heimesjukepleie	32	52	42	44	56
Begge delar	27	11	22	24	19
Matombringning				24	26
Tryggleiksalarm				32	40
Dagsenter	17	16	22	23	33

Samnanger kommune har interkommunalt samarbeid med Os og Fusa, om Kols- og Diabetesteam. Dette fungerer godt og tal brukarar aukar.

Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde – måloppnåing

Målet var å komme i gong med nettbrett, men grunna lang leveringstid vert oppstart februar 2018. Tilsette vil då ha informasjon tilgjengeleg ute i heimetenesta. Dette tiltaket skal frigje tid og betre dokumentasjonen.

Heimetenesta deltek i læringsnettverk om pasienttryggleik gjennom USHT (Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester). Fokus på ernæring og tannhelse. Målet er å førebyggje i staden for å behandla. Etter prosjektet skal dette implementerast i eininga, og etter kvart gjerne ha fleire fokusområde. Eininga har delteke i tilsvarande prosjekt tidlegare, då med fokus på samstemming og legemiddeladministrasjon.

Fleire ynskjer plass på dagsenteret, og tal brukarar har auka. Det er fine lokale på Storstova på Samnangerheimen, og brukarane melder attende om stor trivnad. Mange eldre er einsame i dag, og aktivitetstilbod er viktige. Dagsenteret er ope 3 dagar i veka og stengt 4 veker om sommaren. Songstund kvar måndag er svært populært, i tillegg er det trim med fysioterapeut alle opningsdagane.

Frivillige hjelparar deltek på dagsenteret og er med å gjere dette til eit godt tilbod.

Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær

Eininga har medarbeidarsamtale og faste personalmøte.

Felles lunsj kvar fredag i lag med dei tilsette på Samnangerheimen.

Samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod annakvar månad.

Har årsturnus som gjer at dei tilsette kan planleggje lenger fram samt at dei i større grad kan få ein tilpassa turnus.

Felles opplæring om habilitering og rehabilitering i haust. Ønskjer å arbeide vidare med dette for å få på plass meir system og kompetanse.

	2013	2014	2015	2016	2017
Sjukefråvær i %	9,63	11,13	11,13	14,43	10,89

(mål 9,0%)

Litt nedgang i prosent frå i fjor, men eininga har framleis eit høgt sjukefråvær. Leiar har jamlege samtalar med dei sjukemelde. Det meste av fråværet er ikkje arbeidsrelatert og vanskeleg for arbeidsgjevar å påverka.

Miljøtiltak og energiøkonomisering

I mai / juni 2017 fekk heimetenesta 3 el-bilar. Bilane er gode, men me er spent på rekkevide og det å klare seg utan firehjulstrekk på vinterføret.

Generelt har det vore mindre skade på arbeidsbilane i 2017 – så å holde stort fokus på dette, ser ut til å ha verknad.

Utfordringar:

Høgt sjukefråvær

Finne tid og ressursar til å utvikle eininga og delta i prosjekt.



Mål 2018:

- Sjukefråvær under 9%
- Tilsetje fagsjukepleiar i 50%
- Kompetanseansvar til enkelte tilsette (habilitering- og rehabilitering, munnstell og ernæring, hjarte og sår)
- Betre låsesystem i heimetenesta (venter på ferdigstilling av prosjekt i andre kommunar)
- Minst mogeleg skadar på bilane
- Førebyggjande heimebesøk til eldre
- Lage plan for bruk av velferdsteknologi
- Godt samarbeid med frivilligsentralen





FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Birthe Skar-Moum

Netto utgifter:

kr 10 167 234,-

Avvik budsjett :

kr 334 044,-
(meirforbruk grunna låg refusjon)

Tal tilsette:

21 fast tilsette
10 vikarar
17 oppdragstakarar

Tal årsverk:

14

Tal brukarar:

28

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

Søk på aktuell eining

Eining Funksjonshemma (bufellesskap, arbeid, dagtilbod, aktivisering, avlastning, besøksheim og støttekontakt m.m.)

Bufellesskapet har 7 bebuarar og fleire heimebuande med tenester serva frå bufellesskapet. Eininga har i tillegg oppfølging med rundt 20 andre brukarar. Brukargruppa spenner frå barnehageborn til eldre/vaksne med ulike sosiale, fysiske og psykiske funksjonshemmingar. Tenestene spenner frå omfattande til mindre tiltak.

Brucarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Brucarar kan og ha rett til koordinator og individuell plan – samt oppfølging i ansvarsgrupper.

Det har i aukande grad nasjonalt og internasjonalt vorte satt større fokus på psykiske lidingar blant utviklingshemma dei siste åra, dette er også noko ein ser lokalt og medfører at hjelp og tilrettelegging i større grad er eit tverrfagleg tema. Eininga samarbeider tett med andre faginstansar, både lokalt og med spesialisthelsetenesta for å kunne gje hjelp tilpassa den enkelte. I løpet av 2017 har store delar av personalgruppa vorte kursa i arbeid med tunge psykiske lidingar blant psykisk utviklingshemma.

Eininga sine hovudmål / satsingsområde måloppnåing

Eininga har i utgangspunktet halde seg innanfor budsjett. Det kan vere noko utfordrande å kalkulere riktig på refusjon på særleg ressurskrevjande brukarar, mellom anna ved at innslagspunktet vert auka. Det kan sjå ut til at vi har budsjettetert med ei høgare inntekt enn reelt. Dette er grunnen til eininga sitt meirforbruk.

Mål om å starte bygging av nytt senter i løpet av 2017 vart ikkje innfridd.

Mål om ha gode prosessar i samband med planlegging av nytt senter der tilsette, brukarar og pårørande skulle vere involvert, er oppnådd. God planlegging og oppstart av mellombels drift er oppnådd.

Mål om å halde sjukefråværet lågt er oppnådd.

Mål om å behalde og rekruttere fagpersonale er oppnådd, eininga har i løpet av 2017 mellom anna tilsett vernepleiar i 60% stilling.

Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær

Eininga har årsturnus og fleirtalet av dei tilsette ved Skottabakken bufellesskap har i fleire år arbeidd langvakter (med oppfølging frå Bedriftshelsetenesta). Dette har hatt eit positivt utfall på nærværstatistikken og trivselen til dei tilsette, og det har vore eit stort

gode for bebuarane i bufellesskapet. Sjukefråværet har vore lågt trass dårlege fysiske arbeidsforhold.

	2013	2014	2015	2016	2017
Sjukefråvær i %	11,24	6,52	9,12	7,04	3,34

(mål 9,0%)

Det er eit mål for eininga med flest mogleg tilsette i store stillingar. Personal møte har vore vanskeleg å gjennomføre på Skottabakken grunna manglande lokale, dette har dermed ikkje vore gjennomført i så stor grad som ønskeleg i 2017.

Det er også vanskeleg å gjennomføre enkle nærværstiltak og trivselsfremjande tiltak som felleslunsj og liknande i kvardagen, grunna mangel på fasilitetar.

Det er låg del menn tilsett i eininga, det er fokus på dette i tilsetjingar både ut frå eit likestillingsperspektiv, men mest med bakgrunn i brukarane sine behov. Det er likevel til ei kvar tid den best kvalifiserte som vert tilsett.

Miljøtiltak og energiøkonomisering

Ein stor del av køyring i eininga føregår med el-kraft, bufellesskapet leasar hybridbil.

Grunna behov for bil med romsleg sitjeplass har ikkje el-bil vore aktuelt innanfor økonomiske rammer. Det er fokus på miljøtiltak og energiøkonomisering ved planlegging av nytt senter.

Spesielle hendingar i 2017

Skottabakken bufellesskap flytta hausten 2017 frå Reistad til ei avdeling på sjukeheimen. Flyttinga var godt planlagt og vart gjennomført på ein smidig og god måte. Innan utgangen av året var både tilsette og bebuarar kome godt til rette på avdelinga.

Eininga hadde tilsyn frå fylkesmannen i 2017. Tilsynet vart gjennomført eit par veker etter flytting frå Reistad til Haga. Temaet for tilsynet var om kommunen sikrar at det blir lagt til rette for tenesteyting til personar med utviklingshemming med minst mogleg bruk av tvang og makt. Det vart ikkje avdekket brot på krav i lov og forskrift. For eininga sin del var det særleg godt å få bekrefta av vi gjer forsvarlege tenester og har tilfredsstillande prosedyrer, sjølv i ein hektisk periode med flytting og nye rutiner.

Utfordringar

Mellombels drift. Bebuarar bur på rom i ei sjukeheimsavdeling inntil nytt senter står ferdig.

Det er også store avstandar til sentrum ved Bjørkheim, ein del av brukarane er pr i dag mykje meir avhengig av hjelp enn tidligare.

Dårlege fasilitetar for tilsette. Tilsette har begrensa tilgang til garderober. Det er ikkje kontor eller «frie» område der dei kan overlape. Det er stort fokus på å overhalde teieplikta i bufellesskapet då alt av rapportering, både skriftleg og munnleg føregår i fellesareal.

Vanskelig å rekruttere støttekontaktar.



Mål 2018:

- Starte bygging av nytt senter
- Halde sjukefråværet nede
- Få på plass sakshandsamar og koordinerande eining
- Innføre digital IP
- Behalde og rekruttere fagpersonale
- Rekruttere støttekontaktar



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Harald Ramm Salbu

Netto utgifter:

Kr 10 932 046,-

Avvik budsjett:

Kr 513 986
(mindreforbruk)

Tal tilsette:

14

Tal årsverk:

7,4 (i tillegg kjem legane
sin private verksemd)

Tal brukarar:

Innbyggjarane i
Samnanger

Adresse til nettside:
www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Helse (psykiatri, fysioterapi, jordmor, helsesøster, lege, kommunale øyeblikkeleg hjelp-senger, legevakt og first responder)



Brukarar:

Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester

Samhandlingsreforma har som mål at flest mogeleg pasientar så langt som mogeleg skal behandlast av fastlege, og i eigen kommune. Pasientane vert tidlegast mogeleg utskrivne frå sjukehus og får oppfølging/behandling i Samnanger.

Fleire treng også rehabilitering i eigen kommune. Her har fysioterapitenesta eit ansvar i form av meir fokus på førebyggjande arbeid.

Psykisk sjuke skal og i større grad få hjelp i eigen kommune. Nokre får framleis behandling i kortare eller lengre tid hjå 2.linjetenesta, men målet er at denne gruppa og skal få hjelp/behandling i eigen kommune så langt det er mogeleg.

Fødselstalet i Samnanger held seg ganske stabilt gjennom åra. Men i 2017 har det vore ein nedgang. Nasjonale føringar med auka fokus på den gravides psykososiale forhold, vald og overgrep, overvekt, røyking og rus vært vektlagt i arbeidet til jordmor og helsesøster.

Det vert satsa både nasjonalt og i kommunane på barn og unge. Det er fokus på førebyggjande arbeid, psykisk helse mm.



Brukarar: Eininga sine hovudmål/ satsingsområde/ måloppnåing

Det er eit lovkrav om tilsett psykolog i kommunane innan 01.01.2020. Eit av hovudmåla for 2017 var å få tilsett psykolog for å styrkje arbeid, og ikkje minst førebyggjande arbeid inn mot barn og unge allereie no. Det lukkast ikkje å tilsetje psykolog i 2017.

Ny nasjonal retningslinje for helsestasjonen kom i 2017: «Samspill i sentrum». Helsesøstrene er i gang med å implementere denne i Samnanger.

Fysioterapeut har halde fram med fellestrim på Samnagerheimen 3 gongar pr veke, treningsgruppe for pasientar med KOLS og bassengtrening for personar med ulike lidingar. Jordmor har hatt som mål å få til tidlegast mogleg heimebesøk etter fødsel, så langt stillingsressursen tillèt.

I november 2016 starta ei landsomfattande vaksining av kvinner fødd i 1991 og seinare for HPV. Ordninga skal vere i 2 år frametter, og har vore ein viktig aktivitet ved helsestasjonen i 2017.

I 2016 vart avtalen om kommunale akutt døgnplassar ved Haraldsplass Diakonale sjukehus satt i verk. Erfaringa med desse var god også i 2017, men det står att å få etablert hyppigare bruk av denne tenesta.

Etablering av skriftlege prosedyrar ved legekantoret er ein pågåande prosess, og vart vidareført i 2017.

Etter innføring av nytt naudnett i 2015 har ein framleis hatt utfordring med noko forseinka varsling av First Responder. Dette skuldast nye sentrale føringar for varsling. I 2017 har ein arbeid aktivt opp mot aktuelle aktørar for å oppnå raskare varsling.

Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sjukefråvær

Sjukefråvær på 5,29%. Halvårlege samlingar for sosialt samvær/tur, julelunsj og ad hoc-samlingar på Helsetunet er viktig for å trygge relasjonar og gje oppleving av å vere ein viktig arbeidstakar.

Regelmessige samtalar mellom einingsleiar og den enkelte fagperson.

Det vert gjennomført månadlege møte i allmennlegeutvalet i Samnanger. Personalmøte for legekantoret vore gjennomført 8-10 gonger pr år. Einingsleiar har som mål å gjennomføra årlege medarbeidersamtalar med alle kommunalt tilsette på legekantoret.

Det er regelmessige samlingar for befal på First Responder, samt for heile First Respondermannskapet. Fleire årlege kurs og øvingar for å oppretthalde kompetansen. Ein del av dette fell inn under Brann.

Spesielle hendinger i 2017

Samnanger kommune vedtok å tilsette psykolog i 100 % stilling. Det lukkast ikkje å tilsette kvalifisert person i den aktuelle stillinga i 2017. Dette vil ein jobba vidare med i 2018. Det er viktig at den nye psykologen vert lokalisert på helsetunet, og ein vil arbeide for å klare dette. Smittevernlege/kommuneoverlege, fastlegar og helsesøstertenesta har vore med i mottakinga av flyktningar, sær i høve tuberkulosekontroll og oppdatering og innhenting av vaksinasjonar.

Forum for tverrfagleg samarbeid for barn og unge var eit viktig forum også i 2017, der leiande helsesøster no sit i Oppvekstforum i staden for kommuneoverlegen, og begge helsesøstrene fortsatt er koordinatorar i kvar si Basegruppe. Me var med på å arrangere Verdsdag for psykisk helse i oktober 2017, med foredrag på både ungdomsskulen, for PU samt for bygdefolket. Skulane og barnehagane hadde også sine egne markeringar.

I desember 2016 hadde Fylkesmannen i Hordaland tilsyn med legevakta. Ved tilsynet vart det gitt avvik knytt til ansvarsavklaring, opplæring og dokumentasjon.

Legevakta arbeidde i 2017 for å rette opp i brota.

Nokre viktige faglege fora

Psykiatritenesta deltek i månedlege samarbeids- og fagmøte på Solli DPS.

Jordmør deltek i samarbeidsmøte med spesialisthelsetenesta og diverse regionale fagmøte.

Leiande helsesøster deltek i regionale fagforum for leiande helsesøstre og på helsesøsterkongress på Lillehammer.

Kommuneoverlegen deltek på smitteverndagane ved Folkehelseinstituttet, på Fylkesmannen si årlige samling for kommuneoverlegar, i underutval for akuttmedisinske tenester i Bergensregionen, samt i regionalt forum for kommuneoverlegar i regionen.



Mål 2018:

- Tilsetje kommunepsykolog
- Nytte dei kommunale ØH-sengene (øyeblikkeleg hjelp) på Haraldsplass Diakonale sjukehus optimalt
- Få på plass fleire prosedyrar på legekantoret
- Arbeide med førebyggjande tiltak knytt til barn og unge
- Helsestasjon for ungdom på biblioteket på Bjørkheim



Barnehageeininga



Begge barnehagane har samarbeid med kulturskolen. Barna gleder seg til Anne Lise kjem.

FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Anne J Fredriksen

Netto utgifter i 2017:

14 308 758

Avvik budsjett i 2017:

Kr -138 799 (meirforbruk)

Tal tilsette i 2017:

Dråpeslottet 17

Vassloppa 18

Tal årsverk i 2017:

Dråpeslottet: 12.7

Vassloppa : 13.9

Tal brukarar i 2017:

Dråpeslottet 46

Vassloppa 55

Adresse til nettside:

www.samnanger.no

Søk på aktuell eining



Brukarar: Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2017

Med full barnehagedekning og utvida rett til barnehageplass går dei fleste barn i barnehage frå småbarnsalder. Barnehagen har blitt ein viktig oppvekstarena der vennskap, omsorg, leik og læring er sentrale omgrep i kvardagen. Frå sentralt hald ser me skifte frå fokus på utbygging og kvantitet til fokus på kvalitet i tenesta. I 2017 fekk barnehagen ny rammeplan med eit klarare samfunnsmandat. I 2018 kjem ny pedagognorm og ny bemanningsnorm. Det kjem stadig nye presiseringar som har direkte innverknad på barnegruppene både i privat og kommunal sektor (sist er presisering om når eit barn skal telje som 3 år). Rammeplanen gir sterke føringar på at alle barn skal ha eit godt og trygt læringsmiljø. Me skal samarbeide tett og nært med føresette slik at me gir eit kvalitativt godt tilbod med høgt læringsutbyte. Personalet har fått eit klarare mandat for tenestene me skal gi i høve til barn og føresette.

På kommunenivå er strategiplanen framleis aktuell.

Ein god stad å vere ein god stad å lære passar godt inn i den nye rammeplanens intensjonar. I



Samnanger har barnehage og skule eit formelt samarbeid om overgang frå barnehage til skule. Det er viktig å vidareformidle det einskilde barn sin kompetanse og gode vennskspsrelasjonar slik at skulen kan bygge vidare på denne plattformen.



Brukarar: Eininga sine hovudmål / satsingsområde i 2017 – måloppnåing

Me arbeide vidare med kompetanseheving i språk og språkstimulering

Heile personalet har delteke og me har nytta

Utdanningsdirektoratet sin rettleiar, *Språk i barnehagen, Mykje meir enn berre prat*.

Målet var: Å få til eit meir systematisk språkarbeid.

Begge barnehagane nyttar det same verktøy

(t.d. TRAS / Askeladden / Grip omgrepa og Språksprell).

Haut 2017 kom den nye rammeplanen og personalet har jobba

med implementering og refleksjon rundt verdigrunnlaget og formålet

med innhaldet i barnehagen. Me nyttar støttemateriell frå UDIR

(Utdanningsdirektoratet) og heile personalet er med i arbeidet.

Hauten 2017 gjennomførte barnehagane foreldreundersøking. Det var

høg svarprosent (81,48 % på Vassloppa og 78,26% på Dråpeslottet)

Begge barnehagane fekk gode tilbakemeldingar. Me scorar godt på

relasjon mellom barn og vaksen. Det er høg trivsel, og me scorar godt på

barnet si utvikling.



Frå Dråpeslottet bhg. Iskunst. Tema:vatn frys/smelt

Når det gjeld informasjon har me eit forbetningsområde. Difor vil barnehagane gå til innkjøp av eit digitalt kommunikasjonsverktøy (Vigilo).

Føresette er heller ikkje heilt nøgde med barnehagen sitt mattilbod. Barna har med seg frukost. Me serverer eit brødmåltid med sunt pålegg med mjølk, inklusiv frukt og grønt + eit fruktmåltid på ettermiddagen. Me har varmt måltid ein dag i veka. Fleire kunne tenkt seg varmt måltid oftare, men det har ikkje barnehagen personalressursar til.

Dråpeslottet scorar litt dårlegare på uteleikeplass og utstyr. Det er satt av pengar til det i 2018-budsjettet.

🚧 **Medarbeidarar: Tiltak for å betre arbeidsmiljø, betre likestilling og gje lågare sykefråvær**

Barnehagen har diverre framleis eit høgt sjukefråvær. Det er langtidssjukemeldingar som pregar statistikken. Dei som har vore langtidssjukemelde har stort sett hatt gradert sjukemelding. Desse har me søkt tilretteleggingstilskot for, slik at me kan tilpasse og avlaste arbeidstakar når det gjeld dei mest krevjande oppgåvene.

🚧 **Miljøtiltak og energiøkonomisering**

På Vassloppa har me fått varmepumpe oppe i personalavdelinga, og har begynt utskifting av gammalt lysarmatur både ute og inne. Me har fått utvendig solskjerming på dei mest utsette avdelingane.

🚧 **Spesielle hendinger i 2017**

- Juni: Ekstremsportveka i Vassloppa barnehage.
- August: Felles planleggingsdag for skule og barnehage i Psykologisk førstehjelpsskrin.
- Oktober: Verdensdagen for psykisk helse.

Me arrangerte ei temaveke med spesiell fokus på psykisk helse:

Tema: Noko å glede seg over.

Begge barnehagane har hatt fokus på vennskap og inkludering/gjennom heile året/ spesiell innsats når det kjem nye barn.

- Hausten 2017: Foreldreundersøking barnehage.
- Begge barnehagane har faste tradisjonar som karneval, haustfest og ulike arrangement rundt jul og sommar.
- Kvar påske inviterer me føresette på frukost ein av dagane i veka før paldesøndag.



Frå Vassloppa bhg.
Ekstremsport-veka.
Bekkevandring



FAKTA OM EININGA:

Einingsleiar:

Vigdis Vikne

Netto utgifter i 2017:

kr. 19 074 644

Avvik budsjett i 2017:

Kr. 196 913 (mindreforbruk)

Tal tilsette i 2017:

45

Tal årsverk i 2017:

30

Tal elevar i 2017:

208

Tal elevar sfo i 2017:

41

Adresse til nettside:

www.sambs.no



Samnanger barneskule

Utviklingstrekk innanfor eininga sine tenester i 2017

Samnanger barneskule driv i tråd med statlege føringar og retningslinjer. 2017 har vore eit særleg krevjande år med alvorlege sjukdomsbilete i personalgruppa. Dei nasjonale måleindikatorane for kvalitet syner på tross av dette jamt over gode resultat for barneskulen. Jf. nasjonale prøvar i lesing, rekning, engelsk, elevundersøkinga m.m..

Leiinga er framleis særst godt nøgd med rekrutteringa i lærarstaben. Me har mange høgt utdanna lærarar med dei rette personlege eigenskapane som skal til for å vera ein god lærar. Organisasjonen arbeider systematisk med skuleutvikling og hovudsatsinga 2016 – 2017 har vore vurdering for læring. Her har med fylgt eit nettbasert program i regi av Høgskulen i Lillehammer. Dette er eit skulebasert kompetansehevingsprogram som er oppretta etter bestilling frå Utdanningsdirektoratet. Me er også med i «Syngende skole», sjå: <https://www.syngendeskoole.no/>. «Syngende skole» er ei nasjonal satsing på song, retta mot elevar i norsk grunnskule. «Syngende skole» vil sikra songen sin plass i den norske skulekvardagen, side om side med naturfag, matematikk og leseundervisning.

Samnanger barneskule er oppteken av å nytta forskingsbasert kunnskap i arbeidet med eit best mogeleg læringsutbyte for kvar einskild elev. Dette kan m.a. synast i satsinga skulen har i høve tidleg innsats. Me tilbyr m.a. eit intensivt treningsprogram for dei elevane me ser kan vera i faresona for å henga etter i lese- og skriveutviklinga. Dette er eit lågterskeltilbod basert i første rekkje på læraren si profesjonelle vurdering. Elevane på dei lågaste klassetrinna har vore prioritert. Kurset vert avtalt i nær dialog med føresette. Dette set også krav til intensiv oppfølging frå føresette kring temaet i perioden.

Samnanger barneskule er ein framtidretta skule på fleire område. Me er m.a. inne i ei spanande utprøving der me utforskar andre måtar å organisera dei tradisjonelle leksene. Det vert lagt til rette for at elevane skal få like moglegheiter for hjelp til skulearbeidet, og me har gått vekk frå omgrepet «vekeplan» til «plan for læringsarbeid»

Kursrekkja i Midthordland kompetanseregion i regi av KS, har gjeve oss nyttige verktøy i utviklingsarbeidet. Rettleiing ved KS konsulent har også vore nyttig for kvalitetssikring av arbeidet, og til inspirasjon for leiinga av slike prosessar.

Leiinga legg vekt på distribuert leiing gjennom ansvar og myndiggjering av medarbeidarane. Tillit til medarbeidarane er her viktig. Einingsleiar opplever også eit konstruktivt og godt samarbeid med føresette og andre sentrale samarbeidspartnarar. Graden av samarbeid og felles fokus meiner me er ein viktig ressurs for at me oppnår skulen sine målsetjingar og intensjonar.

Kort oppsummering av resultatata frå nasjonale kvalitetsindikatorar

- **Elevundersøkinga:** Denne undersøkinga viser gode resultat innan trivsel og at det er svært lite mobbing ved skulen. Den syner også eit utviklingspotensial innan områda elevmedverknad og vurdering.

<i>Fag</i>	<i>SBS</i>	<i>Hordaland</i>	<i>Nasjonalt</i>
Engelsk	56	50	50
Lesing	51	49	50
Rekning	56	50	50

- Kommunebarometeret syner også svært gode resultat for grunnskulen:
<https://www.kommunebarometeret.no/nav/1242/1>

Tiltak for å betra arbeidsmiljø, betra likestilling og gje lågare sjukefråvær

Samnanger barneskule har svært gode fysiske arbeidsforhold og det psykososiale arbeidsmiljøet har me kontinuerleg fokus på.

Samarbeidet med barneverntenesta i Arna og PPT i Vaksdal fungerer svært godt. Medarbeidarane er også flinke til å ta initiativ til sosiale treff utanom arbeidstid, t.d. julebord og samvær i «gamlestova» i Nordbygda. Då er det ekstra kjekt når pensjonistane er med.

Einingsleiar opplever også eit svært godt samarbeid med bedriftshelsetenesta og legetenesta i kommunen, der me saman prøver å finna gode løysingar for einskildpersonar når det er behov for det. Leiinga vurderer også til ei kvar tid kvar det er behov for hjelp og støtte, og omdisponerer og omorganiserer drifta etter behov.

Miljøtiltak og energiøkonomisering

Me har innarbeidde rutinar kva gjeld handhygiene, inne- og utesko, samt handtering av avfall.

Spesielle hendingar i 2017

Her er det fleire positive aktivitetar eller samlingar som kan nemnast. M.a. samarbeidsprosjektet i sektoren: «Bry deg veka» med fokus på psykisk helse. Her hadde me fleire gode eksterne krefter som bidrog. Blant anna samarbeid med organisasjonen: «Vaksne for barn». Dei hadde ei nyttig førelesing om psykologisk førstehjelp for born og unge. Me har også hatt besøk av Simen Almås med føredraget «Tilbake til livet» for elevane på 5. – 7. trinn. Simen vart livstruande brannskadd som 13-åring og i 2011 overlevde han også 22. juli-tragedien.

Sfo

Skulen har ei velfungerande sfo-ordning, med engasjerte og kompetente medarbeidarar. Fleire av assistentane våre har teke fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget og fleire står på trappene for å ta utdanninga. Endringar i sfo –vedtektene har medført ein del utfordringar.

Anna

Skulen gjev også tilbod om arbeidslivstrening til jobbsøkarar i NAV-systemet. Pr. dato har me tre utplasseringar i regi av NAV. Me har varierende erfaringar kring denne ordninga. I tillegg er me godkjent lærebedrift og tek årleg imot lærlingar.

**FAKTA OM EININGA:****Einingsleiar/rektor:**

Bodil Helliesen Øpstebø

Brutto utgifter i 2017:

10 569 696

Avvik budsjett i 2017:

Ein stiller seg spørsmål om administrasjon har høve til slik trenering, og ber med dette kontrollutvalet ta ein gjennomgang på denne delen av sak.

2. Administrasjon i Samnanger kommune si manglande vilje til å etterleva/oppfylgja vedtaka i Naturutvalet og Formannskap.

I pkt 2 i vår klage vil me gå inn på dei vedtaka som Naturutvalet og Formannskap har gjort i denne saka. Me hadde ei stund eit håp om at dette kunne ordna opp i dei problem som denne saka har medført oss. Dersom administrasjon i kommunen hadde fulgt opp denne delen av saka, så hadde dette vorte ordna skikkelig med ein gong. Men i staden gav administrasjon heile ansvaret til eigar av gnr 27 bnr 19, utan i det heile å fylja opp saka frå kommunalt hald.

- Som vedlegg nr 2 visar, så gjev Lønningdal eigaren av gnr 27 bnr 19 pålegg om å utbetra denne mur som held på å rasa ut. Dette vert påklaga, noko som ikkje fører fram. Derfor vert det i Naturutvalet og Formannskap fatta vedtak om å gjennomføra utbedring. Manglande oppfølging resulterer i eit sær mangelfullt utført arbeid frå grunneigar si side. Rapporten frå kommunens geolog, stadfestar dette at mur ikkje er satt opp slik det vart gjeve tilbod om, sjå vedlegg 4. Dettebetalte Samnanger kommune kr 35.000.- ekskl. mva. Geolograpport finn ein i vedlegg 12.
- Ser ein på pålegg som vart gjeve til eigar av gnr 27 bnr 19, vedlegg 2, så tar Lønningdal opp dette med mogelege skadar på VA ledningar, noko som også vart tatt opp i saksutgreiinga til Naturutvalet sitt vedtak, vedlegg 3.
- I brev av 17.11.2015 og 03.05.2016 forsøker administrasjon å få eigar av gnr 27 bnr 19 til å retta opp mur. Ein kan i denne samanheng opplysa om at mur

rasa ut i September 2015. Dei nemner også at dei manglar byggesøknad til dette arbeidet. Vedlegg nr 13 og 14.

- Vidar Grindheim som skal stå for vøling av mur, engasjerer sin bror som driv firmaet Norcert som entreprenør. Entreprenør tilskriv Samnanger kommune den 10.05.2016 og opplyser at mur no er satt opp på ny i tråd med avtalen, og tilbodet som vart gjett, vedlegg 4. Han ser ikkje trong for byggemelding i denne saka. Ein må her kunna stilla spørsmål om firmaet Nordcert har naudsynte kunnskapar og godkjenningar/ansvarsrettar til å utføra slik type arbeid. Eit tilleggs spørsmål vert om det her skulle vore levert byggesøknad. Mur er også oppført inne på naboeigedom.
- 26.05.2016 tilskriv kommune på nytt eigaren av gnr 27 bnr 19, der dei visar til VA ledningar (som dei no er komme til er private), samt høgspenkabel, og at grunn for at mur er blitt dårleg, er at desse er blitt lagt ned. Der vert også vist til dårleg kvalitet på arbeidet som er utført, samt at tilbodet som vart gjeve ikkje er slutført som avtalt. Dei ber om ein redgjørelse på kva som er utført, samt fullstendig søknad på utført og planlagt arbeid. Det vert også varsla om mogeleg dagsbøter. Slik ein ser det er det pr april 2018 framleis ikkje gjort noko med dette. Kommunen sin eigen geolograpport vedlegg 12, stadfestar dette. Kommunen sitt brev er i vedlegg nr 16
- 22.08.2016 tilskriv eigar av gbnr 27/19 kommune, og opplyser at arbeidet er fullført. Kommune sin geolograpport, samt det me med sjølvsyn ser, seie noko heilt anna. Ferdigrapport, vedlegg nr 17.
- 28.12.2016 avsluttar administrasjon v/ Opheim og Fredriksen, saka om pålegg for sikring av mur på gnr 27 bnr 19. Dette til tross for at dei kan tillata seg å skriva at arbeidet kun er delvis utført. Problem med VA er framleis til stades for oss som vert ramma som 3.part i denne saka. Avslutningsbrev vert vedlegg nr 18.

Denne saka om VA ledningar er blitt ei omfattandes sak, som skulle vore løyst for lenge sidan. Hadde Samnanger kommune fulgt saka opp og nytta seg av eige mannskap i utbetringa av mur, så hadde saka vore løyst.

Me ber med dette om at kontrollutvalet går gjennom saka, og alle vedlegga til dette skriv. Då vil dei på sjlvstendig grunnlag kunna vurdere om kommune sin administrasjon har gjort eit tilfredstillande arbeid.

Vonar på at saka vert tatt opp og me ser fram til eit svar.

Med helsing


Terje Trengereid


Jan Ove Haga

Jan Ove Haga

VEDLEGG 1-1

Fra: Ragnhild Lønningdal [Ragnhild.Lonningdal@samnanger.kommune.no]
Sendt: 18. desember 2014 12:40
Til: Jan Ove Haga
Emne: SV: Svar på bekymringsmelding

Hei igjen!

1. Dei fleste teikn tyder på at kommunen eig desse leidningane, så ja, me kan stadfesta at dei er kommunale.
2. Svar er då ikkje naudsynt på dette spørsmålet.

Med helsing
Ragnhild Lønningdal
Planleggjar, plan og miljø/Konstituert teknisk sjef
56 58 74 44 / 56 58 74 00



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

Fra: Jan Ove Haga [jaov-h@online.no]
Sendt: 18. desember 2014 09:50
Til: Ragnhild Lønningdal
Emne: SV: Svar på bekymringsmelding

Hei Ragnhild!

Er ikkje heilt klar til å sei god jul enno.

Må nett har forklaring med teskei på denne setninga : Me kan stadfesta for deg som abonnent at det er eit kommunalt VA-leidningsnett som går bak muren og som du er påkopla. Me gjer merksam på at ei slik stadfesting i brevs form ikkje vil ha nokon juridisk verdi vedrørande eigarskapen til leidningane, då kommunen sitt eigarskap til grunn og gjenstandar ikkje kan bli befesta gjennom korrespondanse med innbyggjarane.

Spørsmål:

1. Stadfestar kommune med dette at dei eig vass og avlaupsleidningar mellom hydrant og bekk bakom Totlandshus?
2. Dersom dette ikkje er slik stadfesting, korleis går ein fram for å få slik stadfesting?

Mvh

Jan Ove Haga

Fra: Ragnhild Lønningdal [mailto:Ragnhild.Lonningdal@samnanger.kommune.no]
Sendt: 18. desember 2014 09:12
Til: Jan Ove Haga
Emne: Svar på bekymringsmelding

Hei, Jan Ove!

Me viser til dine e-postar vedrørande mur og VA-leidningar langs gangvegen "Krekavegen", og til synfaring på staden 5. desember.

Byggjesaksavdelinga har sendt pålegg om utbetring av muren til grunneigar. Dette følgjer me tett opp vidare.

Som du har fått svar om frå vegvesenet, og me har fått kopi av, så held vegvesenet oppsyn med vatn i vegbana og eventuell førekomst av is.

VEDLEGG 1-2

Me kan stadfesta for deg som abonnent at det er eit kommunalt VA-leidningsnett som går bak muren og som du er påkopla. Me gjer merksam på at ei slik stadfesting i brevs form ikkje vil ha nokon juridisk verdi vedrørende eigarskapen til leidningane, då kommunen sitt eigarskap til grunn og gjenstandar ikkje kan bli befasta gjennom korrespondanse med innbyggjarane.

Me held oss orienterte om tilstanden på alle delar av VA-nettet i kommunen, og vil utføra naudsynt vedlikehald og reparasjonar ved behov. Dette gjeld også på den aktuelle delen av nettet som du er påkopla. Pr. no kviler det på grunneigar av muren å gjera utbetringar, som også vil gjelda å sikra at leidningane ikkje blir skada.

Me rundar av med å takka for bekymringsmeldinga, og ynskjer deg ei god jul og eit godt nytt år.

Med helsing

Ragnhild Lønningdal

Planleggjar, plan og miljø/Konstituert teknisk sjef

56 58 74 44 / 56 58 74 00



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

Denne epost har blitt kontrollert for virus av [Comendo Norge AS](#)
This e-mail has been scanned for viruses by [Comendo Norge AS](#)

Denne epost har blitt kontrollert for virus av [Comendo Norge AS](#)
This e-mail has been scanned for viruses by [Comendo Norge AS](#)



SAMNANGER KOMMUNE
Teknisk eining

VEDTAK 2-1

Øyvind Grindheim
Strindavegen 3
5515 HAUGESUND

Vår referanse
14/969/15/1137/TEK/RLØ

Arkivkode
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse

Dato:
13.02.2015

MELDING OM VEDTAK - PÅLEGG OM UMIDDELBAR SIKRING AV MUR PÅ GBNR. 27/19

Saka er handsama som delegert sak nr. 007/15

VEDTAK:

Med heimel i pbl § 31-3 vert det gjeve pålegg om umiddelbar sikring av mur på gbnr. 27/19 som står i fare for å rasa ut. Det er ved synfaring konstatert stor deformasjon i muren, og tilstanden er slik at den kan koma til å rasa ned i hagen nedanfor. Muren kan slik utgjera fare for personar som oppheld seg på eller nedanfor muren. På ukjend djupn og avstand bak muren befinn det seg også VA-leidningar og ein høgspentkabel. Det er mogleg at desse vil ta skade av ei utrasing, og då kan det også oppstå fare for skade på eigedom og miljø. På dette grunnlag vert det gjeve pålegg om sikring av muren ved grensa mellom gbnr. 27/19 og 27/14, 21.

Sjå vedlagt saksutgreiing, kart og avskrift av pantebok for fleire detaljar. Me ber om at de melder tilbake til kommunen ein framdriftsplan for arbeidet innan 20. februar 2015.

Pålegget er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal grunnjevast og sendast kommunen innan tre veker frå de mottok melding om vedtaket.

Med helsing

Ragnhild Lønningdal
Teknisk sjef

Knut Hellevik
Oppmålingsingeniør

VEDLEGG 2-2

Vedlegg:

Pålegg om sikring av mur GBNR 27/19

Kart og flyfoto gnr 27 bnr 19 og 14

DOC531.jpg

DOC532.jpg

DOC533.jpg



Øyvind Grindheim
Strindavegen 3
5515 HAUGESUND

Vår referanse
14/969/15/3345/TEK/RLØ

Arkivkode
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse

Dato:
29.04.2015

MELDING OM VEDTAK - HANDSAMING AV KLAGE PÅ PÅLEGG OM SIKRING AV MUR

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klagen frå grunneigar, dagsett 08.03.15, vert ikkje teken til følgje, og vedtaket av 13.02.15

15.04.2015 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Heidi Gjerde (Ap) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Som framlegg, for sjølve støttemuren sin del. SK sin driftavd., som eigar av VA installasjoner i grunnen bak muren, og BKK som truleg eig ein høgspenikabel same stad, vert samstundes oppfordra å delta fysisk og økonomisk i arbeidet, sidan her er innstallasjoner i grunnen inntil muren som krev spesialkompetanse, og etablering av desse installasjonane truleg har medverka til at muren må reparerast.

Etter drøftingar sette rådmannen fram slikt tillegg til framlegget sitt:

Samnanger kommune ser at tidlegare etablering av offentleg leidingsnett kan ha medført skade på muren. Samnanger kommune vil gå i dialog med grunneigar med tanke på å få til ei omforent løysing.

Heidi Gjerde trekte framlegget sitt.

Utvalet røysta samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegget sett fram av rådmannen i møtet.

NAT-021/15 VEDTAK:

Klagen frå grunneigar, dagsett 08.03.15, vert ikkje teken til følgje, og vedtaket av 13.02.15 med pålegg om sikring av mur på gbnr. 27/19 vert oppretthalde.

Samnanger kommune ser at tidlegare etablering av offentleg leidingsnett kan ha medført skade på muren. Samnanger kommune vil gå i dialog med grunneigar med tanke på å få til ei omforent løysing.

med pålegg om sikring av mur på gbnr. 27/19 vert oppretthalde.

Me føreslår at det blir halde eit møte mellom deg som grunneigar og kommunen snarast, for å avklara vidare framdrift. Frå kommunen vil leiar av driftseininga, Endre Kulleseid, og fungerande teknisk sjef Ragnhild Lønningdal delta på møtet. Me ber om at du tek kontakt med underteikna snarast for å avtala eit tidspunkt som høver for alle.

Med helsing

Ragnhild Lønningdal
Konstituert teknisk sjef

VEDLEGG 4-1

Samnanger kommune

Tyssevegen 217

5650 TYSSE

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR.	UND
22 Juni 2015	
EMNEKODE	
OBJEKTkode	
SAKSH:	GRADER AS

Sveio, 19.06.2015

TILBOD PÅ SIKRING OG OPPATTBYGGJING AV MUR, SAK NR. 14/969.

Eg har fått tilbud på oppattbyggjing av aktuell mur for kr. 70.000,- eks. mva. Eg kan gå for dette tilbudet under forutsetjing av at kommunen dekkjer 50 % av kostnaden.

Tilbudet inneber fundamentering på deler av strekkja, bolting om naudsynt, sikring av vassføring i tverrgrøfter og leggjing av dels ny grus på vegen i rasområdet.

Arbeidet kan utførast frå juli månad og ut september. Arbeidsområdet vert sikra for personferdsle.

Med helsing


Øyvind Grindheim

Eigar gbnr. 27/19



SAMNANGER KOMMUNE
Teknisk eining

VEDLEGG 5

Øyvind Grindheim
Strindavegen 3
5515 HAUGESUND

Vår referanse
14/969/15/6487/TEK/RLØ

Arkivkode
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse

Dato:
07.09.2015

MELDING OM VEDTAK - KOMMUNAL DELFINANSIERING AV MUR

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune delfinansierer riving og oppattbygging av mur på gbnr. 27/19 med kr. 35 000,- eks. mva. Finansieringa vert gjort over driftsbudsjettet for vatn, konto 1601.3450.

26.08.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøytes vedteke.

FORM-019/15 VEDTAK:

Samnanger kommune delfinansierer riving og oppattbygging av mur på gbnr. 27/19 med kr. 35 000,- eks. mva. Finansieringa vert gjort over driftsbudsjettet for vatn, konto 1601.3450.

Me føreset at arbeidet er ferdigstilt innan utgangen av september, slik du har informert om tidlegare. Byggesaksavdelinga må få melding når du har etterkome pålegget av 13.02.2015.

Kopi av faktura på arbeidet må sendast kommunen saman med kontonummeret du ynskjer beløpet skal utbetalast til.

Med helsing

Ragnhild Lønningdal
Konstituert teknisk sjef

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2015/39-24
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	25/15	16.09.2015

Klage på sakshandsaming - gjennomgang og vurdering av saka**Bakgrunn**

07.04.15 mottok kontrollutvalet v/sekretariatet henvending frå ein innbyggjar som klaga på sakshandsaming i Samnanger kommune. Det blei innhenta opplysningar frå rådmann på dei problemstillingar som vart sett fram i klagen. Ordførar var og med under handsaming av saka i kontrollutvalsmøte 21.05.15. Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i saka etter drøfting:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte føreta ein gjennomgang og gjera ei vurdering av sak vedr. klage på sakshandsaming i Samnanger kommune.*
2. *Notat med revisor sine vurderingar skal leggjast fram for kontrollutvalet i møte 22.06.15.*
3. *Det skal sendast melding om handsaming av saka i dette møtet til den innbyggjaren som har sett fram klagen.*

Det planlagde møtet i kontrollutvalet 22.06.15 vart avlyst, og saka vart difor utsett til første møte etter sommarferien. Det vart sendt melding om dette til den innbyggjaren som hadde sett fram klagen, saman med partsbrev som inneheld vedtaket som kontrollutvalet gjorde.

22.06.15 mottok sekretariatet memo / notat frå Deloitte etter deira gjennomgang av saka. Notatet vert lagt som vedlegg her. Saka er gjennomgått og vurdert basert på informasjon i korrespondanse som er sendt over til kontrollutvalet, og supplerande informasjon om saksforholda som er undersøkt. I tillegg er generell informasjon om sakshandsamingsrutinar og sakshandsamingspraksis innhenta frå teknisk eining.

Deloitte har vurdert dei einsskille punkta / påstandane det er klaga på, og gjeve ei vurdering av kvart punkt:

1. Sakshandsamarane sitt forsøk på å avfeia Samnanger kommune sitt ansvar i området.
Vurdering: «Gjennomgangen av saka viser at kommunen har stadfesta at VA-ledningane er kommunen sin eigedom og at kommunen faktisk har tatt ansvar i området.»
2. Sakshandsamarane si opptreden i forhold til internkontrollforskrift og lovverk i forhold til vassleveranse.
Vurdering: «Etter revisjonens vurdering er det naturleg at kommunen til ei kvar tid må vurdere og prioritere tiltak ut frå ein samla plan, ressursituasjonen og vurdering av eventuelle konsekvensar dersom det skulle oppstå skade eller ulukker i einsskildsaker som blir melde til kommunen. Dette er faglege vurderingar som kommunen, så langt revisjonen kan vurdere det, har gjort også i samband med denne varslinga om fare for utrasing av mur.»

VEDLEGG 7

K o n t r a k t
mellom

Halvdan Abotnes eigar av G.nr. 27 b.nr. 19 av Tysse i Samnanger
og
S a m n a n g e r k o m m u n e.

Halvdan Abotnes gjev hermed Samnanger kommune løyve til å leggja kloakkledning over sin parsell b.nr. 19 av G.nr. 27, Tysse.

Løyvet vert gjeve på vilkår av at det vert ordna forsvarleg opp etter gravingsarbeidet, og at eventuelle skadet på eigedommen frå nemnde arbeid, vert utbedra av kommunen.

Dessutan får Abotnes fri tilknytning til kloakken.

Løyvet vert underskreve i 2 eksemplar, eit for kvar av partane.

Tysse/Haga, den 25 febr 1967.

Halvdan Abotnes

eigar av G.nr.27 b.nr.19.

Halvdan Abotnes

Martin K. Nilsen,
ordf.

for Samnanger kommune.

Martin K. Nilsen

Møtebok 1962

VEDLEGG 8-1

Serutskrift av møteboka 54

til kommunestore formannskap

Sak nr. 9 1962 møte no. 7 1962 19

I kommunestore formannskaper e. 2 medlemme- Av lei møte til og 14 varamenn

[Faded meeting minutes text, illegible due to low contrast]



VASSLEVERANS 8-2

Tinda advokat v/Jan Bakke

Vår referanse:
15/962/16/2745/ADM/HLV

Arkivkode:
GBNR-27/123

Dykkar referanse:

Dato:
06.04.2016

VASSLEVERANSE TIL JAN OVE HAGA GNR 27/123 MÅLINGAR

Samnanger kommune har den 22.12.2015 målt vasstrykket til 3 bar ved inntaket i huset til Haga. Måling vart gjort med 2 kranar opna og uendra trykk. Uttaket til kommunale hovudleding viste 6 bar. Målinga vart utført av Samanger v/Lofthus og er høgare enn minstekravet på 2 bar, jfr SK sine standardvilkår for vatn og avløp.

Haga klaga i ettertid på dårleg vassmengde. Samnanger kommune bad om å få gjennomføre slik måling den 22.03.2016, men fekk ikkje tilgang av Haga til dette.

Kommunen gjorde same dato måling av nabohuset nedanfor, gnr 27/23. Målinga der visar eit vasstrykk på 4,6 bar og ei vassmengde på 10 liter på 25,34 sekund som er 0,394 liter pr sekund. Målinga er utført av røyrleggar Aksnes og S.T. Kulleseid frå SK, og det er godt over minstekravet til vasskvalitet til husstandar.

I e-post frå advokat Bakke vert det opplyst om at Haga har målt si vassmengde til 10 liter i 63 sekund, eller 0,1587 lite i sekundet.

Ut frå dei målingane som er gjennomførte er vasstrykk og vassmengdeleveranse til gnr 27/23 godt over minstekravet for det som er norma. Utrasing av muren, som det vert vist til i eposten, kan m.a.o. ikkje ha noko med situasjonen for Haga sin eigedom å gjera sidan vassmengd/-trykk er tilfredsstillande for gnr 27/23. Reduksjon i vassmengda i Haga sin bustad er mest sannsynleg knytt til stikkledinga mellom Haga sin bustad og påkoplingspunktet på gnr 27/23.

Denne stikkledinga er ikkje ei kommunal ledning, og vassproblema som Haga må ha i sin bustad er derfor ikkje Samnanger kommune sitt ansvar. Kommunen viser her til vedtak på søknad frå tidlegare eigar Julie Ervik den 17.12.1981 om løyve til å knytta seg til kommunalt vatn;

"Julie Ervik får løyve til å knyta bustadhus på gnr 27/123 til kommunal vass- og kloakkledning på dei til ei kvar tid gjeldande vilkår.

Graving i ledningssona må vera under tilsyn av teknisk etat.

Søkjaren må sjølv syte for rett til å føra ledningar over annan manns grunn."

Med helsing


Knut Harald Frøland
Ordførar


Hilde-Lill Våge
assisterande rådmann

Tysse 05.02.2018.

Trase for kloakk - og vassleidning frå g.nr 27, b.nr. 123 - noverande eigar Jan Ove Haga.


Julie Erevik kjøpte denne tomten av Johannes M. Tysse g.nr. 27 , b.nr 2 i 1978.

Eg gav eigaren av tomten lov til å føra kloakk- og vassleidning over min eigedom i grensa mot g,nr 27, br.nr 23 dåverande eigar Even Trengereid . Dette vert på vestsida av bustadhuset til Even Trengereid.

Det var Lars Håhjem som grov opp grøfta fram til vestre hushjørne til dette huset .

Så langt eg kjenner til fekk Julie Erevik kobla seg inn på kloakk - og vasnettet som var lagt fram til eigedomen til Even Trengereid .

Johannes M. Tysse





SAMNANGER KOMMUNE
Eining for teknisk fovaltning

VEDLEGG 10-1

Øyvind Grindheim

Vår referanse:
14/969/16/7434/TEK/NF

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
26.09.2016

TIL GRUNNEIGARE LANGS KREKAVEGEN

Samnanger kommune ynskjer å informere grunneigare langs Krekavegen at vatn -og avløpsleidingar i Krekavegen -ned til tilkoplingspunktet- er private. Kummen for tilkopling til det kommunale Va-anlegget ligg i fylkesvegen; som vist på kartvedlegget. Sakar som omhandlar Krekarvegen, mur, gravearbeider ,vann- og avløpsleidingar med meir langs denne private vegen, må takast opp med dei aktuelle grunneigarane, jf. naboliste.

Kommunen beklagar at det gjennom tidlegare korrespondanse er kome opplysningar om at vatn og avlaupsleidningar er kommunale- og dermed kommunen sitt ansvar. Dette er feile opplysningar som vi gjennom dette informasjonsskrivet vil rette opp i.

Med helsing

Kenth Opheim
teknisk sjef

Nina Fredriksen
byggjesakshandsamar



SAMNANGER KOMMUNE
Eining for teknisk fovaltning

VEDLEGG 10-2

Birte Knudsen Johannesen
Jacob Larsens vei 33
5163 LAKSEVÅG

Vår referanse:
14/969/16/7434/TEK/NF

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
26.09.2016

TIL GRUNNEIGARE LANGS KREKAVEGEN

Samnanger kommune ynskjer å informere grunneigare langs Krekavegen at vatn -og avløpsleidingar i Krekavegen -ned til tilkoplingspunktet- er private. Kummen for tilkopling til det kommunale Va-anlegget ligg i fylkesvegen; som vist på kartvedlegget. Sakar som omhandlar Krekarvegen, mur, gravearbeider ,vann- og avløpsleidingar med meir langs denne private vegen, må takast opp med dei aktuelle grunneigarane, jf. naboliste.

Kommunen beklagar at det gjennom tidlegare korrespondanse er kome opplysningar om at vatn og avlaupsleidingar er kommunale- og dermed kommunen sitt ansvar. Dette er feile opplysningar som vi gjennom dette informasjonsskrivet vil rette opp i.

Med helsing

Kenth Opheim
teknisk sjef

Nina Fredriksen
byggjesakshandsamar



SAMNANGER KOMMUNE
Eining for teknisk fovaltning

TEKLEH 10-3

Terje Lægland Trengereid
Ørnefjellet 84
5174 MATHOPEN

Vår referanse:
14/969/16/7434/TEK/NF

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
26.09.2016

TIL GRUNNEIGARE LANGS KREKAVEGEN

Samnanger kommune ynskjer å informere grunneigare langs Krekavegen at vatn -og avløpsleidingar i Krekavegen -ned til tilkoplingspunktet- er private. Kummen for tilkopling til det kommunale Va-anlegget ligg i fylkesvegen; som vist på kartvedlegget. Sakar som omhandlar Krekarvegen, mur, gravearbeider ,vann- og avløpsleidingar med meir langs denne private vegen, må takast opp med dei aktuelle grunneigarane, jf. naboliste.

Kommunen beklagar at det gjennom tidlegare korrespondanse er kome opplysningar om at vatn og avlaupsleidningar er kommunale- og dermed kommunen sitt ansvar. Dette er feile opplysningar som vi gjennom dette informasjonsskrivet vil rette opp i.

Med helsing

Kenth Opheim
teknisk sjef

Nina Fredriksen
byggjesakshandsamar



Helge Åsheim
Øvre Seimsmark 25
5260 INDRE ARNA

Vår referanse:
14/969/16/7434/TEK/NF

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
26.09.2016

TIL GRUNNEIGARE LANGS KREKAVEGEN

Samnanger kommune ynskjer å informere grunneigare langs Krekavegen at vatn -og avløpsleidingar i Krekavegen -ned til tilkoplingspunktet- er private. Kummen for tilkopling til det kommunale Va-anlegget ligg i fylkesvegen; som vist på kartvedlegget. Sakar som omhandlar Krekarvegen, mur, gravearbeider ,vann- og avløpsleidingar med meir langs denne private vegen, må takast opp med dei aktuelle grunneigarane, jf. naboliste.

Kommunen beklagar at det gjennom tidlegare korrespondanse er kome opplysningar om at vatn og avlaupsleidingar er kommunale- og dermed kommunen sitt ansvar. Dette er feile opplysningar som vi gjennom dette informasjonsskrivet vil rette opp i.

Med helsing

Kenth Opheim
teknisk sjef

Nina Fredriksen
byggjesakshandsamar



SAMNANGER KOMMUNE
Eining for teknisk fovaltning

VEDLEGG 10-5

Johannes M Tysse
Indre Tysse 56
5650 TYSSE

Vår referanse:
14/969/16/7434/TEK/NF

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
26.09.2016

TIL GRUNNEIGARE LANGS KREKAVEGEN

Samnanger kommune ynskjer å informere grunneigare langs Krekavegen at vatn -og avløpsleidingar i Krekavegen -ned til tilkoplingspunktet- er private. Kummen for tilkopling til det kommunale Va-anlegget ligg i fylkesvegen; som vist på kartvedlegget. Sakar som omhandlar Krekarvegen, mur, gravearbeider ,vann- og avløpsleidingar med meir langs denne private vegen, må takast opp med dei aktuelle grunneigarane, jf. naboliste.

Kommunen beklagar at det gjennom tidlegare korrespondanse er kome opplysningar om at vatn og avlaupsleidningar er kommunale- og dermed kommunen sitt ansvar. Dette er feile opplysningar som vi gjennom dette informasjonsskrivet vil rette opp i.

Med helsing

Kenth Opheim
teknisk sjef

Nina Fredriksen
byggjesakshandsamar



SAMNANGER KOMMUNE
Eining for teknisk fovaltning

VEDVETN 10-6

Balic Ismet
Tyssevegen 228
5650 TYSSE

Vår referanse:
14/969/16/7434/TEK/NF

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
26.09.2016

TIL GRUNNEIGARE LANGS KREKAVEGEN

Samnanger kommune ynskjer å informere grunneigare langs Krekavegen at vatn -og avløpsleidingar i Krekavegen -ned til tilkoplingspunktet- er private. Kummen for tilkopling til det kommunale Va-anlegget ligg i fylkesvegen; som vist på kartvedlegget. Sakar som omhandlar Krekarvegen, mur, gravearbeider ,vann- og avløpsleidingar med meir langs denne private vegen, må takast opp med dei aktuelle grunneigarane, jf. naboliste.

Kommunen beklagar at det gjennom tidlegare korrespondanse er kome opplysningar om at vatn og avlaupsleidningar er kommunale- og dermed kommunen sitt ansvar. Dette er feile opplysningar som vi gjennom dette informasjonsskrivet vil rette opp i.

Med helsing

Kenth Opheim
teknisk sjef

Nina Fredriksen
byggjesakshandsamar



SAMNANGER KOMMUNE
Eining for teknisk fovaltning

VEDLEGG 10-7

Jan Ove Haga
Indre -Tysse 30
5650 TYSSE

Vår referanse:
14/969/16/7434/TEK/NF

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
26.09.2016

TIL GRUNNEIGARE LANGS KREKAVEGEN

Samnanger kommune ynskjer å informere grunneigare langs Krekavegen at vatn -og avløpsleidingar i Krekavegen ned til tilkoplingspunktet- er private. Kummen for tilkopling til det kommunale Va-anlegget ligg i fylkesvegen; som vist på kartvedlegget. Sakar som omhandlar Krekarvegen, mur, gravearbeider ,vann- og avløpsleidingar med meir langs denne private vegen, må takast opp med dei aktuelle grunneigarane, jf. naboliste.

Kommunen beklagar at det gjennom tidlegare korrespondanse er kome opplysningar om at vatn og avlaupsleidningar er kommunale- og dermed kommunen sitt ansvar. Dette er feile opplysningar som vi gjennom dette informasjonsskrivet vil rette opp i.

Med helsing

Kenth Opheim
teknisk sjef

Nina Fredriksen
byggjesakshandsamar



SAMNANGER KOMMUNE
Eining for teknisk fovaltning

VEDLEGG 10-8

Nina Tunestveit
Tyssevegen 224
5650 TYSSE

Vår referanse:
14/969/16/7434/TEK/NF

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
26.09.2016

TIL GRUNNEIGARE LANGS KREKAVEGEN

Samnanger kommune ynskjer å informere grunneigare langs Krekavegen at vatn -og avløpsleidingar i Krekavegen -ned til tilkoplingspunktet- er private. Kummen for tilkopling til det kommunale Va-anlegget ligg i fylkesvegen; som vist på kartvedlegget. Sakar som omhandlar Krekarvegen, mur, gravearbeider ,vann- og avløpsleidingar med meir langs denne private vegen, må takast opp med dei aktuelle grunneigarane, jf. naboliste.

Kommunen beklagar at det gjennom tidlegare korrespondanse er kome opplysningar om at vatn og avlaupsleidingar er kommunale- og dermed kommunen sitt ansvar. Dette er feile opplysningar som vi gjennom dette informasjonsskrivet vil rette opp i.

Med helsing

Kenth Opheim
teknisk sjef

Nina Fredriksen
byggjesakshandsamar



Jan Ove Haga
Indre -Tysse 30
5650 TYSSE

Vår referanse:
14/969/17/2377/TEK/NF

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
22.03.2017

REFERAT FRÅ MØTE VEDRØRANDE EIGARTILHØVE VASSLEIDNING I DELAR AV KREKARVEGEN

Referat frå møte vedrørende vassleidningar i Krekarvegen.

Dato: 10.02.2017. Ordfører inviterte til møtet.

Tilstade frå kommunen: Knut Harald Frøland, Hilde –Lill Våge og Nina Fredriksen.

Grunneigarar; Jan Ove Haga (gnr. 27/123) og Terje Trengereid (gnr. 27/23).

Haga har og sendt inn eit eige referat frå møtet. Samnanger kommune kan ikkje slutte seg til dette referatet.

Haga og Trengereid sitt syn:

Jan Ove Haga og Terje Trengereid meiner dei har historiske dokument for at vassleidningane er kommunale. Desse ligg på Interkommunal arkiv. Av same årsak meiner dei at kommunen har ansvar for drift og vedlikehald av vassleidning på delar av Krekavegen, fram til gnr. 27/22. Jan Ove Haga hevdar at det ikkje er tilfredstillande vassmengda i høve til standard abonnementsvilkår. Årsaka er ein «klem» på vassleidningen i Krekarvegen på gnr. 27/19. Haga meiner at vassleidningen- med stor sannsynlegheit- ligg i «klem» ved muren som rasa ned i Krekarvegen. Jan Ove Haga har på eget initiativ fått utført målingar på vassmengda, jf. brev datert september 2008 frå Nils Aksnes as. Desse målingane viser at vassmengda ikkje er tilfredsstillande. Haga har og på eige initiativ utført gravearbeid i Krekarvegen på privat grunn (gnr.27/19) med formål om å få betre trykk på vatnet. Haga refererte til gravearbeidet i møtet og meiner han reparerte vassleidningen den gangen. Haga meiner og han fekk redusert vassmengda da vegmuren raste ut i september 2015. Han meiner og at utgliding av masser i seinare tid, har ført til at leidningen på nytt er komen i «klem». Haga meiner det er kommunen sitt ansvar å reparere dette; då han påstår at det ligg føre bevis nok på at VA-leidningar er kommunale, jf. historiske dokument frå Interkommunalt arkiv.

Samnanger kommune sitt syn:

Vassleidninga var lagt på 60-talet. Kommunen har ikkje tinglyst vassleidninga i matrikkelen, noko som ville ha vore vanleg praksis sidan gangvegen ikkje er kommunal og framleis er eigd av hovudbruket, gnr.27/2. Ein kan heller ikkje finne tinglyste avtaler på at kommunen eig vassleidninga, noko som er mest vanleg når kommunen ikkje eig veggen.

Kommunen på si side meiner at vassleidninga er privat og av same årsak er det ikkje kommunen sitt ansvar å reparere ein eventuell «klem» på private vassleidningar.

Dette er, og har vore, kommunen sitt standpunkt ut i frå den dokumentasjonen som ligg føre i kommunen sine arkiv og mangel av tinglyste dokument. Samnanger kommune kan dokumentera i kart at det går ein privat avløpsleidning parallelt med vassleidning, og søknader om påkobling til kommunal hovudleidning. Dette har vore formidla til Haga gjennom fleire brev og epostar. Kommunen vil derfor i framtida og forholde seg til same standpunkt/syn.

Vidare vert det vist til *Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg*. Jf. §1: «I lova her er det med vass- og avløpsanlegg meint hovudleidningar for vatn og avløp, pumpestasjonar, høgdebasseng, anlegg for handtering og reinsing av vatn og avløp m.m.» Det vil seie at stikkleidningar ikkje inngår i det kommunale eigarskapet av vass- og avløpsanlegg.

Utførte målingar vedrørande vassleveransen i saka:

Når det gjeld levering av vatn, har kommunen eit ansvar å utføre nødvendige målingar når abonnentane klagar på vasstilføring/ kvalitet frå den offentlege vassleidningen. For private leidningar vil kommunen kunne bidra med rettleiing.

Kommunen har gjennomført vassmålingar. I april og desember 2015 vart det gjennomført måling av vasstrykk. Hos Jan Ove Haga er det gjennomført trykkmålingar som viste at trykket var tilfredstillande, og at målingane er iht Standardabonnementsvilkår for Samnanger kommune. Haga klaga så på vassmengda han fekk levert. I e-post frå advokat Bakke vart det opplyst om at Haga har målt si vassmengde til 0,3 l/ sek. Målingane er ikkje innanfor abonnementsvilkåra. Kommunen fekk ikkje avtale med Haga for å kontrollmåle hos han. Det vart gjennomført ei måling hos Terje Trengereid, gnr. 27/ 23 den 22.03.2016. Vassmengda der vart målt til 0,394 liter pr sek, og eit vasstrykk målt til 4,6 bar. Dette er eit tilfredstillande mengde vatn liter/ sek. Samnanger kommune leverer både trykk og vassmengde innanfor gjeldande Standardvilkår, frå sitt hovudnett til den private vassleidninga. Dei to nabohusa har ulike vassmengder. Begge husa ligg over der Haga påstår at vassleidningen ligg i «klem» og som er årsaka til han sitt problem. Det ligg ikkje føre klage på verken vasstrykk eller vassmengde frå nabo nr 3 (gnr.27/22). Dette huset ligg og ovanfor påstått «klem» stad.

Råd frå Samnanger kommune innhenta etter møtet den 10.02.16.

«Standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup» regulerer ansvarsforholdet mellom kommunal og private. Kommunen er derfor utan ansvar for ulemper hos abonnenten for det som gjeld privat vassleidning.

Kommunen vil på bakgrunn av dette tilrå at Haga hentar inn ekspertise frå firma til å:

- Utfører nødvendige målingar på vassmengda.
- Spore årsaka til han si dårlege vassmengde ved å få sjekka ventilar oa. hos seg og naboar som er tilknytt den private vassleidningen.
- Dersom Haga framleis meiner leidning ligg i klem i muren på gnr. 27/19 kan det sjekkast med å gå inn med eit inspeksjonskamera i vassledninga- frå koplingspunktet i hovudvegen- og opp til muren i Krekarvegen. Avtale og utgifter med eit slikt tiltak må verte gjort i avtale med grunneigar av muren og dei som er tilknytt den private vassleidninga.

VEDLEGG 1-3

Vedrørende ustabile massar, fare for lausmasse ras i området:

Det vart stilt spørsmål og ustabilitet og utglidingar av massar samt svekking av muren i møtet. Kommunen har engasjert interkommunal geolog til å vurdere situasjonen med omsyn på eventuelle ustabile masser og evt. fare for ras i området. Geologen har hatt synfaring på staden. Han kan ikkje sjå at det er umiddelbart fare for ras, med mindre det vert gjort større inngrep.

Kommunen kan gje eventuelle pålegg til reoperasjon av privat vassleidning iht Pbl 31-3. om dette skulle bli naudsynt.

Med helsing
Hilde -Lill Våge

Konstituert Rådmann

Hilde-Lill Våge

Nina Fredriksen
Byggesakshandsamer

Nina Fredrik

Kopi til:

Opheim, Kenth Paul; Terje Trengereid

VEDLEGG 11-4

Samnanger kommune
Ordfører Knut Harald Frøland

Tysse, den 29.03.2017

Status vassleidningsproblematikk i Krekavegen

Me visar til e- post datert 29.03.2017, brev frå underteikna datert 26.02.17 samt til e-post frå Terje Trengereid av 22.03.17.

Bakgrunn for desse skriva er møte som vart halde 10.02.2017. Etter dette skulle det komma eit møtereferat, som dessverre ikkje er komme.

I vårt brev av 26.02.2017, er det fire punkt, som me framleis håpar står ved lag. Dette er punkt som me håpar kommunen snarast vil stadfesta ovanfor oss at dei vil iverksetja.

I tillegg så meiner me at me har lagt fram nok handfaste bevis for at vassleidningen er kommunal frå hydrant i Tyssevegen og opp forbi der Totlandsbekk kryssar Krekavegen. Tidlegare påstandar som er komme frå kommune, om at dette ikkje er kommunal vassleidning slik me hevdar, ber me om at vert retta opp.

Me takkar for invitasjon til møte/dialog, men me ser diverre ikkje behov for eit møte 24.04.2017, slik saka står no. Det me ynskjer, er som tidlegare nemnd, eit vedtak i sak, der kommunen enten fråskriv seg eigarskap eller erkjenner at det er ei kommunal vassleidning, slik me heile tida har hevda. Dersom kommunen vel å fråskriva seg slik eigarskap, ber me om dokumentasjon som stadfestar dette.

Takkar avslutningsvis for at ordfører har tatt tak i saka og vonar på eit positivt svar. Både partar har allereie brukt opp tid som overstig mange gongar verdien av å gjera noko med vassleidninga !

Med venleg helsing

Terje Trengereid og Jan Ove Haga

Kommentar frå kommunegeologen

Samnanger kommune – Grunnforhold ved Tysse (27/19 mfl.)

Dato: 05.05.2017
Synfaring 14.02.2017

Frå Tore Dolvik, kommunegeolog **Vår ref:** 16/1597-6/N - 016//TORDOL

Samnanger - kommentar til grunnforhold ved Tysse (27/19 mfl.)

Samnanger kommune er med i eit samarbeid om ein kommunegeolog. I ein e-post 10. feb. spør sakshandsamar Nina Fredriksen om stabilitetsvurderingar i eit område ved Indre Tysse. Det er antatt ustabile massar i område og det er spørsmål om det kan vere fare for at murar kan rase ut med meir graving i området. Viser òg til telefonsamtale den 28. april.

Kommunegeologen og Nina Fredriksen var på synfaring den 14. februar. Me var òg på synfaring i same område den 14. juni 2016 og såg på stabiliteten til ein mur.

Det er berre til å beklage at de har tatt litt tid å få ein skriftleg tilbakemelding.



Figur 1. Samnanger kommune. Svart sirkel er plassert ved Tysse.

Samandrag

Bekken i område renn på fjell, så det er truleg ikkje mykje laugreitt å anta ustabile massar i prosjekteringa, då det kan vere store forskjellar lokalt.

Sidan det kan vere ustabile massar, så vil det vere ein fordel å bonitera for å få ein oversikt over kor djupt det er til fjell, før arbeidet vert starta opp.

Murar i område er gamle og må takast omsyn til, og det kan vere at heile murar må setjast opp på nytt om berre noko av tiltaket vil påverka muren. Det er lokalisert ein ustabil mur i området.

Boring av VA-trasé bør vurderast, i alle fall om boniteringa og prosjekteringa viser at planlagt trasé vert utfordrande.

Mottakarar:

Samnanger kommune v/Nina Fredriksen Tyssevegen 217 5650 TYSSE

Kopi til:

Bjørn Vik, Kvam herad
Samnanger kommune v/Kenth Paul Opheim 5650 TYSSE

INTERKOMMUNAL KOMMUNEGEOLOG – SAMNANGER
 Kommentar frå kommunegeologen – Grunnforhold ved Tysse (27/19 mfl.)

Oppgåve frå Samnanger kommune – grunnforhold ved Tysse

Fra: Nina Fredriksen <Nina.Fredriksen@samnanger.kommune.no>
 Sendt: 10. februar 2017 14:38
 Til: Do/vik, Tore
 Kopl: Kenneth Paul Opheim
 Emne: Stabilitetsvurderinger av området
 Vedlegg: Skannet på en fjerfunksjonsmaskin fra Xerox (003).pdf

Hei igjen.


Eg har ei anna sak til deg. Det er ikkje er ei hastesak, men om du kan se på saken i løpet av februar måned. Det gjeld Indre Tysse; området er ringa rundt med rosa på kartvedlegget (oversiden av fylkesvegen). Vi antar det er ustabile massar her, men kor usikre, og er det risiko for at murer kan rase ut ved meir graving her? Utgangspunktet er at grunneiger på gbnr 27/19 vil få pålegg om å kople seg på den kommunale VA-ledningen som ligg i hovedvegen. Men er det for "ustabil" å grave her? Håper at nokre vurderinger kan gi eit svar på det.

Med helsing
 Nina Fredriksen
 Samnanger kommune
 36587400



Samnanger kommune
 - der du vil lea og bu -

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngående og utgåande epost vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.



Figur 2

Synfaring 14. februar

Sakshandsamar Nina Fredriksen og kommunegeologen var på synfaring den 14. februar.

Som vist på figur 1, så går det ein gangveg mellom bustadene i området, og på nedsida er fylkesveg.

Som vist på figur 2 så ser det ut til at bekken som går langs grensa mellom gnr. 27 bnr. 19 og 22,41 renn på fjell. Det kan derfor vere at murar i område er fundamentert på fjell. Mange av murane i område er gamle og på synfaringa så med spor etter nedfall av steinblokkar frå enkelte av murane.

Figur 3 viser ein ustabil mur på nedsida av gangvegen mellom Tyssevegen 230 og 222. Bilda er tatt 14. juni 2016 og 14. februar 2017. Denne muren, som meir ser ut som ein stabla røys, skal ha rast ned fleire gonger og bygd opp igjen. Det er ein trerot i muren og det ser ut som muren manglar fot, det er ein mur utan struktur og sjikt, muren manglar forband og det er brukt for små steinar i muren. Muren, eller stabelrøysa, tåler truleg ikkje trafikklast på gangvegen.



Figur 3. Bilde av venstre viser bekken mellom Tyssevegen 222, 230 og 224, på oppsida av gangvegen. Bekken renn på fjell. Bilde til høgre viser muren, eller ein stabla røys, på nedsida av gangvegen mellom 222 og 230 og viser bekken på nedsida av gangvegen (svart sirkel), moglegvis i fjell? (vart ikkje sjekka på synfaringa).



Figur 4. Mur, eller ein stabla røys, på nedsida av gangvegen mellom Tyssevegen 222 og 230. Det er ein trerot i muren (svart sirkel). Muren skal ha blitt bygd opp igjen etter at den gjekk i brot for nokre år sida. Det kan sjå ut som om muren manglar fot, har ingen struktur eller sjikt, ingen forband og det er brukt for små stein, og vil truleg ikkje tåla ein trafikklast.

VEDLEGG 12-4

INTERKOMMUNAL KOMMUNEGEOLOG – SAMNANGER
Kommentar frå kommunegeologen – Grunnforhold ved Tysse (27/19 mfl.)

Vurdering av stabilitet

Tiltaka i område er kanskje så gamle at grunnforholda no er ukjent for dei som jobbar i kommunen, og dei som bur i området.

Om det er naudsynt med graving, så bør grunnforholda vurderast. For å få ein oversikt over grunnforholda bør det gjerast bonitering (sjekke kor langt det er til fjell, og kva lausmassar det kan vere snakk om).

Dei eksisterande tiltaka (murar, byggverk med meir) i området vil vere ein utfordring. Det kan vere vanskeleg å grave seg fram i område utan at eksisterande murar med meir vert påverka av gravinga, og om murane ikkje er fundamentert på fjell, eller djupt nok i lausmassane så kan dei bli påverka av gravinga. Murane i område er gamle og må deler av muren takast ned for å få plass tiltaket, så kan det vere at heile muren må takast ned og setjast opp igjen med nytt, med nytt fundament. I tillegg er det ein mur i område som har gått i brot minst to gonger tidlegare, som truleg ikkje vil tåle tiltak i nærleiken (sjå fig. 2 og 3).

Boring av VA-trasé i staden for graving bør vurderast ut frå kost/nytte.

Konklusjon

Bekken i område renn på fjell, så det er truleg ikkje mykje lausmassar i område, men det kan vere greitt å anta ustabile massar i prosjekteringa, då det kan vere store forskjellar lokalt.

Sidan det kan vere ustabile massar, så vil det vere ein fordel å bonitera for å få ein oversikt over kor djupt det er til fjell, før arbeidet vert starta opp.

Murar i område er gamle og må takast omsyn til, og det kan vere at heile murar må setjast opp på nytt om berre noko av tiltaket vil påverka muren. Det er lokalisert ein ustabil mur i området.

Boring av VA-trasé bør vurderast, i alle fall om boniteringa og prosjekteringa viser at planlagt trasé vert utfordrande.



SAMNANGER KOMMUNE
Teknisk eining

VEDLEGG B-1

Øyvind Grindheim
Strindavegen 3
5515 HAUGESUND

Vår referanse:
14/969/15/8116/TEK/KPO

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
17.11.2015

VEDR. SIKRING AV MUR GBNR 27/14,19

Samnanger kommune syner til tidlegare pålegg om utbetring av mur for overnemnde eigedom.

Vi har fått klager på at tiltaket ikkje er utført forskriftsmessig. Kommunens fagpersonar har vore på synfaring på staden og konkludert med at muren er for dårleg satt opp. Fundamentering er ikkje tilfredstillande samt at det er brukt mykje "småstein" i oppbygginga av muren.

I tillegg har me ikkje motteke byggesøknad for tiltaket. Før det vert gjort utbetring med tiltaket, ber me om at byggesøknad vert sendt Samnanger kommune.

Vi gjer me merksam på at den nye muren er bygd inn på naboeigedom.

Samnanger kommune anser seg ferdig med saka, og vidare saksgang må gå mellom partane.

Med helsing

Kenth P. Opheim
Teknisk sjef

Kopi sendt Helge Åsheim



SAMNANGER KOMMUNE
Eining for teknisk fovaltning

VEDLEGG 14-1

Øyvind Grindheim
Strindavegen 3
5515 HAUGESUND

Vår referanse:
14/969/16/3633/TEK/KPO

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
03.05.2016

PÅLEGG OM UTBEDRING AV MUR

Samanger kommune syner til tidlegare pålegg om utbetring av mur for overnemnde eigedom samt brev sendt Dykk 17.11.15.

Då me ikkje kan sjå at me har motteke byggesøknad for tiltaket, ber vi om et møte med Dykk snarast med tanke på korleis De har tenkt å utbetre muren. Samstundes vurderer me å varsle eit tilsyn på tiltaket.

Møtedato: fredag 13.05.15 kl.09.00.

Med helsing

Kenth P. Opheim
Teknisk sjef

NORCERT

Vidar Grindheim, Gml Dalavn 96, 5600 Norheimsund

Samnanger kommune

5650 TYSSE

Dato, 10 mai. 2016

REPARASJON AV MUR I GANGVEG, TYSSE

Syner til gjeldande sak og tilbod om utføring av reparasjon av utrast steinmur.
og vedk innkalling til møte den 13 mai 2016

Vegen det gjeld er av gamal dato, og er etablert etterkvart som felles gangveg til fleire eigedomar.

Vegen er bygd for hest og kjerre, og held ikkje krav til moderne veg for motorisert ferdsle.

Muren er sett opp på ny, i tråd med avtale om , og tilbod på reparasjon. Det vart ikkje sett noko krav i tilbod om utføring. Det er heller ikkje ein ny, men ein eksisterande mur til restaurering.

Dersom det er trong for byggjemelding, må ein sjå heile vegen under eitt som ei ny og omfattande vøle for ei lengre strekning. Det er eit heilt anna prosjekt.

Kommunen har tildelt oppdrag med delt ansvar. Det gjenstår enno å planera vegen, fylla i skråninga og leggja grus på vegen, samt setja ned eit gjerde der muren er høgast.

NORCERT kan tilby å utføra resterande arbeid for det totale tilbodet som vart gjeve, på kr 70.000 + mva. Samnanger kommune er fakturert halvparten til no. Dersom dette er ynskjeleg, er det greitt for meg. Dersom ikkje, er det opp til kommunen å ta sin resterande del, som vart tilbode.

Det er nok ei krevjande oppgåve å finna formelt ansvarleg for skaden, som mest sannsynleg skuldast gravearbeid i si tid. Steinar låg i mange ulike vinklar inn i vegen, og desse er no retta opp og lagt lagvis mot støttande sikringsmur på fjell.

Eg meiner at det som er utført er som ei vøle, og ikkje ny mur med byggjemelding.

Det er råd å synfara området.

Med helsing, **Vidar Grindheim**



Øyvind Grindheim
Strindavegen 3
5515 HAUGESUND

Vår referanse:
14/969/16/4043/TEK/NF

Arkivkode:
GBNR-27/14,19

Dykkar referanse:

Dato:
26.05.2016

SIKRING AV MUR GBNR 27/19-INDRE TYSSE

Det vert vist til utrasing av mur på gbnr. 27/19.

Pålegg om sikring av mur vart sendt grunneiger Øyvind Grindheim den 08.12.2014. Synar til brev frå Norcert, mottatt den 03.05. 2016. For orden skyld gjer vi merksam på at Norcert ikkje er part i saka, og at vidare dialog vert retta til grunneigar Øyvind Grindheim.

I samband med synfaring på gbnr. 27/19, den 05.12.2014, vart det konstatert at muren er i ein tilstand som kan forårsake utrasing av gangveg. Utrasing av gangveg kan medføre fare for person eller naboeigedom.

I plan- og bygningslova § 31-3 står det følgjande:

"Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene. Blir plikten ikke overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting."

Det har vore gravd i vegen bak muren med gravemaskin minst ein gong i samband med legging av VA-leidningar og/eller høgspenteledning. Bergen Lysverker har blant anna lagt ned høgspenteledning. Det ligg ingen kommunale leidningar i vegen her.

Det medfører større kostnader med å reparere muren når det ligg VA-leidningar og høgspenkabel bak denne; sett i forhold til om dette ikkje hadde lagt her.

Kommunen vedtak å delfinansiere riving og oppattbygging av mur på gbnr. 27/19 med kr. 35 000,- eks. mva.

Pålegg om utbedring av mur vart sendt grunneiger på nytt den 03.05.2016, der ein synar til tidlegare pålegg og at kommunen ikkje har mottatt byggesøknad for sikring av mur.

Viser til mottatt brev datert 3. mai 2016: Sitat: *"Muren er sett opp på ny, i tråd med avtale om, og tilbod på reparasjon. Det vart ikkje sett noko krav i tilbod om utføring. Det er heller ikkje ein ny, men ein eksisterande mur til restaurering.*

Sitat vidare: *"Kommunen har tildelt oppdrag med delt ansvar. Det gjenstår enno å planera vegen, fylla i skråninga og leggja grus på vegen, samt setja ned eit gjerde der muren er høgast. NORCERT kan tilby å utføra resterande arbeid for det totale tilbodet som vart gjeve,*

på kr 70.000 + mva. Samnanger kommune er fakturert halvparten til no. Dersom dette er ynskjeleg, er det greitt for meg. Dersom ikkje, er det opp til kommunen å ta sin resterande del, som vart tilbode ”.

